



Statsforvaltaren i Vestland



Sjøfuglane i Sogn og Fjordane

Hekkebestandar i sjøfuglreservata

2014-2020

Statsforvaltaren i Vestland	Rapport miljøvernnavdelinga nr. 2-2021
Tittel Sjøfuglane i Sogn og Fjordane. Hekkebestandar i sjøfuglreservata 2014-2020	ISBN 978-82-93792-05-5
Forfattar Tore Larsen	Dato November 2021
Finansiering Fylkesmannen i Sogn og Fjordane/Statsforvaltaren i Vestland og Statens Naturoppsyn	Emneord Naturvern, økologi, zoologi, sjøfugl, sjøfuglreservat
Samandrag I åra like etter hundreårsskiftet braut viktige fiskebestandar saman i Nordsjøen som følgje av overfiske. I ettertid har truleg også temperaturauke verka negativt inn på økosystemet, og dette har fått langvarige negative verknader for sjøfuglbestandane rundt heile Nordsjøen. Eit overvakingsprogram for sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane blei sett i verk i 2004 av Fylkesmannen og Statens naturoppsyn, med årlege tellingar av hekkande sjøfuglar. Etter at det no er gjennomført 16 tellesesongar over 18 år kan vi konkludere med at hekkebestandane av sjøfuglar i Sogn og Fjordane har gått sterkt tilbake, og at dei faktorane som påverkar hekkebestandane ser ut til å halde seg stabile over tid. Frå hundreårsskiftet og fram til no har den samla hekkebestanden i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane (minus lundefugl) lagt på eit snitt rundt 2500 par, mot 13 000 par på 1980- og 90-talet. Det vil seie at sjøfuglane har etablert seg på eit relativt stabilt nivå som er drygt 80 % lågare enn hekkebestandane før samanbrotet. For lundefugl har utviklinga vore litt meir uklår, men situasjonen er nokolunde den same. Andre delar av Vestlandet har vore gjennom ei liknande utvikling, og den einaste moglege forklaringa på ein så brå og geografisk omfattande nedgang er næringsmangel. Den direkte årsaka er nok at innsiget av yngel og småfisk med kyststraumen har blitt vesentleg mindre. Tilbakegangen har i same periode vore formidabel også for nokre ikkje-fiskespisande artar. Hekkebestanden av ærfugl i sjøfuglreservata er t.d. redusert med 87 % sidan 1995, og på grunn av matmangel for måsar og andre har predasjonen på ærfuglungar vore så stor at den lokale rekrutteringa truleg er nær null. Ærfuglane dør etter alt å døme av alderdom utan å ha fått etterkomrarar på vengene. Ser vi nærmare på dei enkelte artane, finn vi at alle har hatt ei negativ utvikling mellom 1995 og 2020. Hekkebestanden er redusert med mindre enn 25 % for éin art (teist, som var sterkt redusert allereie i 95), mens to har gått tilbake mellom 25 og 50 % (tjuvjo og lomvi), ti har gått tilbake mellom 50 og 90 % (toppskarv, ærfugl, fiskemåse, svartbak, gråmåse, sildemåse, raudnebbterne, makrellterne, alke og lunde), og to har gått tilbake med meir enn 90 % i same periode (havhest og krykkje). Teljingane omfattar også to artar som normalt ikkje reknast blant sjøfuglane; grågås (tilbake mellom 50 og 90 %) og tjeld (tilbake mellom 25 og 50 %). Situasjonen for sjøfuglane i Sogn og Fjordane var i store trekk den same i 2020 som ved den førre samla rapporteringa av tilstanden i 2013.	
Referanse Larsen, T. 2021. <i>Sjøfuglane i Sogn og Fjordane. Hekkebestandar i sjøfuglreservata 2014-2020.</i> Statsforvaltaren i Vestland, miljøvernnavdelinga, rapport 2-2021.	

Framsida: Nokre av dei nesten 3000 unge (ikkje hekkande) krykkjene som blei registrert i sjøfuglreservata i 2019. Hekkebestanden av krykkje på Vestlandet nærmar seg nullpunktet, så truleg var det innsiget av havsil dette året som lokka til seg krykkjer frå andre delar av landet. Foto Tore Larsen

Innhald

Innleiing	4
Samandrag	6
Sjøfuglreservat i Vestland fylke og i Sogn og Fjordane	9
Tellemetodikk	10
Litt meir om metodikk brukt ved telling av ulike artar	12
Framstilling av aggregerte data frå tellingane	14
Telleresultat frå dei undersøkte områda	15
Forklaring til tabellane	15
Individ, par, hekkande par eller reir?	16
Observasjonar av sjøpattedyr	151
Artsgjennomgang	153
Havhest	155
Toppskarv	156
Grågås	160
Ærfugl	163
Tjeld	166
Tjuvjo	167
Svartbak	168
Gråmåse	170
Sildemåse	173
Fiskemåse	176
Krykkje	177
Raudnebbterne og makrellterne	181
Alke	183
Lomvi	185
Lunde	187
Teist	190
Lange linjer i bestandsutviklinga i Sogn og Fjordane	192
Er 1990-talet eit naturleg samanlikningsgrunnlag?	192
Hekkebestandane har stabilisert seg på eit lågt nivå	193
Moglege årsaker til tilbakegangen og den manglende gjenoppbygginga	194
Litteratur	196



Alle biletene i rapporten er tatt av Tore Larsen, om ikkje anna er oppgitt

Innleiing

Denne rapporten er ei oppfølging av «*Sjøfuglane i Sogn og Fjordane. Ti års bestandstellingar 2004-2013*» (Larsen 2014), og dekker perioden 2014-2020.

Dei årlege tellingane av hekkande fuglar i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane blei starta opp som følgje av meldingar om funn av daude lundefuglungar i sjøen og manglande hekking hos fleire andre sjøfuglar sommaren 2003. Dette var like etter at Statens naturoppsyn hadde etablert eit kystkontor i Florø, og i 2004 blei tilstanden i sjøfuglreservata undersøkt av SNO og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Larsen 2005). Det viste seg at hekkebestandane av sjøfuglar i fylket hadde nådd eit historisk lågmål utan sidestykke.

Sjøfuglbestandane i Sogn og Fjordane hadde tidlegare blitt kartlagt gjennom undersøkingar av Brun (1973), Johansen og Ervik (1977) og Gunnar Godø. Sistnemnte hadde gjennomført tellingar av hekkande sjøfugl i 1978 og 1979, og vidareførte arbeidet med ytterlegare tellingar i 1982, 83 og 84 for å få eit godt grunnlag for ein verneplan for sjøfugl i Sogn og Fjordane. Vernevedtaket kom i 1993, og Godø følgde opp med bestandstellingar i sjøfuglreservata også i 1994, 1995 og 2000. Det låg såleis føre eit relativt stort materiale som resultata fra tellingane i 2004 kunne samanliknast med.

Det viste seg også at kollapsen ikkje var ein lokal episode, men at det var mislukka hekking og bortimot null reproduksjon ikkje berre langs kysten av Vest- og Sørlandet, men rundt heile Nordsjøen. Det var derfor svært ønskeleg å følgje opp med nye tellingar for å studere utviklinga i åra som kom.

SNO og Fylkesmannen startar årlege tellingar

Mangelen på eit lokalt ornitologisk miljø som kunne dra ut i båt på kort varsel når tilhøva var gode nok i den beste tida for hekkefugltelling, førte til at Fylkesmannen og SNO raskt fann ut at det mest effektive ville vere å ta hand om tellingane på eiga hand. I Sogn og Fjordane omfattar verneplanen for sjøfugl så godt som alle dei

viktigaste hekkeplassane i fylket, og forvaltinga får gjennom tellingane førstehands innsyn i tilstanden i verneområda.

SNO Kyst i Florø har stilt med båt heile perioden; frå 2004 til og med 2014 med Tore Gundersen som båtførar, og Stig Inge Hauge i perioden frå 2016 til 2020 (Einar Vereide i delar av 2020). Frå Fylkesmannen har Tore Larsen gjennomført alle tellingane frå starten av, for å få mest mogleg standardiserte og samanliknbare data. Resultata frå tellingane dei første åra blei stort sett publisert i årlege rapportar i Fylkesmannen si rapportserie, og i januar 2014 blei det gitt ut ein samlerapport med gjennomgang av data frå dei ti sesongane 2004-2013 (Larsen 2014).

I hekkesesongen 2014 blei det prøvd ut eit opplegg med tellingar berre i eit avgrensa utval sjøfuglreservat, men det viste seg at forflytting mellom dei ulike reservata er den faktoren som tar mest tid, og den avgrensa tellerunden tok nesten like mye tid som ei bortimot komplett telling. Det blei derfor satsa på å halde fram med mest mogleg heildekkande tellingar i åra som kom.

Vanskeleg vær og lange linjer

Men i 2015 blei det ingen telling i det heile, fordi SNO-båten ikkje var tilgjengeleg, og i åra etter følgde sesong på sesong med ulike problem: Regn og vind gjorde at tellerundane stadig måtte avbrytast, og mange av dei viktigaste hekkeområda ytst på kysten let seg enkelte år ikkje telle opp. I 2021 var det samanhengande regn og vind i heile telleperioden, og telling let seg ikkje gjennomføre. Tekniske problem har også no og då sett hindringar i vegen for å bruke SNO-båten i dei få, kritiske dagane på forsommaren da tellingane må skje.

På grunn av ufullstendige data i fleire enkeltsesongar har det ikkje blitt laga årlege rapportar etter 2013. Denne rapporten prøver derfor å summere opp dei lange linjene i utviklinga, i tillegg til å presentere data frå dei enkelte sjøfuglreservata.



Gode forhold for sjøfugltelling, juni 2007.



Venstre: Tore Gundersen ved roret i SNO-båten "Albatross" under vanskelege tilhøve vest av Utvær fyr i 2007.
Høgre: «Albatross» i betre vér, 4. juni 2007.



«Lomvi» med Stig Inge Hauge bak roret, 14. juni 2016.

Takk

...til alle som på kvar sitt vis har bidratt til gjennomføringa av tellingane gjennom alle desse åra, og gjort eit krevande arbeid mogleg ved å stille opp på kort varsel - og som har stått på med det som absolutt må kunne definerast som fleksibel arbeidstid. Tore Gundersen, Stig Inge Hauge og Einar Vereide har ført SNO-båten med stødig hand og med vakent blikk for sjøfuglar, og har seg imellom gjennomført nær tusen ilandsettingar og ombordhentingar utan annan dramatikk enn eit par våte sko. Feltmedarbeidarane som har vore med gjennom mange av sesongane er lista opp på side 13, og fortener stor takk både for stødig telling når det har blitt mange artar og individ å halde styr på, og for triveleg lag på land og i båt. Ein takk også til Svein-Håkon Lorentsen i NINA for lynkurs i indeksrekning.


Samandrag

Bortimot årlege sjøfugltellingar i Sogn og Fjordane gjennom dei siste 18 åra viser hekkebestandar som har etablert seg på eit historisk lågt nivå. Berre artar som allereie var sterkt reduserte før desse tellingane kom i gang, er på same nivå i dag som før hundreårrskiftet. For dei fleste sjøfuglartane kom kollapsen truleg ein gang mellom 2001 og 2003. På same tid skjedde eit samanbrot i bestandane av fleire fiskeslag i Nordsjøen, både nøkkelartar i økosystemet som tungt overfiska "industrifisk", og artar som beitar på desse og som i sine yngste årsklassar er mat for sjøfuglane.

Sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane blei oppretta i 1993. Gunnar Godø si fylkesdekkande sjøfugltelling i 1994/95 er brukt som "fasit" for å samanlikne tilstanden for sjøfuglane i Sogn og Fjordane no med tilstanden ved vernetidspunktet. Etter sjøfuglkollapsen ved hundreårrskiftet er den samla hekkebestanden i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane **redusert frå om lag 25 000 par i 1995 til om lag 6500 par i 2020**. Dette er ein tilbakegang på 74 %. Talet reknar berre med artar som hentar næringa si frå dei opne vassmassane (i praksis fisk og pelagiske krepsdyr), slik at vade- og andefuglar ikkje er med.

Situasjonen for dei mange artane av sjøfuglar druknar meir eller mindre i tala for lundefugl, som med to koloniar i nord er den suverent mest talrike sjøfuglen i Sogn og Fjordane og Vestland fylke. Ser vi bort frå lundefuglen for å få dei andre sjøfuglartane betre fram, er samla hekkebestand i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane **redusert frå om lag 13 000 par i 1995 til om lag 2400 i 2020**; ein tilbakegang på godt over 80 %.

Artsoversikta under viser bestandsutviklinga i sjøfuglreservata frå 1995 til 2020. Alle artar har hatt ei negativ utvikling i perioden, og ser vi nærmare på dei enkelte, finn vi følgjande: Av dei 15 artane/artsgruppene var hekkebestanden i 2020 redusert med mindre enn 25 % for éin art (teist, som var sterkt redusert allereie i 95), mens to har gått tilbake mellom 25 og 50 % (tjuvjo og lomvi), ti har gått tilbake mellom 50 og 90 % (toppskarv, ærfugl, fiskemåse, svartbak, gråmåse, sildemåse, raudnebbterne, makrellterne, alke og lunde), og to har gått tilbake med meir enn 90 % i same periode (havhest og krykkje). Teljingane omfattar også to artar som normalt ikkje reknast blant sjøfuglane; grågås (tilbake mellom 50 og 90 %) og tjeld (tilbake mellom 25 og 50 %).



Havhest hekkar ikkje lenger i Sogn og Fjordane. Arten har alltid vore fåtallig i fylket, og det siste paret hekka i Stallbrekka i 2013.
Endring i hekkebestand 1995-2020: - 100 %




Hekkebestanden av **toppskarv** er svak, med ein tydeleg nedgang dei siste åra. Hekkebestanden er meir enn halvert berre sidan 2010, så utviklinga gir grunn til uro. Til forskjell frå dei fleste andre sjøfuglartane er truleg lokale faktorar ved hekkeplassane viktige for den generelle tilbakegangen i fylket sidan 90-talet. Arten er følsam for taretråling og forstyrningar ved hekkeplassane.
Endring i hekkebestand 1995-2019: - 89 %



Grågåsa er vanskeleg å telje, og følgjeleg varierer tala ein del frå år til år. Individtalet auka likevel jamt og trutt frå beskjedne tal tidleg på 80-talet til ein topp mellom 2005 og 2010, da det var store flokkar mytande gås, men dei siste åra viser tellingane sterkt minkande tal. Talet på registrert hekkande par har heile tida vore lite samanlikna med individtalet, men prosentvis er nedgangen for begge grupper ganske lik, rundt - **60 %**



Ærfuglen har ein ekstremt liten hekkebestand i Sogn og Fjordane. Dersom Godø (2000) sitt overslag på 10 000 hekkande par i heile fylket (ikkje berre sjøfuglreservata) er rett, må hekkebestanden vere redusert med minst 95%. Også talet på individ som flokkar seg før myting har gått sterkt ned dei siste åra, kanskje eit utsLAG av at arten knapt får fram ungar. Endring i hekkebestand 1995-2020: - **87 %**



Tjeld hekkar jamt spreidd langs det meste av kysten, frå ytre skjergard til inst i fjordane. Våre tellingar viser ein lågare hekkebestand enn før hundreårsskiftet, og truleg har bestanden gått litt ned. Den held seg likevel relativt jamn, og har ikkje minka jamt og trutt slik tilfellet er for dei fiskespisande fugleartane. Endring i hekkebestand 1995-2020: - **37 %**



Tjuvjo kan trass i minimal bestand over lang tid enno ikkje avskrivast heilt som hekcefugl i Sogn og Fjordane. Men det er langt fram til tilhøva på 80-talet, med tjue gonger så mange individ, og ein hekkebestand kan vi knapt seie at vi har. Endring i hekkebestand 1995-2020: - **50 %**



Svartbaken er blant dei artane som såg ut til å kunne klare seg relativt bra etter næringskollapsen i Nordsjøen, men dei siste åra har også denne arten vore i klar nedgang. Hekkebestanden er no ein firedel av det den var i 1995. Endring i hekkebestand 1995-2020: - **77 %**



Gråmåsen reagerte meir negativt på næringsmangelen i 2004 enn dei andre måseartane. Dei siste tiåra har hekkebestanden utvikla seg i rykk og napp, men med ny, jamn nedgang etter 2013. Hekkebestanden er for tida berre om lag ein tidel av det den var i 1995. Endring i hekkebestand 1995-2020: - **89 %**



Sildemåsen er for tida å finne i rundt 10 koloniar i sjøfuglreservata. Hekkebestanden var også for denne arten på sitt lågaste like etter hundreårsskiftet, men ulikt dei andre sjøfuglane har bestanden vore i relativt jamn (men svært langsam) vekst i tiåra etter. Hekkebestanden er no truleg ein tredel av det den var i 1995, men mangelfulle data kan tenkast å kamuflere ei meir positiv utvikling. Endring i hekkebestand 1995-2020: - **68 %**



Fiskemåsen har ein stabil, men liten hekkebestand. Tilbakegangen starta tidlegare enn for dei fleste andre artar, og hekkebestanden på kysten var lenge mindre enn innover i landet. I dag ser situasjonen dårlig ut i heile Sogn og Fjordane, og den største registrerte kolonien i sjøfuglreservata i 2020 hadde berre 32 hekkande par. Endring i hekkebestand 1995-2020: - **63 %**



Krykkja skil seg frå dei andre sjøfuglane i fylket ved at den *ikkje* lenger er å finne hekkande i sjøfuglreservata. Den hekka i 2020 berre tre stader i fylket, to av dei i hamneområde. Krykkja er framleis i ein ustabil nedgangsfase i Sogn og Fjordane, og heile Nordsjøbestanden av arten kan i prinsippet forsvinne når som helst. Hekkebestanden i fylket under eitt var i 2020 om lag 140 par. Sjøfuglreservata: Endring 1995-2020: - **100 %**
Heile fylket: Endring 1995-2020: - **93 %**



Ternene (raudnebbterne og makrellterne) var i nokre år heilt borte frå kysten av Sogn og Fjordane, etter ein rask nedgang som begynte tidleg på 90-talet. I 2007 blei ternar for første gang i dette hundreåret funne hekkande ved den ytre kyststripa, men dette var berre eit kortvarig blaff. Først i den siste tiårsperioden har hekkebestanden auka, men berre i rykk og napp. Endring i hekkebestand 1995-2020: - **72 %**



Alke har ein liten hekkebestand, og utviklinga gjennom delar av dei siste tiåra er usikker. Telle-metodikken vår er därleg tilpassa alkefuglane, men resultata tyda likevel lenge på nedgang eit stykke inn i det nye hundreåret. Dei siste åra har det derimot vore teikn til auke for både alke og lomvi.

Endring i hekkebestand 1995-2020: - 52 %



Lomvien har som alken auka dei siste åra, men tala er usikre av same grunn som for alke: Därleg tilpassa teljemetodikk kombinert med liten bestand kan gi store tilfeldige utslag, og tilsynelatande dobling/halvering av talet på registrerte individ er tidlegare registrert frå eitt år til det neste. Uansett er det likevel slik at talet på lomvi ved Veststeinen (eitt av to hekke-område i Sogn og Fjordane) både i 2019 og 2020 var det største registrerte sidan 1980-talet.

Endring i hekkebestand 1995-2020: - 45 %



Lundefuglen er den mest talrike sjøfuglen i Sogn og Fjordane, men berre den eine av dei to noverande koloniane er mogleg å telle opp nokolunde sikkert. Tala derifrå har lenge vore stabile, men dei siste åra har fleire reirgangar enn før stått ubrukta. Kolonien dekkjer dessutan truleg eit mindre landareal no enn før, slik at tala våre truleg er litt overvurderte. Lundefuglane på Einevarden og Veststeinen utgjer no i praksis heile Nordsjøbestanden av arten.

Endring i hekkebestand 1995-2020: - 68 %



Hekkebestanden av **teist** bratt saman på slutten av 80-talet, og har vore liten sidan. Den har likevel halde seg relativt stabil, men med ein negativ trend dei aller siste åra. Bestandstala er usikre og har variert litt opp og ned, men har aldri vore i nærleiken av tilstanden på 80-talet. Den langsiktige utviklinga er utan tvil synkande. Teisten fiskar i hovudsak i tareskog, og er dermed følsam for taretråling.

Endring i hekkebestand 1995-2020: - 14 %

Den førre oversikta over bestandsutvikling for sjøfuglane i Sogn og Fjordane kom etter hekkesesongen 2013 (Larsen 2014). Det kan derfor vere interessant å sjå nærmere på korleis uviklinga har vore i åra etter dette. Også i 2013 talte vi opp alle dei **38 sjøfuglreservata** (sjå tabellen på side 154) som utgjer grunnlaget for bestands-vurderingane ovanfor, og dei same områda er derfor lagt til grunn her (med unntak for dei artane der vi har kontroll over alle hekkeplassar, dvs. havhest, toppskarv, krykkje, alke, lomvi og lunde. For teist er også talet på lokalitetar litt høgare). Tala viser **hekkande par**, med unntak for teist der tal individ er brukt:

	2013	2020	Endring
Havhest	1	0	- 100 %
Toppskarv	242	107	- 56 %
Ærfugl	32	26	- 19 %
Tjeld	86	105	+ 22 %
Tjuvjo	2	2	0 %
Svartbak	467	237	- 49 %
Gråmåse	816	509	- 38 %
Sildemåse	187	167	- 11 %
Fiskemåse	259	203	- 22 %
Krykkje	215	0	- 100 %
Terner	33	85	+ 158 %
Alke	90?	220	+ 144 %
Lomvi	90?	395	+ 339 %
Lunde	4900	3850	- 21 %
Teist (individ)	96	55	- 43 %

«Terner» er her ein samlepost for makrellterne og raudnebbterne. Om vi vurderer dei to ternene kvar for seg, har fem artar gått fram etter 2013, ein er stabil (på eit ekstremt lågt nivå), og ti har gått tilbake. To av dei siste har forsvunne heilt frå sjøfuglreservata.

Sjøfuglreservat i Vestland fylke og i Sogn og Fjordane

Frå 1.1.2020 blei Sogn og Fjordane og Hordaland slått saman til Vestland fylke. Dei to delane av det nye fylket er ganske ulike som sjøfuglområde, noko som kanskje best kan illustrerast ved å samanlikne sjøfuglreservata i dei to tidlegare fylka:

Målet med verneplanen for sjøfugl i Hordaland var å beskytte alle kjente sjøfuglkoloniar av ein viss storleik eller med spesielle funksjonar, og verneobjekta blei i stor grad enkeltholmar. For mange sjøfuglar er nok Hordaland viktigare som vinterområde enn som hekkeområde, og eit fleirtal av dei verna holmane var hekkeplass for terner. Dei 69 sjøfuglreservata i Hordaland utgjer eit samla areal på **10,05 km²**.

I Sogn og Fjordane dekkjer 57 sjøfuglreservat eit mye større areal, totalt **121,69 km²**. Her blei det brukt ei anna tilnærming til sjøfuglvernet. Det blei verna større sjøområde med mange øyer, holmar og skjer for å sikre viktige næringsområde i tillegg til hekkeplassane. Det meir omfattande vernet speglar at sjøfuglfaunaen i nord var rikare og meir variert enn i sør, og omfatta alt frå fuglefjell til terneholmar. Målet med verneplanen i Sogn og Fjordane var å verne dei største og viktigaste hekkeplassane for sjøfugl generelt, og *alle* kjente hekkeplassar for eit utval artar, som toppskarv og alkefuglar.

Mens det største sjøfuglreservatet i Hordaland er på 1,13 km², finst det i Sogn og Fjordane 14 reservat som er større enn 1 km². Dei største er Indrevær i Solund med 22,96 km², Ytterøyane i Kinn med 17,01 km², Gåsvær i Solund med 15,23 km², Frøyskjæra i Bremanger med 11,92 km² og Utvær i Solund med 11,73 km². Dei store areaala betyr at vernet omfattar fleire store grunntområde med tareskog, som er viktige næringsområde, men det skjer likevel taretråling i fleire av dei. Meir enn 90 % av sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane er sjøareal, men samtidig er truleg meir enn 1000 øyer, holmar og skjer verna.

Dei store sjøareaala, og dels også dei markerte forskjellane mellom dei to tidlegare fylka, har ført til at sjøfugltellingane i Vestland har halde fram som tidlegare, med separate tellingar i nord og sør .

Kartet viser sjøfuglreservat og andre verna område på kysten av Sogn og Fjordane med raud farge. Av dei 57 sjøfuglreservata i fylket er 55 vist på kartet (dei to siste ligg inne i Sognefjorden). I tillegg ligg det 7 marine våtmarksreservat langs kysten. Av desse har 4 blitt talt opp ein eller fleire gonger etter hundreårsskiftet.



Tellemetodikk

Målet med sjøfugtellingane i Sogn og Fjordane er å samle data om hekkebestandane i sjøfuglreservata. **Hekkebestand** er definert som den delen av bestanden som etablerer seg med ferdigbygd reir.

Tidspunkt

For å få eit best mogleg inntrykk av hekkebestandane bør tellingane gjennomførast i første del av rugetida. Dessverre legg ikkje alle sjøfuglar egg på same tid, og allereie her støyter vi på metodiske problem: I praksis har vi berre ei arbeidsveke på oss til å gjennomføre tellingane, og sjølv om vi i prinsippet kan fordele desse dagane kvar for seg over ein lengre periode, er dette sjeldan praktisk mogleg fordi mye av tida da vil gå med til transportetappar.

Når (eller dersom) været blir bra, har det stadig vist seg at det beste er å bruke periodar med gunstig vær så effektivt som mogleg, og stå på for fullt så lenge det varer. Å vente på dei seinhekkanande artane kan fort straffe seg ved at været endrar seg, og gjer telling umogleg. Kvar sesong blir derfor tellingane sett i gang så snart det blir brukbart vær i juni. Da treff vi som regel den beste delen av sesongen for å få brukbare tal for flest artar. For tideleghekkande artar som svartbak kan dette rett nok allereie vere etter klekking, mens det for dei seinast hekkande artane som raudnebbterne og makrellterne framleis kan vere tidleg i eggleggingsperioden.

Det beste tidspunktet for tellingar i Sogn og Fjordane er truleg mellom 5. og 15. juni, dersom utgangspunktet er å telle så mange artar som mogleg i løpet av eit avgrensa tidsvindauge. Dette, saman med at vi ideelt sett bør telle opp så mange som mogleg av dei 57 sjøfuglreservata for å få oversikt over hekkebestandar i ulike regionar, eventuelle forflyttingar innan regionar, og så detaljerte opplysningar som mogleg om utviklinga av sterkt reduserte bestandar, gir berre tid til éi telling i kvart reservat.

Etter retningslinjene i takseringsmanualane frå Norsk Institutt for Naturforskning (Lorentsen 1989, Folkestad og Lorentsen 2011) er tellingane godt avpassa i tid til havhest, toppskarv, sildemåse, fiskemåse, krykkje, makrellterne og raudnebbterne, rimeleg bra tilpassa gråmåse, svartbak, lomvi og lunde, men mindre bra tilpassa ærfugl og teist. Lokalt ser vi likevel at tellingane våre ofte er for tidlege til å få gode data om talet på hekkande par av dei to terneartane.

Praktisk gjennomføring

Som det går fram av førre kapittel, vil ein ved å telle opp sjøfuglreservata også telle det aller meste av hekkande sjøfugl i Sogn og Fjordane. Fordi vi må dekke mange

lokalitetar på avgrensa tid, blir tellingane i utgangspunktet gjort frå båt. Ilandstiging og reirtelling er tidkrevjande arbeid, og for å rekke å telle opp reservata på nokolunde same stadium i hekketida og mens det framleis er eigna værtihøve, er det nødvendig å avgrense tidsbruken. Ilandstiging blir derfor først og fremst gjort berre når telling frå båt erfaringmessig ikkje gir eit godt resultat. I Sogn og Fjordane gjeld dette særleg for artane toppskarv og teist, som hekkar skjult i bergsprekker og ur. Vidare er det nødvendig å gå i land på enkelte store, flate øyer og bratte holmar for å få oversyn over måsefuglkoloniar.

Dei fleste småøyar, holmar og skjer let seg likevel telle opp med akseptable feilmarginar når observasjonane blir gjort frå båt som kan ta seg inn over grunnene og sjekke koloniane frå fleire kantar. Dette har i stor grad blitt stadfesta ved kontrollsjekk gjennom ilandstiging på enkelte lokalitetar.

Statens naturoppsyn sine båtar gjer det lett å observere og notere underveis. Under tellingane sit ein eller to observatørar på eit toppdekk med observasjonshøgd ca. 3,5 meter, mens båtføraren held auge med farvatnet på instrumenta i kabinen. Ein observatør noterer observasjonane inn på kart (for å unngå dobbeltelling, og for å identifisere dei viktigaste hekkeområda) mens båten går for sakta fart gjennom reservatet. Kvar større holme blir runda ein gong, evt. rundar ein grupper av holmar og skjer dersom farvatnet er svært grunt. Alle artar blir talte opp, med unntak av små sporvefuglar, og følgjande blir notert så langt tilhøva tillét det:

- **Alle artar:** **Tal individ**
Tal antatt rugande individ
(tal reir, ved ilandstiging)
- **Tillegg for ærfugl:** **Tal individ av kvart kjønn**
Tal ungekull, og tal ungar i kvart kull
- **Tillegg for grågås:** **Talet på ungekull, og tal ungar i kvart kull**

Observatørane noterer det dei konkret ser, og i ettertid blir det gjort eit estimat av talet på hekkande par ut frå det som er notert om tal rugande fuglar, korleis fuglane er fordelt i området, og andre relevante faktorar.

Tidlegare tellingar gjennomført av Godø i 1982, 1983 og 1984 blei i svært stor grad basert på telling av *reir* ved ilandstiging, og er i tråd med takseringsmanualen til NINA. Tellingane i 1994/95 og 2000 blei gjort på kortare tid og dels under vanskelege værtihøve, og i rapportane frå dei åra er det som regel talet på «par» som er oppgitt. Det er litt uklårt kva som der meinast med par, og det kan vere at talet er rekna ut ved å dele det totale



Statens Naturoppsy sin båt blir brukt under tellingane. SNO-båtane er svært anvendelege, og gjer det lett å kome seg på land der telling frå båt ikkje er tilstrekkeleg.

Telling på land er nødvendig for nokre artar og på høge eller uoversiktlege holmar. På biletet under studerer Idun Kjoberg to havørnunar under telling av skarvereir i 2019.



individtalet på to. Dette svarer berre til «hekkande par» dersom alle fuglane faktisk hekka, og dersom dei brukte minimalt med tid på næringssök borte frå kolonien. Det var stort sett rikeleg næringstilgang i desse åra, men likevel gir nok metoden ei overvurdering dersom tala blir tolka direkte som hekkande par. Sjå meir detaljar om dette på side 16.

Med 57 sjøfuglreservat spreidde over heile fylket er det vanskeleg å kome over alle på tilfredsstillande vis, og derfor har vi i stor grad sløyfa dei reservata som ligg isolert og langt unna alle andre (fire reservat lengst inne i fjordane).

Litt meir om metodikk brukt ved telling av ulike artar



Havhest: Tellast frå båt, da hekkeplassane er i utilgjengelege fuglefjell. Fuglar som ligg på berghyller eigna som reirplass, anten enkeltvis eller i par, blir rekna som hekkande.



Toppskarv: For denne arten blir det gjennomført søk i hekkelokalitetane på land, der reir av året blir talt opp og produksjonen notert der det er mogleg. På dei fleste hekkeplassane kan det observerte talet på reir reknast som ganske nær det reelle. Nokre av koloniane nord i fylket er utilgjengelege; her må talet på reir vurderast ut frå flyaktivitet til og frå hekkeplassane.



Ærfugl: Ein bra måte å vurdere talet på hekkande "par" skal vere å telle hannfuglar ved hekkelokalitet like før hoene går på land for å hekke (Lorentsen 1989). Våre junitellingar skjer for seint til dette, og vi må derfor vurdere talet på rugande fuglar lauseleg ut frå observasjonar av både hann- og hofuglar ved hekkeplassane, og talet på reir vi kjem over ved ilandstiging. Vurderingane blir dermed usikre. I 2009 gjennomførte vi telling av ærfugl i 22 reservat midt i mai for å samanlikne resultata med junitellingane, utan at resultata blei særleg ulike. Det er truleg likevel mange og store feilkjelder her.



Måsar: Hekkebestanden bør ideelt sett vurderast ut frå reirtelling på land, men dette er ein tidkrevjande prosess med dei mange hekkeplassane i fylket, og som ei nest beste løysing tel vi opp hekkeplassane frå båt med kikkert, på ein avstand som er lang nok til at rugande fuglar ikkje reiser seg og forlét reiret. Både rugande og ikkje-rugande fuglar blir talte, og ved vurdering av talet på hekkande par blir det tatt omsyn til om det finst større grupper av truleg ikkje-hekkande individ på kvileplassar, at ein viss del av dei rugande fuglane ikkje er synlege frå båten, og til åtferd når vi kjem nærmare inn mot land (om fuglane varslar og er aggressive).

Enkelte stikkprøver blir gjort i form av ilandstiging for å sjekke i kva grad talet på rugande fuglar sett frå båten stemmer med talet på reir funne på land, og for å samanlikne det totale individtalet sett frå båten med totaltalet som går på vengene ved ilandstiginga. Lokalitetsspesifikk korrekjon blir vurdert ut frå alle desse momenta, og vi ser som regel at i lokalitetar med mange hekkande fuglar blir talet på *hekkande par* litt

undervurdert frå båt i høve til det vi finn ved reirtelling på land - mens i område med få reir ligg talet på rugande fuglar sett frå båt ofte nær opp til tal reir funne ved kontrolltelling på land. I år med gode tilhøve har vi funne at *totaltalet måsar* er godt korrelert med talet på reir, mens det i år med dårlige tilhøve ikkje er funne ein slik samanheng (ofte mange måsar, men få reir). Det er derfor mest krevjande å vurdere talet på hekkande par i dårlige sesongar/dårlige område.



Terner: Ternene hekkar ofte på snaua svaberg, slik at rugande fuglar kan tellast frå båt dersom ein held god avstand. Men fuglane er små og kortbeinte, og vanskelege å sjå dersom berga er ujamne. Ternekoloniar blir derfor som regel talt opp ved ilandstiging og reirtelling. Det er ofte mange gonger fleir individ enn reir på hekkeplassane.



Alke og lomvi: Standardmetodikken med gjentatte tellingar av hekkeplassar i berget over fleire dagar kan ikkje brukast med den tida vi har tilgjengeleg. Telleininga er individ på vatnet og i berget. I Godø 1982 og 1984 er både tal individ og tal par oppgitt, men i Godø 1983 og 95 er det berre oppgitt par. Forholdet mellom individ og par i Godø 1982 og 84 varierer mellom 4:1 og 2:1. Dette er litt mange individ pr. par, og skuldast kanskje at vurderinga av tal par er basert på funn av egg/rugande fuglar gjennom reirsøk i lokalitetar som er vanskeleg tilgjengelege.

Der det er gjort vurderingar av hekkebestand for å illustrere utvikling over tid, er denne uttrykt i tal par for å følgje same oppsett som for andre artar. Her er det rekna 1 par pr. observerte individ, ettersom tellinga skjer relativt tidleg i rugeperioden. Ein annan metode er å fotografere alkefuglflokkane på sjøen ved kolonien, og finne ut kor stor prosentdel alke eller lomvi utgjer av samla tal alkefugl (lunde/alke/lomvi) på biletta. Når vi ut frå reirtelling (Veststeinen) eller foto av fuglar på sjøen og i lufta (Einevarden) har rekna ut kor mange par lunde som hekkar på staden, har vi da også eit tal på alke- og lomvipar. Denne metoden kan gi meir enn eitt par alke eller lomvi pr. observerte individ, men vi reknar da likevel maks. eitt par pr. individ.



Lunde: Av dei to lundekoloniane i fylket er den på toppen av Einevarden ikkje tilgjengeleg. Vi tel derfor alle fuglane ved kolonien, på sjøen og i lufta, når vertilhøva er gode.

Metodikk frå dei britiske sjøfugltellingane (Mitchell m.fl. 2004) tilseier at eitt individ reknast som eitt aktivt reir. Andre kjelder nemner ulike omrekningsfaktorar (t.d. Cairns 1979) men peiker på at talet på individ ved kolonien varierer for mye over tid til at slike faktorar har større verdi. På grunn av usikre tellingar gjekk vi ved Veststeinen frå og med 2008 over til å telle reirgangar i bruk. Der hadde Godø (1983) tidlegare lagt ut prøvefelt i stripe nedover grasbakken, og i 2008 prøvde vi å rekonstruere desse. Dei viste seg å vere for tidkrevjande, og vi la ut seks nye prøvefelt i form av sirklar med radius 3 meter (kvar med eit areal på om lag 30 m²). Plasseringa av felta er registrert med foto og GPS. I åra etter har vi talt opp dei same seks prøvefeltene, og bruker desse som grunnlag for å rekne ut samla reirtal innanfor det 11



dekar store hekkeområdet. Interessant nok har resultata vist at i dei åra vi har vore i området når fuglane har kome samla inn frå havet, har tilhøvet mellom talte individ og utrekna hekkebestand på Veststeinen vore 0,8 (2011), 1,1 (2019) og 1,3 (2020). Ut frå dette har vi brukt forholdstalet 1:1 ved Einevarden for å rekne ut talet på hekkande par (1 obs. individ = 1 par).



Teist: Standard tellemetodikk for teist tilseier telling av vaksne fuglar på sjøen ved kolonien om morgen/formiddag eller kveld heilt i starten av hekketida. Våre tellingar blir gjennomført seinare i sesongen, i rugetida, og i mange tilfelle midt på dagen. Vår erfaring er at ved ilandstiging samlar dei lokale fuglane seg, og er lette å telle. Ettersom teisten ofte fiskar nær hekkeplassen, reknar vi ikkje med at fuglar er fråverande ved telling, men at dei returnerer i løpet av ilandstigingsperioden. Ved ilandstiging på små øyer med mye støy frå varslande måsar reknar vi med at dei fleste teistane (også dei rugande) legg seg på sjøen. Ved større øyer og der vi ikkje går i land, må vi rekne med at ein del rugande fuglar blir liggande på reiret og dermed i skjul.

Sjekk av tellefelt for lunde på Veststeinen i 2011; ein sirkel med tre meters radius med utgangspunkt i ein GPS-innmålt stein.

-- o --

Ved ilandstiging blir alle reir av året noterte, og om dei er tomme eller har innhald i form av egg eller ungar. Talet på desse blir også noterte. For å unngå at eggrøvarar nyttar høvet mens foreldrefuglane er vekke frå reiret, avgrensar vi tida på land ved så langt som mogleg å halde oss i rørsle og unngå lengre opphold i nærleiken av reir. Det blir ikkje drive ringmerking under tellingane.

Fordi tid og ressursar berre tillét éin omgang med telling i reservata kvart år, er det ikkje mogleg å vurdere hekkesuksess (talet på ungar som når ein viss alder i høve til talet på par som går til hekking), da dette krev relativt tett oppfølging av koloniane med fleire besøk utover i hekkesesongen.

Feltmedarbeidarar under sjøfugltellingane i Sogn og Fjordane 2004-2020

- 2004 Anders Voss Thingnes
- 2005 Anders Voss Thingnes
- 2007 Anders Voss Thingnes
- 2008 Anders Voss Thingnes
- 2009 Anders Voss Thingnes
- 2011 Inge Kjoberg
- 2012 Inge Kjoberg
- 2013 Inge Kjoberg
- 2014 Christian Pettersen
- 2019 Idun Kjoberg
- 2020 Idun Kjoberg



Framstilling av aggregerte data frå tellingane – bruk av indeksverdiar

Gode telleforhold gjorde det i fleire år mogleg å besøke langt dei fleste sjøfuglreservata kvar sesong. Dersom vértihøve og tilgjengeleg tid hadde tillate oss å telle opp alle reservata kvart år, kunne vi brukt informasjonen direkte til å vise korleis hekkebestandane av alle artar varierer frå år til år. Men i praksis er dette knapt gjennomførbart, for véret hindrar ofte telling i alle reservata. Da må vi utelate dei manglende reservata frå framstillinga, eller sløyfe år med dårlig dekning frå utrekningane. Etter ti år med tellingar i 2013 hadde vi likevel framleis eit representativt utval på 30 sjøfuglreservat som hadde blitt talt opp dei fleste åra (1995, 2005, 2007, 2009, 2010, 2011, 2012 og 2013, sjå Larsen 2014). Dei største og viktigaste reservata var med i dette utvalet, og dei inkluderte tala låg derfor nær opp til det resultatet vi ville ha fått om vi hadde klart å telle opp alle 57 reservata kvart år.


Ei slik framstilling kan vi ikkje lenger lage, for på grunn av mye dårlig vér og andre omstende har det etter 2013 blitt stadig fleire av dei 30 reservata vi ikkje har klart å følgje opp godt nok under tellingane. I dag kunne vi berre fått til ei framstilling basert på data frå 14 årleg talte sjøfuglreservat i perioden 1995-2020. Desse 14 reservata representerer ikkje alle dei største og viktigaste i Sogn og Fjordane, og ei slik framstilling er dermed ikkje representativ for utviklinga av hekkebestandane.

Løysinga er å bruke ein **indeksverdi** som gjer det mogleg å inkludere tal også frå år med avgrensa datatilfang. Indeksen reknast ut ved å samanlikne parvis tal frå lokalitetar som har blitt talt opp både i eit gitt år og året

før, der det aller første året i tidsserien får ein indeks på 100. Som døme kan brukast ein art der alle opptalte lokalitetar gav eit resultat på 177 individ det første året. Indeksen for dette året blir som nemnt 100. Det neste året blei det talt opp 313 individ i eit litt avvikande utval lokalitetar. Når vi berre reknar med data frå lokalitetar som blei talt opp *begge år*, gir dette 176 individ i år X og 293 individ i året etter. $293/176=1,67$. Dette forholdstalet blir ganga med indeksen frå det første av dei to åra (i dette tilfellet 100), og gir ein indeks for det andre året på $1,67 \times 100 = 167$. Slik held ein fram parvis å samanlikne naboår (i neste tilfelle blir forholdstalet (år $X+2/år X+1$) = Y. Forholdstalet Y blir ganga med indeksen få førre år, 167, og dette gir indeksen for det tredje året i serien). Metoden blir brukt i det norske overvakingsprogrammet for sjøfugl.

Eksempelet under viser utrekna indeksverdiar for teist. Det er basert på registrerte individtal under tellingane i perioden 1982-2020, og utviklinga ser klårt negativ ut. Det er lagt inn ei lineær regresjonslinje for bestandsendringa, som er signifikant ($p < 0,001$). Dette betyr at det er ein sjanse på berre 1 av 1000 for at utviklinga skuldast tilfeldigheter, og vi kan slik trygt konkludere med at bestandsutviklinga for teist i Sogn og Fjordane har vore negativ.

Metodikken med indeksverdiar har som ein føresetnad at endringa i alle lokalitetane er lik frå eitt år til eit anna. For dei fleste artar er dette ikkje særleg problematisk, men for sildemåse og ternar, som brått kan forsvinne ein stad og dukke opp på heilt nye lokalitetar, er ikke metoden ideell.



Telleresultat frå dei undersøkte områda

I dette kapittelet er data frå tellingane i kvart enkelt sjøfuglreservat samla. Det blir også gitt ei enkel skildring av reservata gjennom kart og stikkord, og ei oppsummering av tilstanden gjennom den siste tiårsperioden. Bestandsregisteringane er gitt i ein tabell

som viser år, teljedato, registrerte artar og talet på registrerte individ og evt. kor mange par hekkebestanden utgjer. Tomme felt betyr at arten ikkje blei sett under tellinga.

For havørn er det ikkje gitt informasjon om hekking.

Forklaring til tabellane

Vanleg skrift: Tal individ observert

Utheva skrift: Vurdering av tal hekkande par

Truleg ikkje hekking
Hekking sannsynleg
Hekking påvist

År	1995	2004	2005	2007	2008
Dato	11.6.	8.7	16.6.	5.6.	14.6.
Grågås	11			2 (1 par)	2 (1 par)
Ærfugl	10 (2 hoer m/ungar)		1 par		1 (1 reir)
Tjeld	2 par		8	4 (3 par)	4 (3 par)
Fiskemåse			10		3 (2 par)
Svartbak	40 par	14	25 (9 par)	54 (24 par)	62 (24 par)
Gråmåse	220 par	10	29 (11 par)	122 (70 par)	102 (35 par)
Sildemåse			2		2 (1 par)
Terne			75	10 (3-5 par)	1 (1 par)
Steinkobbe			2	1	1

Data frå 90-talet og 2000: Berre tal par oppgitt. Uklart om dette er identisk med hekkande par, og om hekking blei påvist, eller berre antatt	14 individ sett, men truleg ikkje hekking	8 individ sett, hekking sannsynleg, men ikkje grunnlag for å vurdere hekkebestand	2 individ sett, reir/egg/ungar ikkje påvist, men hekkebestand vurdert til 1 par	3 individ sett, Reir/egg/ungar påvist, hekkebestand vurdert til 2 par
---	---	---	---	---

Nokre definisjonar

Hekkebestand: Den delen av ein populasjon som har etablert seg med ferdigbygd reir (eller egglegging for artar som ikkje lagar reir). Omfattar såleis ikkje ungfuglar eller andre individ som ikkje hekkar, men som likevel oppheld seg i området.

Rugande: Dette ordet blir i teksten brukt om fuglar som frå båt blir observert liggande på reir (egg eller ungar), eller som går med dunungar som har forlate reiret.

Individ, par, hekkande par eller reir?

I denne rapporten er det utviklinga av hekkebestandane som er i fokus, og da er det talet på hekkande par som er den mest relevante eininga å få oversikt over.


I figurane som viser den langsiktige utviklinga av hekkebestandane i kvart enkelt sjøfuglreservat, er det inkludert data frå Gunnar Godø sine tellingar i 1982, 1983, 1984, 1994, 1995 og 2000. Godø bruker i sine rapportar både omgrepa *par* og *reir*. «Par» er ikkje klårt definert og kan t.d. oppfattast som samla tal individ delt på to, mens «reir» er eit tal som skriv seg frå reirtelling i koloniane. «Reir» hos Godø svarer til «hekkande par» i denne rapporten.

Det er ein utbreidd, men problematisk praksis å telje det samla talet på individ i ein koloni, dele det på to, og oppgi resultatet som hekkande par. Dette kan gi eit tilnærma rett resultat i gode år med rikeleg næringstilgang, når bortimot alle vaksne fuglar går til hekking, når fuglane bruker lite tid på næringssøk borte frå kolonien, og det er få/ingen ikkje-hekkande fuglar til stades. Under därlegare tilhøve derimot, vil mange sjøfuglar stå over hekkinga sjølv om dei er på plass i

hekkeområdet, og berre ein mindre del utgjer da hekkande par som bygg reir og legg egg. Da kan det bli svært villeiande å oppgi talet på «par» i kolonien ved å dele totalen på to.

Godø (1995) skriv at «*registreringane både i 1994 og 1995 må reknast som grovestimat. Systematiske takseringar vart berre i liten grad utført*». Det same gjeld nok for tellingane i 2000, som blei hemma av vanskelege vértihøve (Godø 2000). I rapportane frå desse åra er registreringane i stor grad oppgitt som «par», og berre i få område blei det gjort ilandstiging (i så fall er registreringane oppgitt som «reir»). Mye talar likevel for at næringstilhøva var gode for dei aller fleste artar i desse åra, slik at det ville ha vore relativt liten forskjell mellom talet på «par» og talet på reir. Men dette er usikkert.

For å kompensere for den truleg litt romslege bruken av ordet «par» i rapportane frå 1994/95 og 2000, er tal frå desse åra redusert til 85% i figurane som viser utvikling av hekkebestandar over tid i dei ulike sjøfuglreservata. I tabellane er derimot dei opphavlege tala skrivne inn.



Døme på figur som skal vise utviklinga av tal **hekkande par** i eit sjøfuglreservat. Stipla liner er brukt der tellingane ikke er gjort påfølgande år, for å understreke at bestandstala mellom punkta i desse tilfella er ukjente.

Buholmen

Areal:	Land 13 da
Type:	Fuglefjell
Viktigaste artar:	Krykkje, lomvi
Miljø:	Ytre kyst
Vernestatus:	Ikkje verna
Kommune:	Selje, frå 2020 Stad
Skjøtselstiltak:	Ingen



Ekspontert, snau holme med største høgde 32 m. Einaste omtale av denne lokaliteten før 2008 er av Brun (1973), som registrerte 102 krykkjereir på Buholmen i juni 1972. Etter dette har det truleg ikkje vore hekking i nemne-verdig omfang, for Johansen og Ervik (1977) nemner ikkje Buholmen trass i detaljerte undersøkingar elles i området, og heller ikkje Godø (1983, 1984, 1994, 2000) nemner staden. Ved sjekk i juli 2003 hekka det kanskje toppskarv og teist der, og ærfugl, gråmåse og svartbak blei notert. Tore Gundersen i Statens Naturoppsyn fann i juni 2008 ein krykkjekoloni på austsida. Kolonien blei oppsøkt på ny og fotografert 16.6.2008, og det blei påvist 410 krykkjer og 278 reir. Truleg hekka det ikkje andre artar, med mogleg unntak for teist. Sannsynlegvis kom krykkjene i hovudsak frå kolonien på Einevarden, som stod tom frå og med 2008. Opplysningar i artskart tyder på etablering i 2006.

2010: Kolonien hadde auka i omfang og spreidd seg til nordsida av holmen. Det blei talt 938 individ og 470 reir. På eit skjer like ved kolonien låg om lag 450 ærfuglhannar (og 8 hoer), 40 toppskarv og to storskarv. Elles blei det registrert rundt 80 gråmåsar (hekking) og 10 svartbak (deriblant eit par med dunungar) og ein sildemåse. Ved detaljundersøking av bileta blei det dessutan oppdaga nokre få lomvi i krykkjeberget.

2011: Det blei talt 952 individ av krykkje og 434 reir i bruk i hovudkolonien på austsida. I tillegg hadde det etablert seg hekkande fugl på vestsida, men dette området var vanskeleg å få oversikt over på grunn av skjer og ugunstig vindretning. På eit biletet tatt frå nord blei det talt opp 46 krykkjer og rundt 20 reir. Til saman blei det dermed registrert 1013 individ og 454 reir i bruk (minimumstal, som er litt oppjustert i tabellen under). På sjøen blei det registrert 8 lomvi og 5 alke, og ut frå foto kunne det leggjast til 42 lomviar på hyller i krykkjekolonien. Av teist blei det sett 12 frå båten, 10 av desse samtidig.


2013: Tal individ blei frå foto talt til 310, berre ein tredel så mange som ved førre telling i 2011. Talet på reir i bruk var redusert til mindre enn ein firedel, frå 460 til 105. Det blei ikkje sett lomvi i berget, og berre fem individ på vatnet. Berre teist var på plass i same omfang som ved siste telling.

2014: 286 krykkjer og 134 reir talt frå foto, runda opp til 300 individ og 135 reir på grunn av litt flyaktivitet. 23 lomvi på vatnet og 11 i berget.

2017: Ingen krykkjer, og heller ingen spor å sjå etter reirbygging dette året. Få andre fuglar, lomviane borte.

2018, 2019, 2020: Ikkje besøkt, på grunn av sterk vind. Stig Inge Hauge/SNO sjekka området seinare i juni 2020 og fastslo hekking av krykkje. Delar av kolonien blei fotografert, og truleg hekka rundt 50 par.


År	1973	2003	2008	2010	2011	2013	2014	2017
Dato	juni	13.7.	15.6.	15.6.	7.6.	9.6.	7.6.	
Toppskarv		20	45	40	35	10	40	12
Storskarv				2	1		5	
Ærfugl		20	83 hannar	450 hannar	65 (2 hoer)	10 hannar	40 (3 hoer)	18 (3 hoer)
Krykkje	102 reir		410 (278 reir)	950 (470 reir)	1050 (460 reir)	310 (105 reir)	300 (135 reir)	
Fiskemåse							38	
Svartbak		20	120	10 (3 par)	40 (5 par)	15	5 (3 par)	8
Gråmåse		20	230	80 (10 par)	30 (10 par)	20 (7 par)	25 (8 par)	23
Alke					5			
Lomvi				5?	50 (30 par)	5	34 (15 par)	
Teist		10	1		12 (5 par)	13 (6 par)	8 (4 par)	



Hekkande par krykkje på Buholmen dei åra lokaliteten har blitt talt opp etter «gjenoppdaginga» av kolonien i 2008.

Høgfjellet

Areal:	Land 277 da, sjø 110 da
Type:	Fuglefjell
Viktige artar:	Havhest, toppskarv, teist
Miljø:	Ytre kyst
Vernestatus:	Sjøfuglreservat, 1993
Kommune:	Selje, frå 2020 Stad
Skjøt selstiltak:	Ingen



Registrering 10.6.17, frå 11:05


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	2	2
Teist	4	3

År	1994	2000	2003	2006	2008	2017
Dato	3.6.	1.6.	13.7.	15.6.	16.6.	10.6.
Havhest	3-4 par	15 (10 par)				
Toppskarv	3 par	25 par	5 par	3	2 (2 par)	2 (2 par)
Ærfugl		500 hannar				
Fiskemåse				1		
Gråmåse				2		
Storjo		1				
Teist	3 par		1 (1 par)		11 (5 par)	4 (3 par)

Godø (1991) omtaler lokaliteten som eit lite fuglefjell der "hekkebestanden har vore noko vekslande", og at den er mest interessant på grunn av hekkebestanden av krykkje. I 1977 hekka arten med 75 par, men det er ikkje påvist hekking ved seinare tellingar. Lokaliteten har for tida mest verdi som hekkeplass for teist, men ettersom det ser ut til å hekke lite anna der har vi ikkje prioritert området under tellingane. Dei siste åra har dessutan sterk vind i telleperiodane ved denne lokaliteten hindra nærmare undersøkingar.

Sildekruna

Areal: Land 72 da, sjø 182 da
Type: Grasdominert, høg holme
Viktige artar: Gråmåse
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Vågsøy, frå 2020 Kinn
Skjøtselstiltak: Skog og kratt felt vinteren 2009, ferdig rydda 2013



Registrering 8.6.14, frå 08:10

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	11 hoer, 2 kull	5
Siland	2 (1 par)	1
Grågås	5	?
Tjeld	2	1
Svartbak	37 (9 rugande eller m/pull)	13
Gråmåse	240 (63 rugande eller m/pull)	75

Registrering 10.6.17, frå 10:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	1 hann	?
Grågås	1	?
Tjeld	2	1
Svartbak	26 (2 rugande eller m/pull)	8
Gråmåse	208 (71 rugande eller m/pull)	80
Sildemåse	1	-

Registrering 11.6.18, frå 15:48

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	4	2
Tjeld	1	1
Svartbak	18 (4 rugande eller m/pull)	8
Gråmåse	135 (43 rugande eller m/pull)	55

Registrering 6.6.19, frå 16:10


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	4	-
Grågås	2	-
Gravand	2	1
Tjeld	6	3
Svartbak	28 (5 rugande eller m/pull)	10
Gråmåse	187 (59 rugande eller m/pull)	75
Sildemåse	5 (2 rugande)	3

Registrering 16.6.20, frå 13:08

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Gravand	1 ho	1
Tjeld	4	2
Svartbak	24 (5 rugande eller m/pull)	10
Gråmåse	197 (77 rugande eller m/pull)	90
Sildemåse	2	1

År	1994	2011	2012	2013	2014	2017	2018	2019	2020
Dato	3. og 14.6.	8.6.	9.6.	9.6.	8.6.	10.6.	11.6.	6.6.	16.6.
Toppskarv			12	1				4	
Grågås		6 (1 par)	5	5	5	1	4 (2 par)	2	
Ærfugl	25 hoer (fl. m/ kull)		11 (2 hoer) 5 par		11 ho/2 kull 5 par	1 hann			
Gravand								2 (1 par)	1 (1 par)
Siland		2 (1 par)			2 (1 par)				
Tjeld	15 par	3 (2 par)		6 (3 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	6 (3 par)	4 (2 par)
Sandlo	3 par								
Myrsnipe	1 par								
Storspove	4 par								
Fiskemåse			2						
Svartbak	75 par	42 (10 par)	30 (8 par)	20 (8 par)	37 (13 par)	26 (8 par)	18 (8 par)	28 (10 par)	24 (10 par)
Gråmåse	350 par	358 (125 par)	223 (95 par)	275 (100 p)	240 (75 par)	208 (80 par)	135 (50 par)	187 (75 par)	197 (90 par)
Sildemåse			5	2		1		5 (3 par)	2 (1 par)
Teist		2 (1 par)	2 (1 par)						

Sildekruna er den viktigaste hekkeplassen for gråmåse nord i Sogn og Fjordane. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av dei to viktigaste artane i området.




Etter næringskollapsen like over århundreskiftet blei hekkande fuglar på Sildekruna talt opp første gang i 2006. I heile fylket var da hekkebestanden av gråmåse smått på veg opp igjen, mot ein topp i 2007. Det året hekka 130 par, og som elles i fylket har dette året hatt toppnoteringa i perioden etter kollapsen. Hekkebestanden av gråmåse ser no ut til å ligge relativt jamt i underkant av 100 par.

Reservatet har hatt problem med rask tilgroing av lauvkratt, og er rydda fire gangar dei siste 20 åra. Gjengroinga har vore koncentrert til sørsida av holmen, og har neppe påverka den viktigaste hekkeplassen som ligg på nordsida. Området blir no beita av sau.

Lysholmen

Areal: Land 19 da, sjø 79 da
 Type: Grasdominert, låg holme
 Viktige artar: Gråmåse, svartbak, fiskemåse, sildemåse
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Vågsøy, frå 2020 Kinn
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registreringar 10.6.17, frå 09:53

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	2	1
Fiskemåse	2	1
Svartbak	26 (4 rugande eller m/pull)	12
Gråmåse	21 (6 rugande eller m/pull)	10

Registreringar 11.6.18, frå 15:13

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	4	-
Grågås	3	1
Tjeld	2	1
Fiskemåse	2 (1 rugande)	1
Svartbak	17 (3 rugande eller m/pull)	6
Gråmåse	8 (3 rugande eller m/pull)	5

Registreringar 6.6.19, frå 16:35

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	1	1
Ærfugl	1 ho	1
Tjeld	3	2
Fiskemåse	4 (2 rugande)	2
Svartbak	16 (4 rugande eller m/pull)	8
Gråmåse	9 (3 rugande eller m/pull)	5


Registreringar 16.6.20, frå 12:27

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Storskarv	3	-
Ærfugl	1 ho	1
Tjeld	1	1
Strandsnipe	1	1
Fiskemåse	1	1
Svartbak	3 (1 rugande eller m/pull)	2
Krake	1	-

År	1994	2010	2011	2012	2013	2017	2018	2019	2020
Dato	4. og 14.6.	15.6.	8.6.	9.6	9.6.	10.6.	11.6.	6.6.	16.6.
Toppskarv		1	1	21	4		4		
Storskarv									3
Grågås	2 par	2		5 (1 par)			3 (1 par)	1 (1 par)	
Ærfugl	40 hoer, fleire m/kull		4 (1 ho) 1 par					1 ho (1 par)	1 ho (1 par)
Siland			2 (1 par)						
Havelle				2					
Tjeld		2 (1 par)		4 (2 par)		2 (1 par)	2 (1 par)	3 (2 par)	1 (1 par)
Strandsnipe									1 (1 par)

År	1994	2010	2011	2012	2013	2017	2018	2019	2020
Fiskemåse		2 (1 par)	5 (2 par)	10 (5 par)	14 (5 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	4 (2 par)	1 (1 par)
Svartbak	45 par	40 (15 par)	45 (15 par)	36 (15 par)	30 (17 par)	26 (12 par)	17 (6 par)	16 (8 par)	3 (2 par)
Gråmåse	160 par	35 (20 par)	28 (15 par)	38 (15 par)	26 (14 par)	21 (10 par)	8 (5 par)	9 (3 par)	
Sildemåse				5 (3 par)					
Teist			2 (1 par)		1 (1 par)				
Kräke									1

Lysholmen er den minste av dei tre sjøfuglkoloniane rundt øya Silda i Nordfjord. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærest vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.




Etter næringskollapsen ved hundreårsskiftet blei hekkande fuglar på Lysholmen talt opp første gang i 2006. Sjølv om gråmåsebestanden generelt i fylket da var i langsam auke igjen, låg den på Lysholmen svært langt under Godø sin toppnotering på 160 par frå 1994. Dette talet er nok eit historisk eingongstilfelle, og Godø (1995) omtalar da også tellingane frå dette året som «grovestimat» og er i figuren redusert til 85 % av det oppgitte talet. Men sjølv om det reelle talet på hekkande gråmåsar berre hadde vore halvparten av det oppgitte, ligg det uansett langt over det som tidlegare var registrert på 80-talet.

Etter næringskollapsen har gråmåsebestanden variert ein del, men har minka jamt og trutt dei siste åra. I 2020 blei det for første gong ikkje registrert hekkande gråmåse på Lysholmen. Svartbak og sildemåse har til tider hatt større hekkebestandar enn gråmåsen, men også desse har gått tilbake dei siste åra. Sildemåsen har ikkje hekka etter ei kortvarig reetablering i 2012. Fiskemåse etablerte seg i 2007, men har ikkje fått skikkeleg fotfeste. 2020 er den dårligaste sesongen som er registrert på Lysholmen, med berre seks hekkande par av alle artar.

Lysholmen ligg nær Sildekruna, og i dårlige tider er det nok vanleg at fuglane samlar seg i dei beste hekkeområda.

Flatholmen

Areal:	Land 27 da, sjø 69 da
Type:	Grasdominert, låg holme
Viktige artar:	Gråmåse, svartbak, fiskemåse, sildemåse
Miljø:	Midtre kyst
Vernestatus:	Sjøfuglreservat, 1993
Kommune:	Selje, frå 2020 Stad
Skjøtselstiltak:	Ingen

*Registreringar 8.6.14, frå 08:40*

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Siland	3	1
Kanadagås	8	?
Grågås	6	3
Tjeld	7	4
Fiskemåse	22 (11 rugande)	14
Svartbak	45 (17 rugande eller m/pull)	20
Gråmåse	95 (36 rugande eller m/pull)	45

Registreringar 10.6.17, frå 10:10

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Kanadagås	7	?
Gravand	2 (1 par)	1
Tjeld	4	3
Fiskemåse	4 (2 rugande)	2
Svartbak	47 (15 rugande eller m/pull)	18
Gråmåse	56 (29 rugande eller m/pull)	35
Sildemåse	9 (3 rugande)	4

Registreringar 11.6.18, frå 15:30

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	1	?
Svartbak	16 (1 rugande eller m/pull)	6
Gråmåse	50 (23 rugande eller m/pull)	30
Sildemåse	8 (5 rugande)	6

Registreringar 6.6.19, frå 17:00


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Kanadagås	10	3
Grågås	3	2
Ærfugl	3 hoer	3
Tjeld	7	3
Fiskemåse	11 (3 reir)	5
Svartbak	30 (10 rugande eller m/pull)	12
Gråmåse	82 (27 rugande eller m/pull)	40
Sildemåse	8 (5 rugande)	6

Registreringar 16.6.20, frå 12:48

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Kanadagås	16	2
Grågås	3 (1 par m/ dunungar)	1
Gravand	1 ho	1
Fiskemåse	3	2
Svartbak	25	10
Gråmåse	52 (23 rugande eller m/pull)	30

År	1994	2011	2012	2013	2014	2017	2018	2019	2020
Dato	4.6.	8.6.	9.6.	9.6.	8.6	10.6.	11.6.	6.6.	16.6.
Toppskarv						1			1
Grågås	3 par	2	10		6 (3 par)		1	3 (2 par)	3 (1 par)
Kanadagås			26		8	7		10 (3 par)	16 (2 par)
Gravand					2 (1 par)				1 (1 par)
Ærfugl	75 (fl. høm/kull)	3 (1 ho m/kull) 1 par	3 hannar 1 par					3 hoer (3 par)	
Siland					1 (1 par)				
Tjeld	6 par	3 (2 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	7 (4 par)	4 (3 par)		7 (3 par)	
Fiskemåse		16 (8 par)	27 (15 par)	18 (11 par)	22 (14 par)	4 (2 par)		11 (5 par)	3 (2 par)
Svartbak	90 par	47 (25 par)	46 (20 par)	37 (12 par)	45 (20 par)	47 (18 par)	16 (6 par)	30 (12 par)	25 (10 par)
Gråmåse	75 par	101 (55 par)	125 (55 par)	106 (40 par)	95 (45 par)	56 (35 par)	50 (30 par)	82 (40 par)	52 (30 par)
Sildemåse	50 par	2 (2 par)	12 (6 par)			9 (4 par)	8 (6 par)	8 (6 par)	
Raudnebbterne		2*							
Kråke				1					

Flatholmen ser ut til å ha klart seg betre enn mange andre område gjennom perioden med næringsmangel, med både bra hekkebestandar og bra artsutval. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærest vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.



Etter næringskollapsen ved hundreårsskiftet blei hekkande fuglar på Lysholmen talt opp første gang i 2006. Dette var eit par år etter sjølvé kollapsen, og mange artar var da (som generelt i fylket) i langsam auke igjen. Hekkebestanden av gråmåse var i 2008 på god veg mot Godø sin bestenotering frå 2000, men etter det har nok næringstilgangen blitt eit kronisk problem, og hekkebestanden av alle dei mest talrike, fiskeetande artane har etter dette vore på retur. Både sildemåse og fiskemåse slit med i det heile tatt å halde det gåande i nordlege delar av Sogn og Fjordane.

Som i sjøfuglreservata generelt har ærfuglen gått sterkt tilbake i nord, og det kan gå fleire år mellom kvar gong arten blir registrert i dei tre sjøfuglreservata rundt Silda. Ærfuglungar blei siste gong registrert i 2014, ved Sildekruna. Til gjengjeld har gravand blitt eit meir regelmessig (om enn fåtallig) syn.


Utveksling mellom nærliggande sjøfuglkoloniar

Sør i Sildegapet, sjøområdet mellom Vågsøya og Stadlandet, ligg dei tre sjøfuglkoloniane på Sildekruna, Lysholmen og Flatholmen samla rundt øya Silda. Det er eit godt stykke til andre hekkeområde av same type, men desse tre ligg så nær kvarandre at det er sannsynleg med ei viss utveksling av hekkande fuglar frå år til år.


Dersom ein ser på utviklinga av hekkebestandane i kvar koloni enkeltvis som på sidene foran, kan ein få inntrykk av at dei har blitt utsette for heilt ulike påverknader: Gråmåsebestanden på Sildekruna auka t.d. frå 1982 til 83, mens den gjekk markert tilbake på Flatholmen. På Lysholmen var den på topp i 1994, mens den på same tid hadde gått ned på Sildekruna. Og toppnoteringa på Sildekruna og Flatholmen kom på same tid som ein markert nedgang på Lysholmen.

Om ein derimot vurderer dei tre områda under eitt som eit stort, felles hekkeområde, får ein eit anna inntrykk. I figuren under er tellingar av gråmåse frå Sildekruna, Lysholmen og Flatholmen lagt inn saman, og det kjem da langt klårare fram at 1994 ikkje var eit nedgangsår slik ein kan få inntrykk av ved berre å sjå på tala frå Sildekruna, men derimot eit godt år med så mange hekkande fuglar at dei hadde spreidd seg utover heile det tilgjengelege arealet og m.a. tatt Lysholmen i bruk i fullt monn. Den sterke reduksjonen i hekkebestand mellom 2000 og 2006 kjem godt fram, og det same gjer den lille auken i 2007. Etter det var det ein markert nedgang til 2009, ny auke til 2011, og etter det har det gått jamt og trutt nedover. Gråmåsane hadde i 2020 gitt opp Lysholmen, og i stor grad samla seg på Sildekruna.

Grafikk med akkumulerte tal tillétkjørt ikkje å vise år utan registreringar, og tidsaksen blir derfor komprimert.




Hekkande par gråmåse ved Sildekruna, Lysholmen og Flatholmen



Samanlagde tal hekkande gråmåsepar i dei tre nabokoloniane Sildekruna (nedst), Lysholmen (i midten) og Flatholmen (øvst). Bestandsnedgangen mellom 2000 og 2006, og på ny i 2009, kjem tydeleg fram, mens den markerte tilbakegangen på Sildekruna i 1994 viser seg å berre handle om lokal forflytting.

Einevarden

Areal:	Land 1458 da, sjø 1031 da
Type:	Fuglefjell
Viktige artar:	Lunde, lomvi, alke, toppskarv (krykkje)
Miljø:	Ytre kyst
Vernestatus:	Sjøfuglreservat, 1993
Kommune:	Vågsøy, frå 2020 Kinn
Skjøtselstiltak:	Ingen



Registrering 7.6.14, frå om lag 18:30

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	15	5
Alke	100 på sjøen	100
Lomvi	17 i berget, 30 på sjøen	50
Lunde	2	?
Teist	1	1

Registrering 10.6.17, frå 11:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	38	5-10
Storskav	2	-
Svartbak	1	-
Alke	120	120
Lomvi	80	80
Lunde	1000 på sjøen, 250 svermande	?

Registrering 11.6.18, frå 17:05 (vind og bølger, därlege tilhøve)

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	?
Lunde	2500-3000 svermande	2750

Registrering 6.6.19, frå 15:15


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	29	5
Havørn	1	-
Svartbak	12	-
Gråmåse	45	-
Alke	154	150
Lomvi	324	325
Lunde	1044 på sjøen, 1500 svermande	2500

Registrering 16.6.20, frå 13:55

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	15	5
Havørn	1 ungfugl	
Gråmåse	2	-
Alke	180	180
Lomvi	295	295
Lunde	1686 på sjøen, ca. 900 svermande	2600
Teist	5	3


År	1994	2011	2012	2013	2014	2017	2018	2019	2020
Dato	4.6.	7.6.	10.6.	8.6.	7.6.	10.6.	11.6.	6.6.	16.6.
Havhest	25 par								
Storskarv			1			2			
Toppskarv		66 (5 par)	42 (5 par)	9 (5 par)	15 (5 par)	38 (5-10 par)	?	29 (5 par)	15 (5 par)
Havørn		1						1	1 ungfugl
Tjeld				1					
Krykkje	2100 reir		400						
Fiskemåse		1							
Svartbak		5	2	1		1		12	
Gråmåse		19 (2 par)	18 (3 par)	13 (3 par)				45	2
Alke	ca. 100 par	74 (75 par)	60 (60 par)	5	100 (100 par)	120 (120 par)	?	154 (150 par)	180 (180 par)
Lomvi	ca. 100 par	45 (45 par)	25 (25 par)	6	47 (50 par)	80 (80 par)	?	324 (325 par)	295 (295 par)
Lunde	5000 par	1500-2500 (2000 par)	3000 (3000 par)	2500 (2500 par)	2	1250	2500-3000 (2750 par)	2500 (2500 par)	2600 (2600 par)
Teist		2 (1 par)	2 (1 par)		1 (1 par)				5 (3 par)
Steinkobbe				1					

Einevarden har vore det klassiske fuglefjellet i Sogn og Fjordane, om enn i lite format. Her hekka tidlegare dei fleste typiske fuglefjellsartane, men da næringsmangelen gjorde seg gjeldande rundt hundreårsskiftet fekk den store verknader. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2011, sjå Larsen (2014). Figurane under viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.



Lundefugl og krykkje var dei mest talrike artane ved Einevarden. Næringsproblema like etter hundreårsskiftet slo særleg hardt ut for krykkja, og på berre fem år var krykkjekolonien redusert frå 2000 par til ein hundredel, og i 2008 var det heilt slutt. I 2009 forsvann også havhesten, som rett nok aldri var særleg talrik.

Det har heller ikkje alke og lomvi vore, men bestandane av desse to artane har truleg lenge halde seg relativt stabile. For alkefuglane skriv ikkje tala i tabellen seg frå reirtelling, men er basert på individ observert på sjøen og i lufta ved kolonien. Det er såleis rikeleg med feilkjelder i form av t.d. kor stor del av hekkebestanden som har vore ved kolonien under tellingane, og at varierande bølgjehøgder kan gjøre det meir eller mindre vanskeleg å telle fuglar som ligg på sjøen. Særleg i åra 2010-12 gjorde værforholda tellingane usikre. Hekkebestanden av alke og lomvi er antyda i figuren på neste side. I det minste har tala lenge halde seg innanfor ein ikkje altfor stor variasjon, og er no på om lag same nivå som ved Godø sine registreringar frå 1980- og 90-talet.




Dei siste åra har det blitt registrert aukande tal lomvi og alke, og for lomvi er auken betydeleg. Mens hekkebestanden av lunde er sett til å vere lik talet på registrerte individ i området (sjå metodeskildringa på side 13), er talet på hekkande lomvi og alke funne ved å fotografere flokkane av lunde, alke og lomvi som ligg på sjøen og deretter rekne ut kor stor prosentdel alke og lomvi utgjer av totalen. Dersom vi har eit tal for lundebestanden, har vi dermed også tal for bestandane av dei to andre alkefuglane. Tidlegare var prosentdelen alke og lomvi på biletet forsvinnande liten i høve til talet på lundefugl, men dei siste to åra har alke og lomvi utgjort ein større prosentdel. Dersom metoden gir fleire par lomvi eller alke enn observerte individ, justerast talet ned til 1:1.



Einevarden stikk opp av havet som ei 83 meter høg søyle like utanfor Vågsøya, og toppen utgjer nedre, venstre del av biletet (det høgste punktet er markert med kvit pil). Lundefuglane svermar i store sirklar før dei landar i grasmarka. Legg merke til at graset veks i kraftige tuer på toppen av Einevarden, på grunn av lundefuglane sine reirgangar som underminerer heile vegetasjonstroppet. Det er 540 lundefuglar på biletet, som er tatt 11. juni 2018. Det året var sjøen for uroleg til at det var mogleg å få oversikt over bestanden av lomvi og alke.

Stallbrekka

Areal: Land 271 da, sjø 124 da
 Type: Fuglefjell
 Viktige artar: Krykkje, gråmåse, toppskarv, teist, (havhest)
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Vågsøy, frå 2020 Kinn
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 7.6.14, frå 18:05

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	30	5-10
Ærfugl	2 hannar	-
Tjeld	1	1
Krykkje	222 (139 reir i bruk)	140
Svartbak	1	-
Gråmåse	33 (8 rugande)	12

Registrering 10.6.17, frå 12:21

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	20	5-10
Svartbak	4	-
Gråmåse	27 (8 rugande)	10

Registrering 11.6.18, frå 12:21

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	3	5
Gråmåse	36 (11 rugande)	15
Teist	1	1

Registrering 6.6.19, frå 15:00


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Gråmåse	9 (3 rugande)	4
Svartbak	1	-

Registrering 16.6.20, frå 14:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	65	5
Gråmåse	4	-
Teist	5	3

År	1994	2011	2012	2013	2014	2017	2018	2019	2020
Dato	4.6.	7.6	10.6	8.6.	7.6.	10.6.	11.6.		
Havhest	15 par	2 (1 par)		2 (1 par)					
Toppskarv		16 (1 par)	25 (10 par)	16 (5 par)	30 (5-10 par)	20 (5-10 par)	3 (5 par)		65 (5 par)
Ærfugl	50	17 (3 hoer)	4 (2 hoer)		2 hannar				
Vandrefalk		1							
Tjeld		2 (1 par)			1 (1 par)				
Krykkje	40-50 par	270 (201 par)	347 (230 par)	307 (215 par)	222 (140 par)				
Svartbak	10 par	4	5 (1 par)	1	1	4		1	
Gråmåse	100 par	43 (15 par)	56 (20 par)	48 (20 par)	33 (12 par)	27 (10 par)	36 (15 par)	9 (4 par)	4
Lomvi				1					
Teist	"nokre få"		6 (5 par)				1 (1 par)		5 (3 par)
Ramn		2 (1 par)							

Stallbrekka er ein avleggar av fuglefjellet Einevarden, men med mindre artsutval. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av det som har vore dei viktigaste artane i området.




Da krykkjekolonien i Einevarden i fleire tiår var den største i Noreg sør for Runde, hekka eit femtital krykkjer i Stallbrekka, og dei var på plass ved alle Godø sine tellingar fram til og med 2000. Dette er eigentleg ganske pussig, for små krykkjekoloniar er vanlegvis lite attraktive. Vern mot predatorar er rekna som ein av hovudgrunnane til at krykkja hekkar i koloniar, og jo større koloni, jo mindre risiko for kvart enkelt individ eller reir. I små koloniar er det normalt stor sjanse for at reiret blir tømt av ramn, og i dårlege tider med lite næring og få hekkande fuglar blir koloniane derfor gjerne etablert nær menneske, der ramn og andre predatorar unngår å opphalde seg.

Da krykkjene forlet Einevarden under den økologiske kollapsen i Nordsjøen like etter hundreårsskiftet, flytta dei som framleis ville prøve på hekking truleg kortaste veg bort til Stallbrekka – for der tredobla hekkebestanden seg fra 2000 til 2005, og heldt seg meir eller mindre fram til 2012. Men tilhøva var neppe dei beste, og i 2014 blei krykkja for siste gang registrert hekkande i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane. Eit mindre tal krykkjer slo seg etter dette ned i ein bergvegg i Måløy.

Det siste paret med havhest i Sogn og Fjordane var innom Stallbrekka i 2013, etter nokre pausar i åra før. Det har dei siste åra stort sett berre vore gråmåsane som har halde det gåande, men i 2020 hadde også dei gitt opp. Det hekkar no berre nokre par toppskarv og teist ved Stallbrekka.

Klovningen

Areal:	Land 210 da, sjø 430 da
Type:	Berglendt øy med bratte fjellsider
Viktige artar:	Gråmåse, svartbak, toppskarv, ærfugl, teist
Miljø:	Ytre kyst
Vernestatus:	Sjøfuglreservat, 1993
Kommune:	Vågsøy, frå 2020 Kinn
Skjøtselstiltak:	Ingen



Registrering 10.6.17, frå 12:27

- Klovningen: Toppskarv 4 (1 ut/inn berget), tjeld 3, svartbak 6, gråmåse 12 (3 rugande).
- Skorningane: Toppskarv 5, ærfugl 13 hannar og 2 hoer, svartbak 2, gråmåse 13 (4 rugande).

Klovningen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	9 (1 ved reirsprekk)	1
Ærfugl	15 (2 hoer)	-
Tjeld	3	2
Svartbak	8	2
Gråmåse	25 (7 rugande)	10

Registrering 6.6.19, frå 14:15

- Klovningen: Toppskarv 12 (ingen ut/inn berget), tjeld 5, svartbak 3, gråmåse 17 (6 rugande), teist 3.
- Skorningane: Toppskarv 8, ærfugl 28 hannar, svartbak 2, gråmåse 36 (3 rugande), fiskemåse 2, krykkje 150 (kvilande), teist 2.

Klovningen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	14	-
Tjeld	5	3
Svartbak	5	2
Gråmåse	53 (9 rugande)	15
Fiskemåse	2	1
Krykkje	150	-
Teist	5	4

Registrering 16.6.20, frå 14:50


- Klovningen: Toppskarv 21 (ingen ut/inn berget), tjeld 1, havørn 1 ungfugl, fiskemåse 9, svartbak 1, gråmåse 61, 12 ungfuglar, teist 2.
- Skorningane: Toppskarv 4, storskarv 1, ærfugl 60 (16 hoer), svartand 9, tjeld 1, fiskemåse 2, svartbak 7 (1 rugande), gråmåse 78, 42 ungfuglar (3 rugande).

Klovningen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	25	-
Ærfugl	60 (16 hoer)	-
Svartand	9	-
Tjeld	2	2
Havørn	1 ungfugl	
Fiskemåse	11	1
Svartbak	8 (1 rugande)	2
Gråmåse	139 (54 ungfuglar)	12
Teist	2	2

År	1994	2010	2011	2012	2013	2017	2019	2020
Dato	4.6.	15.6.	7.6.	10.6.	8.6.	10.6.	6.6.	16.6.
Toppskarv		28 (5 par)	34	14 (2 par)	17 (4 par)	9 (1 par)	14	25
Ærfugl		168 (10 hoer) (5 par)	90 (3 ho) (5 par)	92 hannar		15 (2 hoer)		60 (16 hoer)
Svartand								9
Havørn								1 ungfugl
Tjeld	4 par	5 (3 par)	2 (2 par)	2 (2 par)	3 (2 par)	3 (2 par)	5 (3 par)	2 (2 par)
Fiskemåse		1 (1 par)		6 (2 par)	1		2 (1 par)	11 (1 par)
Svartbak	50 par	28 (7 par)	35 (5 par)	12 (6 par)	18 (8 par)	8 (2 par)	5 (2 par)	8 (2 par)
Gråmåse	10 par	105 (20 par)	106 (23 par)	65 (22 par)	40 (22 par)	25 (10 par)	53 (15 par)	139 (12 par)
Sildemåse		3 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)				
Krykkje							150	
Alke	ca. 25 par							
Lomvi	ca. 10 par							
Teist		8 (4 par)	11 (6 par)	14 (10 par)	1 (1 par)		5 (4 par)	2 (2 par)
Kråke			1	1	1			

Reservatet omfattar forutan øya Klovningen også dei tre skjera Skorningane mot aust, som er hekkeplass for måsar og kvileplass for ærfugl. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2010, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av det som har vore dei viktigaste artane i området.



Hekkebestanden av gråmåse på Klovningen etter hundreårsskifte har hatt den typiske utviklinga for den nordlege delen av Sogn og Fjordane, med ein markert topp i 2007, og tilbakegang seinare .

Utviklinga før dette har derimot vore alt anna enn typisk, for Godø sine tal tyder på ein svært låg hekkebestand av gråmåse også på 1980- og 90-talet, med unntak for eit enkelt, ekstremt hopp i 1983. Dette er for så vidt ikkje utenkeleg, sjølv om tilsvarande ikkje er funne andre stader, og sjølv om det ikkje ser ut til å vere snakk om mellombelse forflyttingar mellom nabokoloniar. Eit anna pussig utviklingstrekk er den unike, men truleg kortvarige

auken i hekkebestand av svartbak i 1994, som heller ikkje er å sjå i andre hekkeområde. Larsen (2014) meinte at tala for svartbak og gråmåse i 1994 måtte vere bytta om, men dei lange intervalla mellom tellingane gjer at det uansett er umogleg å seie stort om utviklinga for begge artane i tjueårsintervallet mellom 1984 og 2005.

Tidlegare hekka krykkje og alle alkefuglane ved Klovningen, men lunde og krykkje forsvann på 1980-talet, og alke og lomvi rundt hundreårsskiftet. Toppskarv har det også blitt gradvis færre av i skarveberget. Berget er høgt og bratt og vanskeleg å få oversikt over fordi det må tellast frå båt inne i ei vik med grunner, noko som krev stille sjø. Hekkebestanden av topsskarv er derfor usikker, men liten. Dei to siste åra har vi ikkje sett fugl som flyg inn eller ut av skarveberget under tellingane, og heller ingen fuglar i berget. Truleg hekkar arten derfor ikkje lenger på Klovningen, men bruker øya berre som kvileområde. Klovningen har elles vore eit bra teisteområde, men med få par dei siste åra. Godø (1995) nemner ikkje teist og topsskarv frå tellinga i 1994, men fordi det er uklart om dette skuldast at dei to artane ikkje var til stades eller om dei berre ikkje er omtalte i rapporten frå tellinga, er dei ikkje lagt inn i figuren over.


Til forskjell frå dei andre hekkeområda i nord blei Klovningen ikkje talt opp i 2014. Området blei besøkt, men tida gjekk med til å handtere ulovleg ferdsel i naturreservatet.



Fire sjøfuglreservat i området mellom Vågsøya og Bremangerlandet: Einevarden i nord, Stallbrekka i aust, Klovningen (todelt, inkludert Skorningane) i midten, og Veststeinen nede i sørvest.

Veststeinen

Areal:	Land 110 da, sjø 290 da
Type:	Graskledd, berglendt øy med bratte fjellsider
Viktige artar:	Lunde, gråmåse, lomvi, svartbak, alke, toppskarv, teist
Miljø:	Ytre kyst
Vernestatus:	Sjøfuglreservat, 1993
Kommune:	Bremanger
Skjøtselstiltak:	Ingen



Registrering 7.6.14, frå 15:45

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Smålom	1	-
Toppeskav	52	5-10
Tjeld	1	1
Svartbak	12	6
Gråmåse	20 (4 rugande)	8
Lomvi	200 på sjøen	200
Alke	2 på sjøen	?
Lunde	13 på sjøen	2000
Teist	14	10
Havert	33	

Registrering 10.6.17, frå 13:10

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppeskav	5	5-10
Ærfugl	1 hann	?
Havørn	2 ungfuglar	-
Svartbak	9	5
Gråmåse	10	8
Lomvi	20 på sjøen	?
Alke	10 på sjøen	?
Lunde	150 i lufta, 300 på sjøen	1250

Registrering 6.6.19, frå 12:35


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppeskav	22	5
Tjeld	3	2
Svartbak	14	5
Gråmåse	17	6
Lomvi	17 på sjøen	?
Alke	14 på sjøen	?
Lunde	1200 i lufta, 550 på sjøen	2000
Teist	2	2
Havert	1	

Registrering 16.6.20, frå 10:40

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppeskav	39	?
Ærfugl	1 hann	?
Tjeld	3	2
Fiskemåse	6 ungfuglar	-
Svartbak	25	2
Gråmåse	6	2
Lomvi	101 på sjøen	100
Alke	40 på sjøen	40
Lunde	1000	1250
Teist	8	5
Havert	1	

År	1994	2011	2012	2013	2014	2017	2019	2020
Dato	5.6.	7.6.	10.6.	8.6.	7.6.	10.6.	6.6.	16.6.
Smålom					1			
Havhest	20 (8 par)							
Toppskarv	80 par	26 (5 par)	26 (5 par)	66 (10 par)	52 (5-10 par)	5 (5-10 par)	22 (5 par)	39
Grågås	ca 10 par							
Ærfugl		4 hannar		3 hannar		1 hann		1 hann
Havørn		2 voksne				2 ungfuglar		
Tjeld	6 par	1 (1 par)			1 (1 par)		3 (2 par)	3 (2 par)
Småspove		1						
Fiskemåse								6
Svartbak	75 par	75 (15 par)	10 (10 par)	28 (10 par)	12 (6 par)	9 (5 par)	14 (5 par)	25 (2 par)
Gråmåse	5-600 par	55 (25 par)	8 (15 par)	16 (15 par)	20 (8 par)	10 (8 par)	17 (6 par)	6 (2 par)
Alke	75-100 par	5		14	3	10	14	40 (40 par)
Lomvi	150-200 par	1		55 (55 par)	200 (200 par)	20	17	101 (100 par)
Lunde	6-8000 par	3000 (2500 par)	16 (2500 par)	800 (2400 par)	13 (2000 par)	450 (1250 par)	1750 (2000 par)	1000 (1250 par)
Teist		5 (3 par)	1 (3 par)	8 (5 par)	14 (10 par)		2 (2 par)	8 (5 par)
Kräke		2	1					
Ramn		1						
Havert		9	25	21	33		1	1


Veststeinen ligg vindutsett til og er ofte vanskeleg å telle, særleg på nordvestsida der alke og lomvi hekkar. Dei siste åra har det derfor vore vanskeleg å seie stort om utviklinga for desse artane. At det likevel er mogleg å få relativt gode tal for lundebestanden, skuldast ei naturleg hamn på sørssida som ligg godt i le for den framherskande nordvesten, slik at det er mogleg å kome i land for å telle reirhol. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærest vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av lundefugl, som er den viktigaste arten i området.



Godø etablerte eit avlangt tellefelt i lundekolonien på 80-talet, men dette har vist seg for tidkrevjande å rekonstruere og telle opp, og blei i 2008 erstatta med 6 sirkelrunde felt på til saman 180 m². Talet på reirgangar i bruk heldt seg ganske stabilt frå 2008 til 2013, og antyda ein samla hekkebestand innanfor dei 11 dekar med reirhol på om lag 2500 par. I 2014 sank talet litt, og i 2017 blei det vidare redusert (nesten halvert). Den fallande tendensen er truleg reell, for vi ser at lundefuglane no i mindre grad enn før brukar den mest høgtliggende delen av hekkeområdet og samlar seg i skråningane lenger nede. Sjølv om det berekna talet på reirgangar i bruk auka igjen i 2019, sank talet på ny til berre 1250 par i 2020.

Hekkebestanden av alke og lomvi på Veststeinen er vanskeleg å vurdere, ettersom begge artane hekkar på nordsida av Veststeinen, der det er vanskeleg å kome til med båt og det ligg skjer i vegen og skjermar for innsynet. Her er det lite anna å gjøre enn å telje alle individ på sjøen (og dei ein eventuelt måtte sjå i fjellet) og rekne eitt hekkande par pr. observerte individ (sjå metodedelen side 12). I 2020 var talet på alke det største som er registrert etter hundreårsskiftet, og for lomvi det nest største. Slik sett støttar registreringane frå Veststeinen inntrykket frå Einevarden om gode tider for alke og lomvi dei aller siste åra. Sjølv om tala på alke og lomvi varierer mye frå år til år, skuldast nok dei små tala frå 2011, 17 og 19 (og alke i 2013 og 14) mest tilfeldigheiter ved telletidspunktet og därleg ver. Fordi vi gjer forsøk på å telle kvart år, kan vi ut frå dei beste årsresultata antyde ein hekkebestand av lomvi på Veststeinen på rundt 100 par, og for alke truleg litt under halvparten.

I 2017 hadde vi därleg tid på grunn av innkomande vind, og måtte prioriterte å telje opp lundefelta. Vi fekk ikkje tatt runden rundt øya, så berre lundetala er av nokon verdi frå det året. I 2018 var våret så därleg i juni at vi ikkje kom ut til Veststeinen. Figuren under viser tal hekkande par for eit utval av dei andre artane på Veststeinen.




Talet på hekkande par druknar i det ekstremt høge talet gråmåse i 1994. Godø (1995) skriv at han registrerte 5-600 par. Nemninga «par» betyr normalt at Godø ikkje har talt reir, berre individ, og talet er dermed ikkje nødvendigvis synonymt med hekkande par. Ein kan undrast på om det i det heile har vore plass til 5-600 reir og totalt 1000-1500 gråmåsar på 16 dekar hekkeområde (ikkje medrekna dei 11 dekar der 8000 par lundefuglar heldt til). Men hekkeområdet er flatt og oversiktleg, og Godø (1995) tar ikkje andre etterhald om talet enn det generelle at tellingane i 1994 og 1995 var grovestimat og lite systematiske. 1994 var utan tvil eit svært godt år for gråmåsen, men fordi «par» truleg ikkje er synonymt med «hekkande par» (reir) er talet i figuren redusert til 470 (85% av det oppgitte).



Frå lundekolonien på toppen av Veststeinen 6. juni 2019

Skorpeholmane

Areal: Land 12 da, sjø 62 da
 Type: To holmar, ein grasdominert og ein med planteskog
 Viktige artar: Svartbak, gråmåse, tjeld, ærfugl
 Miljø: Fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Bremanger
 Skjøtselstiltak: Skog felt vinteren 2009 (vestlege holme), ny rydding 2013



Registrering 11.6.18, frå 14:40

	Observeret:	Overslag, hekkande par:
Storskav	1	-
Svartbak	7 (2 kull/rug.)	3
Gråmåse	5	2

Registrering 6.6.19, frå 17:55

	Observeret:	Overslag, hekkande par:
Siland	1 ho	1
Tjeld	2	1
Fiskemåse	2 (1 rugande)	1
Svartbak	7 (4 kull/rug.)	4
Gråmåse	3 (3 rugande)	3


Registrering 16.6.20, frå 11:20

	Observeret:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	2 hoer	2
Fiskemåse	3 (1 rugande)	1
Svartbak	5 (2 kull/rug.)	3
Gråmåse	11 (6 rugande)	7

År	1994	2010	2011	2012	2013	2018	2019	2020
Dato	13.6.	15.6.	8.6.	9.6.	9.6.	11.6.	6.6.	16.6.
Toppskarv		5		6	1			
Storskav						1		
Hegre	18 reir							
Grågås	1 par	12	4 (2 par)	5 (2 par)				
Ærfugl (fl. med ungar)	150	3 ho, 1 kull (2 par)	24 (9 hoer) 5 par	4 (3 hoer) 3 par	3 (2 hoer) 2 par			2 hoer 2 par
Siland	8 hoer			10 (3 par)			1 ho (1 par)	
Tjeld		2 (2 par)		4 (2 par)	1 (1 par)		2 (1 par)	
Storspove								
Fiskemåse		3 (2 par)	4 (2 par)	4 (2 par)	2 (1 par)		2 (1 par)	3 (1 par)
Svartbak	18 par	9 (5 par)	31 (10 par)	17 (10 par)	26 (12 par)	7 (3 par)	7 (4 par)	5 (3 par)
Gråmåse	25 par	20 (7 par)	23 (12 par)	17 (12 par)	24 (12 par)	5 (2 par)	3 (2 par)	11 (6 par)
Krake		2	1	1				


Reservatet omfattar to holmar i Nordfjorden, nord for Rugsundøy. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2010, sjå Larsen (2014). Figuren på neste side viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.

Begge dei to Skorpeholmane hadde vakse til med utplanta barskog, og da skogen på den vestre holmen blei felt vinteren 2008-09 var det talet på hekkande gråmåsar som auka mest. Etter at det siste hogstavfallet blei brent før hekkesesongen i 2011, dobla bestanden seg igjen. Truleg må den andre holmen også ryddast før ein kan rekne med større hekkebestandar i reservatet, særleg fordi fiskemåsen neppe kjem tilbake for fullt før den kan hekke skilt frå svartbaken (som i mange andre hekkeområde).




I fjordane er nok tilgangen på eigna hekkeplassar ein langt meir avgjerande faktor for sjøfuglbestandane enn lengre ute på kysten, sjølv om problema med næringsmangel er eit felles problem. I 2017 passerte vi berre på avstand, fordi ingen fuglar var å sjå, og tellingane etter dette stadfestar at næringstilhøva nok framleis er kritisk dårlige.

Sjølv om det er lite hekkande fuglar på Skorpeholmane no, er det verdt å merke seg at gråmåsen først blei registrert hekkande i 1994, slik at dagens førekommst representerer ein auke i arten si utbreiing samanlikna med 1980-talet. Det har nok aldri vore snakk om store mengder sjøfugl her, men Skorpeholmane er likevel viktige i fjordsystemet, og hekkebestandane er for tida så små at dei kan forsvinne når som helst.



Haukedalsholmane

Areal: Land 16 da, sjø 96 da
 Type: Grasdominerte holmar
 Viktige artar: Gråmåse, svartbak, tjeld, ærfugl
 Miljø: Fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Bremanger
 Skjøtselstiltak: Skog felt 2009, ny rydding 2013



Registrering 8.6.14, frå 09:40

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	1 hann	1
Siland	1	1
Tjeld	3 (1 rugande)	3
Fiskemåse	29 (11 rugande)	14
Svartbak	21 (6 kull/rug.)	10
Kråke	2	-

Registrering 10.6.17, frå 09:12

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	7 (1 rugande)	4
Fiskemåse	3 (1 rugande)	2
Svartbak	9 (3 kull/rug.)	4
Gråmåse	1 rugande	1

Registrering 11.6.18, frå 14:15

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	1 hann	1
Tjeld	2 (1 rugande)	1
Fiskemåse	5 (1 rugande)	3

Registrering 6.6.19, frå 18:12

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	1	1
Fiskemåse	5 (2 rugande)	3
Svartbak	8 (2 kull/rug.)	4


Registrering 16.6.20, frå 11:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Hegre	1	-
Storskav	1	-
Grågås	2	1
Ærfugl	5 (4 hoer)	3
Siland	3	2
Tjeld	2	2
Strandsnipe	1	1
Fiskemåse	5 (1 rugande)	3
Svartbak	5 (1 kull/rug.)	2

År	1994	2011	2012	2013	2014	2017	2018	2019	2020
Dato	13.6.	8.6.	9.6.	9.6.	8.6.	10.6.	11.6.	6.6.	16.6.
Toppskarv			1						
Storskav									1
Hegre									1
Grågås	1 par			2					2 (1 par)

År	1994	2011	2012	2013	2014	2017	2018	2019	2020
Ærfugl	120 (fl. med ungar)	15 (10 ho) 5 par	5 (4 hoer) 3 par	4 (2 hoer) 2 par	1 hann 1 par		1 hann 1 par		5 (4 hoer) 3 par
Siland	12				1 (1 par)				3 (2 par)
Tjeld	3 par	3 (3 par)	2 (2 par)	3 (3 par)	3 (3 par)	7 (4 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	2 (2 par)
Strandsnipe		1 (1 par)							1 (1 par)
Fiskemåse		3 (2 par)	8 (4 par)	16 (12 par)	29 (14 par)	3 (2 par)	5 (3 par)	5 (3 par)	5 (3 par)
Svartbak	10 par	24 (10 par)	37 (20 par)	21 (12 par)	21 (10 par)	9 (4 par)		8 (4 par)	5 (2 par)
Gråmåse	20-25 par		4 (2 par)	2 (2 par)		1 (1 par)			
Kräke					2				

Reservatet omfattar tre holmar i Nordfjorden, sør for Rugsundøy. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av det som har vore dei viktigaste artane i området.




Haukedalsholmane har truleg aldri hatt spesielt store hekkebestandar, sjølv om kjeldematerialet er noko usikkert. Under tellinga 30.6.1983 blei det ikkje sett fugl i området (Godø 1983). Ved den første tellinga etter hundreårs-skiftet hekka seks par fiskemåse og tre par svartbak, men da var holmane i stor grad dekte av lauvkratt og sitka. Det blei også nemnt av Godø (2000) at alle holmane dekte av tett kratt og granplanting, og at «rydding er nødvendig om formålet med reservatet skal oppretthaldast». Likevel er holmen ført opp med 150 par fiskemåse, noko som gjer den til ein av dei beste hekkeplassane i fylket for arten det året. Men Godø bruker «par» i staden for «reir», og det betyr normalt at reirtelling ikkje blei gjort. Ettersom det er vanskeleg å sjå føre seg at det kunne vere plass til 150 reir (som er definisjonen på hekkande par i denne rapporten) på dei gjengrodde holmane, er 150 par på figuren justert ned til 125 hekkande par (85%, som det for så vidt også er vanskeleg å sjå føre seg).

Skogen blei felt vinteren 2008-09. I åra like etter utvikla bestandane seg positivt, men det tok aldri heilt av, og ved dei siste tellingane har talet på fugl gått tilbake til nær null-nivå. Ved tellinga i 2018 gjekk ein geitebukk på den største holmen, der ingen rugande fuglar blei sett. Hekkande terner er ikkje registrert etter 1984.

Tennøyane

Areal: Land 151 da, sjø 197 da
 Type: Grasdominerte øyer med lyngparti
 Viktige artar: Gråmåse, svartbak, fiskemåse
 Miljø: Fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Bremanger
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 11.6.18, frå 13:20

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	4	2
Siland	14	5
Tjeld	7 (1 rugande)	4
Fiskemåse	3	2
Svartbak	20 (1 kull/rug.)	5
Gråmåse	39 (5 kull/rug.)	13

Registrering 6.6.19, frå 18:55

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	2 hoer	2
Siland	5	2
Tjeld	2	2
Heilo	4	-
Fiskemåse	20 (4 rugande)	7
Svartbak	26 (7 kull/rug.)	10
Gråmåse	35 (10 kull/rug.)	15


Registrering 16.6.20, frå 10:12

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	9 hoer	5
Siland	3	2
Havørn	1	
Tjeld	4	3
Heilo	5	-
Strandsnipe	1	1
Fiskemåse	9	4
Svartbak	13	5
Gråmåse	85 (17 kull/rug.)	30

År	1994	2009	2010	2011	2012	2013	2018	2019	2020
Dato	12.6.	19.5.	15.6.	8.6.	9.6.	9.6.	11.6.	6.6.	16.6.
Toppskarv				3					
Grågås	2 par (hekking)		4 (1 par)				4 (2 par)		
Ærfugl	60 (fl. kull) 2 par	45 (12 hoer) 2 par		28 (2 hoer) 2 par		1 ho 1 par		2 hoer 2 par	9 hoer 5 par
Siland		2 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)		4 (2 par)	14 (5 par)	5 (2 par)	3 (2 par)
Krikkand						6			
Havørn									1
Tjeld	12 par	1 (1 par)	4 (3 par)		5 (4 par)	2 (2 par)	7 (4 par)	2 (2 par)	4 (3 par)
Heilo			2		1	1		4	5
Storspove									
Strandsnipe		1 (1 par)				1 (1 par)			1 (1 par)
Fiskemåse	40-50 par	5-10 (3 par)		8 (1 par)	7 (3 par)	6 (3 par)	3 (2 par)	20 (7 par)	9 (4 par)

År	1994	2009	2010	2011	2012	2013	2018	2019	2020
Svartbak	40 par	30-40 (20 par)	12 (5 par)	12 (5 par)	19 (8 par)	22 (10 par)	20 (5 par)	26 (10 par)	13 (5 par)
Gråmåse	100 par	170 (70 par)	45 (10 par)	65 (25 par)	36 (20 par)	76 (30 par)	39 (13 par)	35 (15 par)	85 (30 par)
Sildemåse					4 (2 par)				
Makrellterne				1					
Kråke						1			

Reservatet omfattar to store holmar i Gulenfjorden, inn frå Frøysjøen. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2009, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av det som har vore dei viktigaste artane i området.



Tennøyane heldt det gående med ein god hekkebestand av gråmåse også etter hundrearsskiftet, og var slik sett i ein uvanleg positiv situasjon i fylket. I 2010 blei området utsett for forstyrring tidleg i hekketida, og dette heldt truleg fram i fleire av åra etterpå. Men over tid hadde det nok uansett gått nedover med hekkebestanden her som andre stader.

I 2020 auka gråmåsebestanden ein heil del, utan at vi kjenner bakgrunnen for dette. For dei andre måseartane skjedde ingen tilsvarende utvikling. Her som elles i den nordlegaste delen av fylket har hekkebestanden av fiskemåse vore svært liten i lang tid.


Tennøyane er framleis i bra tilstand når det gjeld vegetasjonen, men på delar av øyane begynner røsslyngen å bli grovvaksen og lite eigna for sjøfugl.

Kartet viser Tennøyane naturreservat.



Frøyskjera

Areal: Land 180 da, sjø 11670 da
 Type: Grasdominerte øyer, snaue skjer
 Viktige artar: Gråmåse, svartbak, ærfugl, tjeld
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Bremanger
 Skjøtselstiltak: Ingen



Eit tidkrevjande og vanskeleg område å telje. Ikkje undersøkt i perioden 2014-2018.

Registrering 6.6.19, frå 10:40

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	12	-
Grågås	11	2
Ærfugl	74 (8 hoer)	-
Siland	6	2
Tjeld	9	6
Fiskemåse	15	2
Svartbak	87 (32 kull/rug.)	40
Gråmåse	53 (29 kull/rug.)	35
Kråke	2	-
Oter	1	


Registrering 16.6.20, frå 15:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	2 (1 par m/ungar)	1
Ærfugl	52 (17 hoer)	-
Tjeld	5	4
Fiskemåse	222	8
Svartbak	107 (16 kull/rug.)	35
Gråmåse	97 (25 kull/rug.)	35
Sildemåse	22 (5 rugande)	7
Kråke	1	-
Steinkobbe	3	

År	1984	2008	2010	2011	2012	2013	2019	2020
Dato	6.6.	15.6.	16.6.	7.6.	9.6.	8.6.	6.6.	16.6.
Islom				1				
Havhest		1						
Toppskarv		10	29	59	85	14	12	
Storskarv					1			
Grågås	3		5 (1 par)	11 (2 par)	11 (2 par)	2 (1 par)	11 (2 par)	2 (1 par)
Ærfugl	82 (70 hannar)	30 (5 hoer) 3 par	455 (28 hoer) 5-10 par	140 (32 hoer) 10 par	144 (5 hoer) 6 par	76 (9 hoer) 3 par	74 (8 hoer)	52 (17 hoer)
Siland							6 (2 par)	
Tjeld	8 par	10 (5 par)	12 (7 par)	11 (6 par)	1 (1 par)	3 (3 par)	9 (6 par)	5 (4 par)
Spove sp.				1				
Myrsnipe				1				
Steinvendar	1 par			1 (1 par)				
Fiskemåse		6 (2 par)	2 (2 par)	1 (1 par)		4 (2 par)	15 (2 par)	222 (8 par)
Svartbak	75 par	64 (20 par)	156 (35 par)	211 (45 par)	103 (40 par)	113 (50 par)	87 (40 par)	107 (35 par)
Gråmåse	80 par	54 (12 par)	124 (30 par)	92 (35 par)	65 (25 par)	102 (55 par)	53 (35 par)	97 (35 par)
Sildemåse	100							22 (7 par)
Raudnebbterne	60 par	1						

År	1984	2008	2010	2011	2012	2013	2019	2020
Tjuvjo	1 par							
Alke				2				
Teist	10							
Kråke		1 (1 par)		4	1	1	2	1
Oter				4 (2 ungar)			1	
Steinkobbe			1	1				3


Reservatet dekker eit stort gruntområde med mange holmar og skjer ut mot ope hav. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993 (det blei ikkje talt opp på 90-talet eller i 2000), og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1984 og 2008, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av det som har vore dei viktigaste artane i området.



Området er stort (nesten 12 km²) og derfor også med mange registrerte arter, men det ligg vêrhardt til og har mange snaue skjer som er lite eigna for hekking. Den sørlege delen av dette store gruntområdet er først og fremst kvileområde for ikkje-hekkande ærfugl og skarv. Unntaket er Søtingen med ein blanda koloni av svartbak og gråmåse. Vidare nordover i den austlege delen av området er ei rekke holmar med vegetasjon, der svartbak hekkar jamt spreidd – men med litt større konsentrasjonar på Kobbeskjeret og Joskjera. I nordaust er også Torbjørnsholmen og dei små skjera rundt dominert av jamt spreidde svartbakpar, mens gråmåsen kjem inn igjen på det meir eksponerte Gjenneskjeret i nord. Gjenneskjeret er også kvileplass for ærfugl og toppskarv i varierande tal.

Etter samanbrotet ved hundreårsskiftet klarte vi berre å påvise eitt enkelt hekkande måsepar (svartbak) i 2004. Etter dette kom ei rask positiv utvikling, men den stoppa like raskt opp, og har sidan lagt på rundt 40 par av både svartbak og gråmåse. Terner har stort sett vore frâverande ved alle tellingar etter 1980-talet.

Det blei talt rundt 10 individ av teist i området i 1984. Området blei ikkje talt opp igjen før i 2004, da to teistar blei sett. Etter dette er ikkje teist sett i området. Toppskarv er aldri registrert hekkande, trass i store areal med tareskog. Frøyskjera er ope for taretråling.




Frøyskjera naturreservat



Frå venstre: Hovdefjell, Rognane og Vengane naturreservat

Vengane

Areal: Land 40 da, sjø 580 da
 Type: Graskledde holmar med rullestein og svaberg
 Viktige artar: Svartbak, gråmåse, fiskemåse, tjeld, grågås
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Bremanger
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 8.6.14, fra 10:30

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	9	3
Tjeld	4 (1 rugande)	3
Fiskemåse	3	2
Svartbak	99 (34 rugande)	40
Gråmåse	13 (6 rugande)	7
Terne sp.	1	-
Kråke	6	-

Registrering 10.6.17, fra 08:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	2	2
Fiskemåse	2	2
Svartbak	58 (13 rugande)	22
Gråmåse	9 (4 rugande)	4
Kråke	2	-

Registrering 11.6.18, fra 12:40

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	4	2
Tjeld	1	1
Fiskemåse	1	1
Svartbak	34 (7 rugande)	13
Gråmåse	2	1

Registrering 6.6.19, fra 19:30

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	6	2
Tjeld	5	3
Sandlo	2	1
Fiskemåse	9 (3 rugande)	5
Svartbak	28 (11 rugande)	12
Gråmåse	3	1
Kråke	4	-


Registrering 9.6.20, fra 19:05

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	1	1
Tjeld	3	3
Svartbak	22 (5 rugande)	10
Kråke	4	-
Ramn	1	-

År	1994	2011	2012	2013	2014	2017	2018	2019	2020
Dato	6.6.	8.6.	10.6.	9.6.	8.6.	10.6.	11.6.	6.6.	9.6.
Grågås	23		31 (3 par)	39 (3 par)	9 (3 par)		4 (2 par)	6 (2 par)	1 (1 par)
Stokkand		1							
Tjeld	7 par	2 (1 par)			4 (3 par)	2 (2 par)	1 (1 par)	5 (3 par)	3 (3 par)
Sandlo								2 (1 par)	
Raudstilk	1 par								
Steinvendar	1 par								
Fiskemåse		7 (3 par)		1 (1 par)	3 (2 par)	2 (2 par)	1 (1 par)	9 (5 par)	
Svartbak	28 par	73 (25 par)	82 (35 par)	86 (42 par)	99 (40 par)	58 (22 par)	34 (13 par)	28 (12 par)	1 (1 par)
Gråmåse	73 par	27 (15 par)	21 (14 par)	18 (10 par)	13 (7 par)	9 (4 par)	2 (1 par)	3 (1 par)	
Makrellterne					1				
Teist				1 (1 par)					
Kräke		4	2	1	6	2		4	4
Ramn									1

Undersøkt i 1994/95, men ikke omtalt i rapporten (Godø 1995).

Ei samling holmar og skjer i ytre del av Frøysjøen. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1994 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av det som har vore dei viktigaste artane i området.



Storøyna med eit par fritidshus er utanfor reservatgrensene, og blir ikkje talt opp. Det hekkar lite sjøfugl der, men øya kan samle ein del grågås. Skjeret Bolten i sørvest (ved Ognholmdraga) ligg også utanfor reservatgrensene, men er ein viktig kvileplass for skarv, og tala derifrå er tatt med i oversikten.



Smelvær naturreservat

Moldvær

Areal: Land 210 da, sjø 2920 da
 Type: Øygruppe med berglendte, graskledd øyar
 Viktigaste artar: Toppskarv, gråmåse, svartbak, sildemåse, teist, ærfugl
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 5.6.14, fra 11:10

- Kvannskjeret: Toppskarv 2 (1 reir med 2 egg), ærfugl 1 (3 reirfunn), tjeld 1, svartbak 12 (5 rug., 5 reirfunn), fiskemåse 1, teist 8, steinkobbe 1.
- Ingvaldsøyna: Toppskarv 13, ærfugl 4 (1 ho + 1 reirfunn), tjeld 2, svartbak 6 (1 rug., 1 reirfunn), sildemåse 16 (8 reirfunn), raudnebbterne 10 (5 reirfunn), kråke 2.
- Husøyna og holmar i S: Toppskarv 55, grågås 8, ærfugl 10 (7 hoer), siland 4, tjeld 1, svartbak 21 (7 rug.), gråmåse 6 (2 rug.), sildemåse 1, raudnebbterne 70 (på skjer), teist 1.
- Storøyna: Toppskarv 36 (35 reir, 32 med innhald), grågås 1, ærfugl 1 par (2 reirfunn), tjeld 2 (1 reirfunn), steinvendar 2, svartbak 21 (6 rug., 7 reirfunn), gråmåse 50 (9 rug., 6 reirfunn), sildemåse 2 (1 rug.), teist 6.
- Klubben: Toppskarv 4 (4 reir, alle med innhald), grågås 12, ærfugl 5 (4 hoer), tjeld 3, svartbak 15 (3 reirfunn), gråmåse 20 (8 reirfunn), teist 5.
- Melskjeret: Grågås 40, tjeld 1, svartbak 4, teist 1, steinkobbe 7.

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	110 (40 reir, 37 med innhald)	45
Grågås	60	4
Ærfugl	22, av desse 13 hoer (6 reirfunn)	10
Siland	4	2
Tjeld	10 (1 reirfunn)	8
Steinvendar	2	1
Fiskemåse	1	1
Svartbak	79 (19 rugande, 16 reirfunn)	30
Gråmåse	76 (11 rugande, 14 reirfunn)	25
Sildemåse	19 (1 rugande, 8 reirfunn)	10
Raudnebbterne	80 (5 reirfunn)	8
Teist	21	14
Kråke	2	-
Steinkobbe	8	

Registrering 13.6.16, fra 12:05

- Kvannskjeret: Toppskarv 2 (8 reir, 6 med innhald), storskav 1, ærfugl 2 hoer, svartbak 25 (2 rugande).
- Ingvaldsøyna: Grågås 15, ærfugl 5 hoer, tjeld 3, svartbak 13 (2 rugande), gråmåse 1, sildemåse 2 reirfunn, fiskemåse 1, raudnebbterne 7.
- Husøyna og holmar i S: Grågås 1, tjeld 3, steinvendar 2, svartbak 37 (5 rugande), fiskemåse 3 (1 rugande), teist 1.
- Storøyna: Toppskarv 45 (14 reir, 10 med innhald), grågås 9, havørn reir med 1 unge, tjeld 3, svartbak 18 (3 rugande, 2 reirfunn), gråmåse 15 (4 rugande, 1 reirfunn), fiskemåse 4, teist 4, kråke 1.
- Klubben: Toppskarv 10 (8 reir, 7 med innhald), grågås 11, svartbak 8 (3 rugande), gråmåse 20 (3 rugande, 1 reirfunn), fiskemåse 1, teist 1, kråke 2 (+ unge).
- Melskjeret: Toppskarv 1, tjeld 1, svartbak 2.

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	58 (30 reir, 23 med innhald)	33
Grågås	36	2
Ærfugl	7 hoer	6
Havørn	1 voksen	
Tjeld	10	6
Steinvendar	2	1
Fiskemåse	9 (1 rugande)	4

Svartbak	103 (15 rugande, 2 reirfunn)	25
Gråmåse	36 (7 rugande, 2 reirfunn)	12
Sildemåse	2 reirfunn	2
Raudnebbterne	7	-
Teist	6	4
Kråke	3	1

Registrering 1.6.17, fra 11:00

- Kvannskjeret: Toppskarv 31 (7 reir, 6 med innhald), grågås 1, ærfugl 1 reir, svartbak 7 (2 rug., 2 reirfunn), teist 3.
- Ingvaldsøyna: Grågås 15, tjeld 5, svartbak 12 (4 rugande, 2 reirfunn), gråmåse 3, sildemåse 8 (3 rug., 4 reirfunn), fiskemåse 1, teist 1.
- Husøyna og holmar i S: Toppskarv 9, tjeld 2, svartbak 7 (3 rug.), sildemåse 14 (2 rug.), fiskemåse 4, terne 4.
- Storøyna: Toppskarv 26 (11 reir, 7 med innhald), havørn 2 ad. (reir med 1 unge), svartbak 10 (4 rug.), gråmåse 13 (1 rug., 1 reirfunn), fiskemåse 8 (1 rugande), teist 7, kråke 1.
- Klubben: Toppskarv 36 (8 reir, 7 med innhald), grågås 2, tjeld 2, svartbak 15 (2 rug.), gråmåse 20 (1 rug., 4 reirfunn), fiskemåse 4, teist 5.
- Melskjeret: Gråmåse 2.

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	102 (26 reir, 20 med innhald)	33
Grågås	16	2
Ærfugl	1 reir	1
Havørn	2 vaksne	
Tjeld	9	5
Fiskemåse	17 (1 rugande)	6
Svartbak	51 (14 rugande, 4 reirfunn)	20
Gråmåse	38 (2 rugande, 5 reirfunn)	10
Sildemåse	22 (5 rugande, 4 reirfunn)	8
Raudnebbterne	4	2
Teist	16	8
Kråke	1	1 (34 topsskarvegg)

Registrering 11.6.19, fra 10:45


- Kvannskjeret: Toppskarv 14 (4 reir, 2 med innhald), tjeld 1, svartbak 8 (4 rug., 2 reirfunn), gråmåse 2, teist 5.
- Ingvaldsøyna: Toppskarv 1, tjeld 2, svartbak 12 (2 rugande, 6 reirfunn), gråmåse 3 (1 reirfunn), sildemåse 21 (6 rug., 14 reirfunn), fiskemåse 5 (1 reirfunn), krykkje 1 ungfugl, teist 2.
- Husøyna og holmar i S: Toppskarv 3, ærfugl 1 ho, tjeld 1, svartbak 20 (6 rug.), gråmåse 4, fiskemåse 17 (1 rugande).
- Storøyna: Toppskarv 12 (9 reir, 4 med innhald), havørn 2 ad. (reir med 2 ungar), tjeld 6, steinvendar høyrt, svartbak 20 (4 reirfunn), gråmåse 28 (1 reirfunn), fiskemåse 10, raudnebbterne 1, teist 9, kråke 1.
- Klubben: Toppskarv 7 (2 reir, 1 med innhald), tjeld 1, svartbak 3, gråmåse 30 (7 rugande), teist 4, kråke 1 voksen (5 flygedyktige ungar).
- Melskjeret: Svartbak 4.

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	37 (15 reir, 7 med innhald)	20
Ærfugl	1 ho	1
Tjeld	11	8
Steinvendar	1 (høyrt)	1
Havørn	2 vaksne	
Fiskemåse	32 (1 rugande, 1 reirfunn)	8
Svartbak	67 (12 rugande, 12 reirfunn)	22
Gråmåse	67 (7 rugande, 2 reirfunn)	20
Sildemåse	21 (6 rugande, 14 reirfunn)	15
Krykkje	1 ungfugl	-
Raudnebbterne	1	-
Teist	20	10
Kråke	2 (+ 5 flygedyktige ungar)	1 (21 topsskarvegg, 4 fiskemåseegg)


År	1995	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2019
Dato	13.6	10.6.	8.6.	6.6.	5.6.	5.6.	13.6.	1.6.	11.6.
Toppskarv	300 par	99 (50 par)	119 (65 par)	95 (50 par)	114 (70 par)	110 (45 par)	58 (33 par)	102 (30 par)	37 (20 par)
Grågås	30 (6 par)	345 (4 par)	218 (2 par)	66 (3 par)	45 (4 par)	60 (4 par)	36 (2 par)	16 (2 par)	
Ærfugl	100 hoer (fleire m/ungar)	13 (9 ho/1 reir) 5 par	24 (14 ho/2 reir) 8 par	35 (14 ho/4 reir) 8 par	19 (6 ho/9 reir) 10 par	22 (13 ho/6 reir) 10 par	7 ho (6 par)	1 reir (1 par)	1 ho (1 par)
Siland						4 (2 par)			
Havørn					1 ungfugl		1 vaksen	2 vaksne	2 vaksne
Tjeld	6 par	13 (6 par)	6 (4 par)	13 (7 par)	6 (6 par)	10 (8 par)	10 (6 par)	9 (5 par)	11 (8 par)
Steinvendar	1 par		1 (1 par)	1 (1 par)	2 (2 par)	2 (1 par)	2 (1 par)		1 (1 par)
Småspove				2 (1 par?)					
Raudstilk				1					
Fiskemåse		6 (2 par)	1 (1 par)	20 (7 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	9 (4 par)	17 (6 par)	32 (8 par)
Svartbak	50-60 par	84 (25 par)	126 (25 par)	115 (28 par)	73 (30 par)	79 (30 par)	103 (25 par)	51 (20 par)	67 (22 par)
Gråmåse	250 par	114 (35 par)	82 (35 par)	97 (40 par)	95 (35 par)	76 (25 par)	36 (12 par)	38 (10 par)	67 (20 par)
Sildemåse		180 (44 par)	100 (26 par)	51 (20 par)	73 (30 par)	19 (10 par)	2 par	22 (10 par)	21 (15 par)
Krykkje									1
Terne		100	2*	68 (15 par)*	96 (20 par)*	80 (8 par)*	7*	4 (2 par)*	1*
Teist	25	20 (10 par)	15 (9 par)	12 (7 par)	22 (12 par)	21 (14 par)	6 (4 par)	16 (8 par)	20 (10 par)
Kräke					1	2	3 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)
Oter	1	1							
Steinkobbe					1	8			

*raudnebbterne

Eit gruntområde med ein stor og mange mindre holmar i den ytre skjergarden mot ope hav. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2010, sjå Larsen (2014). Figurane under viser kjente tal hekkande par av det som har vore dei viktigaste artane i området.



Moldvær og naboområdet Ryggsteinen har tradisjonelt vore eitt av to kjerneområde for toppskarv og teist i fylket, med Ytre Solund (Gåsvær og Utvær) som det andre. Hekkebestandane av teist var på sitt høgaste på 80-talet (65 individ ved Moldvær i 1984), men i 1995 og vidare inn i den siste tiårsperioden har bestanden lagt mellom 20 og 30 individ. I figuren under er talet rekna om til hekkande par.





Dei 250-300 hekkande para topskarv i 1995 var truleg noko utanom det vanlege, sjølv om vi ikkje veit dette sikkert fordi dette er einaste tellinga i 20-årsperioden mellom 1984 og 2004. Etter at FM og SNO tok opp tellingane, har det blitt lagt ned eit spesielt grundig arbeid med telling av skarvereir i ytre Askvoll. Etter vår toppnotering på 164 reirfunn i Moldvær i 2005, har hekkebestanden her vore i relativt jamn nedgang. Ved vurdering av talet på hekkande topsskarvpar blir egg funne i det lokale kråkeparet sitt «eggslakteri» (ei bergsprekk der måsane ikkje kjem til, og som fungerer som lager for stolne egg) rekna med i grunnlaget.

Ein sildemåsekoloni på Ingvaldsøyna blei oppdaga i 2007, og hadde på det meste 44 reir i 2010. For denne arten skuldast nedgangen i åra like etter truleg at folk har vore på land og tatt egg, og slike forstyrningar kan ha påverka bestandane av fleire andre artar. Under tellingane i åra etter registrerte vi m.a. at nokre rugande skarvar forlét reira da SNO-båten passerte; ein langt meir nervøs reaksjon enn i andre topsskarvlokalitetar.


Det observerte talet på grågås som samlar seg for å skifte vengefjør i dette avsides området varierer ein del, men saman med Ryggsteinen har Moldvær vore eit av dei viktigaste fjørfallingsområda for grågås i fylket.

Det blir under tellingane gjort ilandstiging på Kvannskjeret, Ingvaldsøy, Storøyna og Klubben. Dei første åra (2004 og 2005) var vi ikkje i land på dei to første, noko som truleg betyr at hekkebestanden av topsskarv er underestimert med 5-10 par dei åra.

Dei tre naboområda Moldvær, Ryggsteinen og Håsteinen kan truleg sjåast på som eit stort, felles hekkeområde. Figurane på neste side viser samanlagde tal for hekkebestandane av hv. topsskarv og teist i dei tre sjøfugl-reservata. På grunn av den kumulative framstillinga er det berre mogleg å vise år der alle tre områda har blitt talt opp, slik at m.a den store førekomensten av hekkande topsskarv i 1995 ikkje visast (Ryggsteinen blei ikkje talt opp det året). Det som likevel synest klårt, er at hekkebestanden av både teist og topsskarv for tida er på sitt aller lågaste, at nedgangen tok til *tidlegare* for teist, og at nedgangen for topsskarv kom fleire år *seinare* enn nedgangen for dei fleste andre sjøfuglar.




Moldvær naturreservat:



Ryggsteinen

Areal: Land 130 da, sjø 820 da
 Type: Øygruppe med lage, graskledde øyar og snaue skjer
 Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, tjeld, teist, fiskemåse, grågås
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 13.6.16, frå 16:40

- Indrøyna: Grågås 2, svartbak 11, sildemåse 1, fiskemåse 1, teist 1.
- Husøy og holmar mot V: Grågås 1, fiskemåse 1, svartbak 5, gråmåse 8 (4 rugande + 2 pull), sildemåse 1.
- Ytrøyna: Toppskarv 1, siland 4, steinvendar 2, svartbak 28 (5 rugande + 1 pull, 1 reirfunn), gråmåse 12 (3 reirfunn), sildemåse 8 (3 rugande).
- Paradis: Toppskarv 15, grågås 130, svartbak 6 (2 rugande), steinkobbe 8.

Ryggsteinen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	16	1
Grågås	133	2
Siland	4	2
Steinvendar	2	1
Fiskemåse	2	1
Svartbak	50 (8 rugande, 1 reirfunn)	15
Gråmåse	10 (5 rugande, 3 reirfunn)	5
Sildemåse	8 (3 rugande)	4
Teist	1	1
Steinkobbe	8	

Registrering 1.6.17, frå 14:55

- Indrøyna: Grågås 3, svartbak 14 (9 rugande), sildemåse 11 (4 rugande), gråmåse 1, terner 4 flygande, teist 3, steinkobbe 3.
- Husøy og holmar mot V: Toppskarv 2, grågås 4, tjeld 2, svartbak 8 (1 rugande), gråmåse 1, sildemåse 2, terner 4, steinkobbe 2.
- Ytrøyna: Ærfugl 3 hannar, tjeld 2, svartbak 25 (9 rugande), sildemåse 16 (6 rugande), gråmåse 12 (4 rugande), fiskemåse 12 (2 rugande), teist 3, steinkobbe 14.
- Paradis: Ærfugl 1 hann, tjeld 3, svartbak 2 (1 rugande), gråmåse 6 (4 rugande), sildemåse 3.

Ryggsteinen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	2	-
Grågås	3	2
Ærfugl	4 hannar	2
Tjeld	7	4
Fiskemåse	12 (2 rugande)	6
Svartbak	51 (20 rugande)	20
Gråmåse	20 (8 rugande)	10
Sildemåse	29 (10 rugande)	13
Terner	8	5
Teist	6	4
Steinkobbe	19	

Registrering 11.6.19, frå 14:30 (uroleg sjø, vanskeleg å sjå t.d. teist på vatnet)

- Indrøyna: Grågås 3, tjeld 1, svartbak 6 (2 rugande), fiskemåse 2, teist 3.
- Husøy og holmar mot V: Toppskarv 2, grågås 5, tjeld 2, svartbak 5 (1 rugande), gråmåse 2, fiskemåse 3.
- Ytrøyna: Svartbak 18 (3 rugande), gråmåse 30, sildemåse 4, fiskemåse 30, krykkje 600, steinkobbe 6.
- Paradis: Tjeld 2, svartbak 29 (1 rugande), gråmåse 30, sildemåse 12, fiskemåse 20, krykkje 300, steinkobbe 6.

Ryggsteinen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	2	-
Grågås	8	3
Tjeld	5	4
Fiskemåse	55	5
Krykkje	900	-
Svartbak	58 (7 rugande)	18
Gråmåse	62	15
Sildemåse	16	5
Teist	3	3
Steinkobbe	12	




År	1984	2010	2011	2012	2013	2016	2017	2019
Dato	17.6	10.6.	8.6.	6.6.	5.6.	13.6	1.6.	11.6.
Toppskarv	350 (74 reir)		10	7 (2 par)	37 (2 par)	16 (1 par)	2	2
Grågås	260 (5 par)	210 (4 par)	66 (2 par)	96 (1 par)	84 (2 par)	133 (2 par)	3 (2 par)	8 (3 par)
Ærfugl	700 (50 hoer, fl. m/ungar)	45 (5 hoer) 3 par		7 (1 ho) 3 par	114 (13 ho) 5 par		4 hannar 2 par	
Siland	180					4 (2 par)		
Tjeld	2 par	12 (6 par)	4 (2 par)	8 (6 par)	4 (3 par)		7 (4 par)	5 (4 par)
Steinvendar	1 par					2 (1 par)		
Fiskemåse		4 (1 par)	2 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)	12 (6 par)	55 (5 par)
Svartbak	50 par	112 (20 par)	70 (20 par)	93 (20 par)	74 (30 par)	50 (15 par)	51 (20 par)	58 (18 par)
Gråmåse		19 (5 par)	12 (5 par)	1 (1 par)	6 (5 par)	10 (5 par)	20 (10 par)	62 (15 par)
Sildemåse		8 (2-3 par)	2 (1 par)	4 (2 par)	10 (5 par)	8 (4 par)	29 (13 par)	16 (5 par)
Krykkje								900
Tjuvjo	2 par							
Terne	20 par*	18 (3 par)		90 (10 par)	25 (8 par)		8 (5 par)	
Lunde	12 (5 reir)	2						
Teist	120 (70 par)	2 (2 par)	5 (3 par)	11 (5 par)	3 (3 par)	1 (1 par)	6 (4 par)	3 (3 par)
Kräke			1					
Oter				1				
Steinkobbe			14	2	31	8	19	12

*Raudnebbterne

Eit gruntområde med ei rad låge holmar i den ytre skjergarden mot ope hav. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1984 og 2010, sjå Larsen (2014). Figurane på neste side viser kjente tal hekkande par av det som har vore dei viktigaste artane i området. Ryggsteinen blei ikkje talt opp verken i 1995 eller 2000, så tala er samanlikna med den siste tellinga før hundrearsskiftet, i 1984.


Ryggsteinen var saman med Moldvær i mange år eit kjerneområde for topsskarv og teist i fylket, og på det meste blei det (i 1984) registrert 120 teist. Dette er fleire enn det som har blitt talt årleg i heile fylket dei siste ti åra, og teistebestanden ved Ryggsteinen er no svært liten. Det same gjeld topsskarven, som i praksis forsvann som hekkefugl i 2007. Året før hadde det blitt gjennomført taretråling rundt reservatet, og truleg har dette redusert bølgdedempinga så mye at dei låge holmane blei skytt over under vinterstormane. Alle tarevollar og gamle skarvereir var forsvunne i 2007. Taretrålinga har nok også ført til at næringstilgangen blei sterkt svekka.

Området, som før var viktig for både topsskarv, ærfugl og teist, er i ferd med å bli eit av stadig fleire svartbakdominerte hekkeområde langs kysten.



Håsteinen

Areal: Land 320 da, sjø 3950 da
 Type: Øygruppe med graskledde øyar og ein del snaue skjer
 Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, sildemåse, grågås, tjeld
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 5.6.14, frå 16:15

- Lambholmen (+ holmar): Grågås 25, tjeld 2, gråmåse 1, svartbak 3, kråke 1 flygande.
- Kvannskjeret: Grågås 5, tjeld 3, fiskemåse 1, svartbak 4 (1 rugande).
- Kalvøyna og Bolten: Grågås 10, tjeld 1, fiskemåse 2, svartbak 5, terne 3 (2 rugande), steinkobbe 1.
- Andersøyna – Hellersøyna – Geiteskjeret: Smålom 1, siland 8 (1 hann), tjeld 4, svartbak 36 (12 rugande), gråmåse 9 (4 rugande), sildemåse 33 (16 rugande), tjuvjo 1, ternar 4, oter 1, steinkobbe 2.
- Draget, Gabrielskjeret og holmane rundt: Grågås 23 (1 rugande), tjeld 1, fiskemåse 1, svartbak 13, gråmåse 10 (5 rugande), sildemåse 6 (3 rugande), teist 1.
- Skarveskjera - Svartskjera: Toppskarv 25, ærfugl 2 hannar, fiskemåse 8, svartbak 4, gråmåse 14 (2 rugande?), sildemåse 1, teist 2, steinkobbe 9.
- Kubbeskjeret: Toppskarv 20, ærfugl 52 (8 hoer), tjeld 2, fiskemåse 2, gråmåse 4.

Håsteinen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Smålom,	1	-
Toppskarv	45	-
Grågås	63	8
Ærfugl	54 (8 hoer)	3
Siland	8	5
Tjeld	13	6
Fiskemåse	14	4
Svartbak	65 (13 rugande)	25
Gråmåse	38 (11 rugande)	15
Sildemåse	40 (19 rugande)	20
Tjuvjo	1	1
Terne	7	3
Teist	3	2
Kråke	1	-
Oter	1	-
Steinkobbe	12	-

Registrering 13.6.16, frå 17:15

- Lambholmen (+ holmar): Toppskarv 1, siland 2, fiskemåse 1 rugande, svartbak 7, teist 1 flygande.
- Kvannskjeret: Grågås 30, tjeld 1, svartbak 8 (4 rugande).
- Kalvøyna og Bolten: Grågås 63, ærfugl 1 ho, tjeld 2, fiskemåse 2, svartbak 4, raudnebbterne 3, tjuvjo 1.
- Andersøyna – Hellersøyna – Geiteskjeret: Gulnebbblom 1, topsskarv 5, grågås 67, siland 4, tjeld 4 (1 rugande), svartbak 21 (4 rugande), gråmåse 22 (9 rugande), sildemåse 43 (12 rugande), fiskemåse 1, ternar 13.
- Draget, Gabrielskjeret og holmane rundt: Grågås 2, havørn 1 ungfugl, svartbak 4.
- Skarveskjera - Svartskjera: Toppskarv 16, fiskemåse 7, svartbak 1.

Håsteinen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Gulnebbblom	1	-
Topsskarv	22	-
Grågås	162	3
Ærfugl	1 ho	1
Siland	6	2

Havørn	1 ungfugl	-
Tjeld	7	5
Fiskemåse	11 (1 rugande)	3
Svartbak	45 (8 rugande)	20
Gråmåse	22 (9 rugande)	10
Sildemåse	43 (12 rugande)	15
Tjuvjo	1	1
Raudnebbterne	16	5
Teist	1	1

Registrering 1.6.17, frå 15:35

- Lambholmen (+ holmar): Tjeld 1, svartbak 4 (2 rugande), teist 1.
- Kvannskjeret: Tjeld 2, svartbak 13 (7 rugande), gråmåse 1, kråke 1.
- Kalvøyna og Bolten: Tjeld 1, svartbak 7 (3 rugande), terne 2.
- Andersøyna – Hellersøyna – Geiteskjeret: Toppskarv 3, grågås 4, ærfugl 1 ho, tjeld 2, svartbak 16 (6 rugande), gråmåse 27 (10 rugande), sildemåse 37 (21 rugande), fiskemåse 6 (2 rugande), raudnebbterne 40.
- Draget, Gabrielskjeret og holmane rundt: Grågås 2, tjeld 1, svartbak 3.
- Skarveskjera - Svartskjera: Toppskarv 20.
- Kubbeskjeret: Toppskarv 1, svartbak 1.

Håsteinen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	24	-
Grågås	6	2
Ærfugl	1 ho	1
Tjeld	7	5
Fiskemåse	6 (2 rugande)	3
Svartbak	44 (18 rugande)	20
Gråmåse	28 (10 rugande)	13
Sildemåse	37 (21 rugande)	23
Raudnebbterne	42	10
Teist	1	1
Kråke	1	-

Registrering 11.6.19, frå 15:10

- Lambholmen (+ holmar): Svartbak 4.
- Kvannskjeret: Svartbak 7 (1 rugande), gråmåse 30, sildemåse 5, fiskemåse 38, krykkje 30, kråke 1.
- Kalvøyna og Bolten: Svartbak 2, gråmåse 6, fiskemåse 15, 130 krykkje.
- Andersøyna – Hellersøyna – Geiteskjeret: Tjeld 2, svartbak 63 (11 rugande), gråmåse 28 (7 rugande), sildemåse 60 (10 rugande), raudnebbterne 20.
- Draget, Gabrielskjeret og holmane rundt: Tjeld 1, svartbak 26, gråmåse 8, fiskemåse 4, krykkje 80.
- Skarveskjera - Svartskjera: Toppskarv 25, tjeld 2, svartbak 6, gråmåse 15, fiskemåse 20, krykkje 150, raudnebbterne 30.


Håsteinen samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	25	-
Tjeld	5	4
Fiskemåse	77	8
Svartbak	108 (12 rugande)	20
Gråmåse	87 (7 rugande)	18
Sildemåse	65 (10 rugande)	15
Krykkje	390	-
Raudnebbterne	50	8

År	1995	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2019
Dato	13.6	8.6.	6.6.	5.6.	5.6.	13.6.	1.6.	11.6.
Lom				1	1	1		
Toppskarv		63	25	62	45	22	24	25
Grågås	80 (11 par)	40 (1 par)	20 (3 par)	21 (5 par)	63 (8 par)	162 (3 par)	6 (2 par)	
Ærfugl		38 hannar 3 par		62 (3 ho) 3 par	54 (8 ho) 3 par	1 ho 1 par	1 ho (1 par)	
Svartand								
Siland					8 (5 par)	6 (2 par)		
Havørn				1 ungfugl		1 ungfugl		
Tjeld	10 par	6 (5 par)	8 (5 par)	7 (5 par)	13 (6 par)	7 (5 par)	7 (5 par)	5 (4 par)
Steinvendar	2 par							
Raudstilk	1 par							
Fiskemåse		7 (2 par)	9 (4 par)	21 (12 par)	14 (4 par)	11 (3 par)	6 (3 par)	77 (8 par)
Svartbak	30 par	90 (30 par)	56 (25 par)	53 (25 par)	65 (25 par)	45 (20 par)	44 (20 par)	108 (20 par)
Gråmåse		34 (6 par)	15 (10 par)	21 (15 par)	38 (15 par)	22 (10 par)	28 (13 par)	87 (18 par)
Sildemåse			25 (15 par)	26 (20 par)	40 (20 par)	43 (15 par)	37 (23 par)	65 (15 par)
Krykkje								390
Terne	120 par*			26 (5 par)*	7 (3 par)	16 (5 par)*	42 (10 par)*	50 (8 par)*
Tjuvjo	1 par	3 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)		
Alke	1		1					
Teist	10				3 (2 par)	1 (1 par)	1 (1 par)	
Kråke		1		1	1		1	
Oter				1	1			
Steinkobbe		8	1	3	12			

* Raudnebbterne

Eit større grunntområde med fleire låge holmar og skjer i den ytre skjergarden mot ope hav. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren nedanfor viser kjente tal hekkande par av det som har vore dei viktigaste artane i området.




Ulikt naboområda Moldvær og Ryggsteinen har Håsteinen ikkje hatt fast hekking av toppskarv, einaste kjente hekkeforsøk skriv seg frå 1984 (fire reir). Samanlikna med naboområda Moldvær og Ryggsteinen har Håsteinen verka underleg fattig på hekkande fugl i fleire år. Særleg for teisten sin del er det underleg at det i eit område der det i 1984 blei talt 85 individ, knapt er registrert nokre i det heile tatt etter at tellingane våre tok til i 2004. Området er eitt av dei viktigaste haustemråda for taretrålarane i fylket, og det let seg dessverre ikkje gjere å halde taretrålinga utanfor dette området da forvaltingsplanen for tare blei forhandla fram for femten år sidan.

Som andre sterkt forstyrra område har Håsteinen utvikla seg i retning av ein svartbak-utpost, men dei siste åra har det vore tendensar til svak auke og stabilisering av hekkebestandane for nokre artar. Ein sildemåsekoloni etablerte seg i 2012. På den positive sida må det også nemnast at Håsteinen saman med Kvitingane ser ut til å vere einaste stad å finne tjuvjo i fylket.



I 1984 blei det registrert 85 teist ved Håsteinen. På den tida var tarehausting i ferd med å bli ei næring i Sogn og Fjordane, og Håsteinen har vore eit viktig taretrålingsområde trass i at det er verna som naturreservat. Teisten har etter 80-talet stort sett vore borte frå reservatet.



Kuøyna

Areal: Land 140 da, sjø 246 da
 Type: Berglendte øyar med myr og llynghesi
 Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, sildemåse, grågås
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Lyngbrenning rundt 2010

Ikkje undersøkt etter 2013.




År	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Dato	12.6	16.6.	5.6.	14.6.	14.6.	8.6.	22.6.	8.6.	8.6.
Toppskarv							2		
Grågås		8			3				
Ærfugl		11 (6 hoer)	2 hannar		5 (1 ho) 1 par	10 (1 ho) 1 par	17 hannar 1 par		3 (1 ho) 2 par
Siland			1 (1 par)			2 (1 par)			
Tjeld		6	1 (1 par)			2 (1 par)	3 (2 par)		1 (1 par)
Storspove		5							
Småspove					1 (1 par)				
Fiskemåse		2	4 (1 par)	1		3 (2 par)		2 (1 par)	
Svartbak	8-10 par	23 (4 par)	7 (3 par)	10 (1 par)	9 (1 par)	2 (1 par)	6 (2 par)	2 (1 par)	1 (1 par)
Gråmåse	15 par	3	1	1		7 (1 par)	18 (2 par)	9 (2 par)	
Terne				1					4
Kråke		1			1	2	2	1	2

Ein stor og ein litt mindre, lyngkledd holme i skjergarden vest av Atløyna. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2005, sjå Larsen (2014).

I telleperioden har det ikkje vore nemneverdig hekking i dette reservatet. Sjølv om lyngen har blitt brent av og vegetasjonen slik sett er i god tilstand, er det ingen teikn til betring. Men tala frå 1995 tyder på at potensialet heller ikkje er så stort. På ein liten holme sør for Lambholmen (utanfor reservatet) er det vanlegvis ein fiskemåsekolonji. På nordsida av holmen blei det i 2013 registrert 20 fiskemåsar, 13 av desse rugande.

Svarteskjeret

Areal: Land 13 da, sjø 64 da
 Type: Høg, berglendt holme med bratte sider og lite vegetasjon
 Viktigaste artar: Gråmåse, svartbak
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 11.6.19, frå 15:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	1	1
Svartbak	1	-

År	1995	2004	2006	2007	2010	2019
Dato	13.6	9.7.	13.6.	5.6.	10.6.	11.6.
Havhest			1			
Grågås	beitespor					
Ærfugl	150 (ungfuglar)					
Havørn					2 vaksne	
Tjeld	1 par			1 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)
Fiskemåse			6		1	
Svartbak			4	1 (1 par)	2 (1 par)	1
Gråmåse	4-5 par	5	8	1	3	
Sildemåse				1		
Kråke					1	

To mindre, relativt bratte holmar nesten utan vegetasjon, eksponert mot havet nord for Værlandet. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette.

Ved tellinga i 1984 blei det funne hekkebestandar på 20 par gråmåse, 8 par svartbak og 1 par tjeld, i tillegg til 6 ærfuglhoer med ungar og 8 individ av teist. Noko liknande har ikkje denne lille holmen vore i nærleiken av seinare, og området har ikkje blitt prioritert med tanke på telling før vi i 2019 la turen innom og fekk bekrefta at tilstanden ikkje har endra seg.

Skardholmen

Areal: Land 40 da, sjø 151 da
 Type: Høg, berglendt holme med bratte sider og gras på toppen
 Viktigaste artar: Gråmåse, toppskarv, svartbak
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 7.6.14, frå 08:55

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	59 (10 reir sett)	15
Tjeld	2	1
Fiskemåse	10 (2 rugende)	3
Svartbak	12 (1 rugande)	4
Gråmåse	68 (19 rugande)	30
Teist	5	3
Steinkobbe	1	

Registrering 15.6.16, frå 09:06

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	5	4
Tjeld	2	1
Fiskemåse	1	-
Svartbak	7	3
Gråmåse	38 (5 rugande)	10
Teist	5	3
Kråke	1	-

Registrering 6.6.17, frå 14:25 (regnvær)

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	11 (2 reir sett)	5
Svartbak	7 (1 rugande)	3
Gråmåse	29 (17 rugande)	20
Terne	1	-

Registrering 7.6.18, frå 19:15

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	15 (2 reir sett)	8
Svartbak	7 (3 rugande)	4
Gråmåse	24 (11 rugande)	12
Teist	1	1
Kråke	1	-

Registrering 11.6.19, frå 16:05

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	2	2
Tjeld	1	1
Svartbak	4 (2 rugande)	2
Gråmåse	17 (4 rugande)	9
Ramn	1	-
Steinkobbe	1	

Registrering 17.6.20, frå 10:10


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	5 reir sett, 3 med fugl på	5
Tjeld	1	1

Storspove	1	-
Svartbak	2	1
Gråmåse	12 (2 rugande)	6
Teist	6	3
Hjort	3 (1 årskalv)	

År	1995	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020
Dato	11.6	8.6.	7.6.	7.6.	15.6	6.6.	7.6.	11.6.	17.6.
Toppskarv	7 reir	19 (5-10 par)	49 (10 par)	59 (15 par)	5 (4 par)	11 (5 par)	15 (8 par)	2 (2 par)	3 (5 par)
Storskav			2						
Ærfugl	10-12 hoer (med ungar)								
Tjeld	1 par	2 (3 par)	3 (2 par)	2 (1 par)	2 (1 par)			1 (1 par)	1 (1 par)
Storspove									1
Fiskemåse				10 (3 par)	1				
Svartbak	25 par	7 (3 par)	19 (7 par)	12 (4 par)	7 (3 par)	7 (3 par)	7 (4 par)	4 (2 par)	2 (1 par)
Gråmåse	200 par	47 (20 par)	52 (25 par)	68 (30 par)	38 (10 par)	29 (20 par)	24 (12 par)	17 (9 par)	12 (6 par)
Terne			3*			1			
Tjuvjo	1 par								
Teist			3 (2 par)	5 (3 par)	5 (3 par)		1 (1 par)		6 (3 par)
Kräke			1		1		1		
Ramn								1	
Steinkobbe				1				1	

*Raudnebbterne


Ein stor, brattlendt holme med grasvegetasjon og ein mindre, snau holme. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærest vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2012, sjå Larsen (2014). Figuren nedanfor viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.



Talet på hekkande måsar har gått litt opp og ned dei siste åra, men etter den kortvarige oppgangen for måsane i heile fylket i 2007 har hekkebestandane i grove trekk vore stabile rundt eit mye lågare nivå - og vesentleg mindre enn på 80- og 90-talet. Toppskarven hekkar i sprekker i loddrett bergvegg, og kan derfor ikkje tellast frå land. Kor mange som hekkar kan kanskje til ein viss grad vurderast ut frå om fuglane sit på felles kvileplass eller spreidd i hekkeområdet, men talet er høgst usikkert.

Senholmen

Areal: Land 20 da, sjø 280 da
 Type: Frogig, urte- og grasrik holme med nokre bratte bergsider
 Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, sildemåse, grågås
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 7.6.14, frå 09:20

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	28 (6 reirfunn)	6
Grågås	2	1
Ærfugl	5 (3 hoer)	3
Tjeld	5 (1 med unge)	3
Svartbak	28 (9 rugande, 2 reirfunn)	12
Gråmåse	50 (12 rugande, 12 reirfunn)	20
Sildemåse	10	4
Teist	12	7
Kråke	1	-
Steinkobbe	75	

Registrering 15.6.16, frå 10:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	4 (3 hoer)	3
Tjeld	3	2
Svartbak	4 (1 rugande, 2 reirfunn)	2
Terne	1	-
Teist	5	3
Steinkobbe	45	

Registrering 6.6.17, frå 14:15 (regnvêr, ikkje ilandstiging)

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	3	-
Grågås	4	-
Tjeld	1	1
Fiskemåse	2	-
Svartbak	7 (3 rugande)	3
Terner	6 (2 rugande)	2
Teist	4	3
Steinkobbe	3	

Registrering 7.6.18, frå 18:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Ærfugl	3 hannar (1 reirfunn)	2
Tjeld	4 (1 reirfunn)	2
Fiskemåse	1 (1 reirfunn)	1
Svartbak	5 (2 reirfunn)	3
Gråmåse	1 reirfunn	1
Teist	1 (1 reirfunn)	1
Kråke	1	-
Steinkobbe	23	

Registrering 11.6.19, frå 16:53

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	2	1
Fiskemåse	3 (1 rugande)	1


Svartbak	4	3
Terne	6 (1 rugande)	2
Steinkobbe	2	

Registrering 17.6.20, frå 09:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	5 (2 reir, begge utan innhold)	2
Tjeld	7	4
Svartbak	8 (2 rugande)	4
Teist	6	3
Steinkobbe	6	

År	1995	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020
Dato	12.6.	22.6.	8.6.	8.6.	7.6.	15.6.	6.6.	7.6.	11.6.	17.6.
Toppskarv		48 (16 reir)	8 (17 reir)	22 (15-20 par)	28 (6 reir)		3	1		5 (2 par)
Grågås	2 par	3 (1 par)	1 (1 par)	9 (2 par)	2 (1 par)		4			
Ærfugl		2 hoer (2 par)	1 reir (2 par)	5 (3 hoer) 3 par)	5 (3 hoer) 3 par)	4 (3 hoer) 3 par)		3 hannar, 1f. (2 par)		
Tjeld	2 par	2 (1 par)	2 (1 par)	4 (3 par)	5 (3 par)	3 (2 par)	1 (1 par)	4 (2 par)	2 (1 par)	7 (4 par)
Fiskemåse		1 (1 par)	1 (1 par)				2	1 (1 par)	3 (1 par)	
Svartbak	20 par	15 (8 par)	40 (12 par)	46 (18 par)	28 (12 par)	4 (2 par)	7 (3 par)	5 (3 par)	4 (3 par)	8 (4 par)
Gråmåse	45 par	60 (28 par)	110 (35 par)	62 (50 par)	50 (20 par)			1 (1 par)		
Sildemåse			10 (3 par)	6 (5 par)	10 (4 par)					
Terne						1	6 (2 par)		6 (2 par)	
Teist	2-3 (2 par)	4 (2 par)		7 (4 par)	12 (7 par)	5 (3 par)	4 (3 par)	1 (1 par)		6 (3 par)
Kräke					1			1		
Steinkobbe		1	60	7	75	45	3	23	2	6

Ein rikt vegetasjonskledd holme, og ei gruppe mindre skjer som er fast kvileplass for steinkobbe. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren nedanfor viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.



Senholmen er ein liten hekkeplass, men har utmerka seg med relativt gode måsebestandar også etter samanbrotet ved hundreårsskiftet. Rundt 2000 etablerte også ein hekkebestand av toppskarv seg. Bestandsutviklinga på holmen er typisk for utviklinga i Sogn og Fjordane elles, og viser tydeleg kollapsen for måsefuglane rundt 2004, veksten fram til 2007, nytt samanbrot året etter og ny vekst fram mot 2013, og deretter jamt minkande bestandar.


Tala frå 2000 er usikre pga. därleg vêr, men tar vi utgangspunkt i tala frå 1995, var Senholmen både i 2007 og 2013 oppe på same nivå som før samanbrotet. At toppskarv og teist på den eine sida og stormåsane på den andre sida ikkje blei påverka av dei same næringsproblema på 2000-talet, er Senholmen ein god indikasjon på. Då talet på hekkande toppskarv var på det høgste i 2008, var tilhøva for måsane så därlege at ingen av dei hekka på holmen. Dei siste åra har derimot alle hekkande artar gått tilbake, og Senholmen har nesten gått heilt ut av bruk. Nedgang for toppskarven dei siste åra reflekterer utviklinga elles i Sogn og Fjordane, men utviklinga på Senholmen har kanskje fått ekstra fart på grunn av forstyrringar i hekketida. Toppskarvane her hekkar relativt ope, og er dermed ekstra utsatte for forstyrring frå småbåtar og eit aukande tal vass-skuterar.



Midtre delar av Askvoll har fleire interessante sjøfuglførekomstar, men dei fleste har til felles at hekkebestandane har gått vesentleg ned etter hundreårsskiftet. Skardholmen i vest er typisk i så måte, mens Senholmen i nord så sein som i 2013 framleis var ein svært fuglerik liten holme. Den er no så godt som tom. Det same gjeld Raudøy i aust, med unntak for eitt enkelt lite skjer med ein etterforholda stor ternekoloni.

Kvitingane

Areal: Land 263 da, sjø 1583 da
Type: Høge og bratte holmar med gras og/eller lyng på toppen
Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse, sildemåse, grågås
Miljø: Midtre kyst
Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
Kommune: Askvoll
Skjøtselstiltak: Ingen. Lyngbrenning ønskeleg



Registrering 15.6.16, frå 09:35

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	116	?
Ærfugl	1 ho	1
Tjeld	7	4
Fiskemåse	7	3
Svartbak	35 (8 rugande)	15
Terne	5	-
Teist	1	1
Steinkobbe	50	

Registrering 7.6.18, frå 19:30

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	8	-
Siland	2	1
Tjeld	2	2
Svartbak	14 (2 rugande)	5
Sildemåse	3	1
Terne	1	-
Tjuvjo	1	1
Teist	1	1
Kråke	2	1
Steinkobbe	44	

Registrering 11.6.19, frå 16:15

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	12	-
Havørn	1 treåring	
Tjeld	4	3
Svartbak	7 (2 rugande)	4
Fiskemåse	4 (2 rugande)	2
Tjuvjo	1	1
Kråke	2	1
Steinkobbe	55	

Registrering 17.6.20, frå 10:30

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Smålom	3	-
Toppskarv	10	-
Ærfugl	2 hannar	2
Havørn	1	
Tjeld	13 (3 rugande)	7
Fiskemåse	10	2
Svartbak	16 (3 rugande)	9
Gråmåse	3	2
Terne ubest.	2	-
Tjuvjo	1	1
Steinkobbe	80	


År	1995	2010	2011	2012	2013	2016	2018	2019	2020
Dato	11.6	8.6.	14.6.	8.6.	7.6.	15.6.	7.6.	11.6.	17.6.
Smålom									3
Toppskarv		16	22	36	14	116	8	12	10
Kanadagås		2 (1 par)							
Ærfugl		5 hoer 1 par	4 hoer 2 par	6 (2 hoer) 2 par		1 ho 1 par			2 hannar 2 par
Siland		2 (1 par)	14	2 (1 par)	12 (2 par)		2 (1 par)		
Havørn			1 ungfugl	1				1 ungfugl	1
Tjeld	4-5 par	16 (7 par)	14 (7 par)	6 (4 par)	3 (3 par)	7 (4 par)	2 (2 par)	4 (3 par)	13 (7 par)
Fiskemåse				1	5 (2 par)	7 (3 par)		4 (2 par)	10 (2 par)
Svartbak	2-3 par	38 (5 par)	46 (15 par)	35 (15 par)	24 (10 par)	35 (15 par)	14 (5 par)	7 (4 par)	16 (9 par)
Gråmåse		1	6 (3 par)		5 (2 par)				3 (2 par)
Sildemåse			1				3 (1 par)		
Terne			3*	7 (2 par)	8	5	1		2
Tjuvjo		2			1		1 (1 par)	1 (1 par)	1 (1 par)
Teist				1 (1 par)		1 (1 par)	1 (1 par)		
Kråke					1 (1 par)		2 (1 par)	2 (1 par)	
Steinkobbe		15	15	35	67	50	44	55	80

*Makrellterne

Ei gruppe større og mindre, ofte høge og bratte holmar med lyngdekke. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2010, sjå Larsen (2014).

Området hadde etter sigande store problem med mink på 90-talet, og bestandane har vore små også seinare pga. næringssvikten etter hundreårsskiftet. Som elles i Sogn og Fjordane har hekkebestandane av måsar vore liten dei siste åra. Det må nemnast at Kvitingane, saman med Håsteinen, er einaste meir eller mindre faste tilhaldsstad for tjuvjo i fylket. Skarveskit i ei bergsprekk på Søre Hjelparen ved tellingane i 2013 og 2016 kan tyde på at også toppskarv har vist interesse for hekking. Dette er ikkje registrert i reservatet tidlegare.


Lyngen på Leirkvitingen (den største av holmane) begynner å bli i grovaste laget, og skjøtsel i form av lyngbrenning bør gjennomførast. På Jørnkvitingen er det eit plantefelt med sitka som bør fjernast.



Kobbevikskjær i sør ved den større øya Aralden høyrer også med til Kvitingane naturreservat.

Raudøy

Areal: Land 538 da, sjø 1947 da
 Type: Øygruppe med lyng- og graskledde øyar
 Viktigaste artar: Gråmåse, sildemåse, svartbak
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Ingen. Lyngbrenning ønskeleg

*Registrering 7.6.14, frå 10:20*

	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	45	-
Grågås	1	1
Ærfugl	2 (1 ho)	1
Siland	7	2
Tjeld	4	3
Svartbak	14	6
Gråmåse	11	3
Sildemåse	25	10
Hettemåse	1	-
Terne	2	?
Kråke	2	1

Registrering 15.6.16, frå 11:55

	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	1 (2 reirfunn)	3
Fiskemåse	1 reirfunn	1
Svartbak	11	4
Gråmåse	7	3
Sildemåse	6	3
Terne	111 (39 reirfunn)	45 (90% makrellterne)
Teist	1	1

Registrering 6.6.17, frå 14:00 (regnvær, berre ternekolonien på Bleikeskjeret talt opp)

	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Fiskemåse	2 (1 rugande)	1
Makrellterne	2	1

Registrering 7.6.18, frå 17:30

	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	6	-
Tjeld	6 (2 rugande)	3
Storspove	2	1
Fiskemåse	1 rugande	1
Svartbak	12 (4 rugande)	5
Raudnebbterne	40 (15 rugande)	15

Registrering 11.6.19, frå 17:07

	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	1	2
Fiskemåse	5 (1 rugande, 1 reirfunn)	3
Svartbak	6 (1 rugande, 1 reirfunn)	3
Makrellterne	40 (6 reirfunn)	8

Registrering 17.6.20, frå 08:33 (berre ilandstiging på Bleikeskjeret)


	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Ærfugl	1 reirfunn (3 egg)	1

Tjeld	4 (1 rugande, 1 reirfunn)	4
Fiskemåse	8 (3 rugande, 2 reirfunn)	4
Svartbak	11 (2 rugande, 1 reirfunn)	6
Makrellterne	25 (6 rugande, 59 reirfunn)	60
Kråke	1	?

År	1995	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020
Dato	7.6.	8.6.	7.6.	7.6	15.6.	6.6.	7.6.	11.6.	17.6.
Toppskarv		5 (1 par)		45		-	6		
Grågås	12			1 (1 par)		-			
Ærfugl	15			2 (1 ho) 1 par		-			1 reir 1 par
Siland				7 (2 par)		-			
Havørn			1 ungfugl			-			
Tjeld	4 par		4 (3 par)	4 (3 par)	1 (3 par)	-	6 (3 par)	1 (2 par)	4 (4 par)
Storspove						-	2 (1 par)		
Fiskemåse		2 (1 par)			1 (1 par)	2 (1 par)	1 (1 par)	5 (3 par)	8 (4 par)
Svartbak	50-60 par	12 (10 par)	22 (12 par)	14 (6 par)	11 (4 par)	-	12 (5 par)	6 (3 par)	11 (6 par)
Gråmåse	350 par	50 (20 par)	20 (10 par)	11 (3 par)	7 (3 par)	-			
Sildemåse	150 par	50 (20 par)	65 (30 par)	25 (3 par)	6 (3 par)	-			
Hettemåse				1		-			
Terne			4 (2 par)*	2	111 (45 p)*	2 (1 par)*	40 (15 par)	40 (8 par)*	25 (60 par)*
Tjuvjo	1 par					-			
Teist					1 (1 par)	-			
Kråke		1 (1 par)	1 (1 par)	2 (1 par)		-			1
Steinkobbe						-			


*Makrellterne

Sjølve Raudøya er relativt stor, med lysthei, myr og grasbakkar. Resten av reservatet består av ei gruppe større og mindre, ofte høge og bratte holmar med lystdekke, og ein typisk flat og snau terneholme i nord (Bleikeskjeret).



Raudøy naturreservat.

Tabellen på førre side viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2012, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.



Raudøya var lenge blant dei viktigaste hekkeplassane for sildemåse og gråmåse i fylket. Talet på desse artane har frå og med 2007 blitt registrert ved fotoseriar horisonten rundt frå eit sentralt utsiktspunkt. I 2011 blei det gjennomført ei rask telling i kolonien på Raudøya i regnvêr. Talet på sildemåsar og gråmåsar var da etter alt å døme suverent det minste som var registrert til då. I 2012 hadde talet auka litt, og i 2013 såg det ut til at den langsame auken hadde heldt fram for sildemåsen sin del. Etter dette har bestandane gått ned igjen, og reservatet er for tida nesten utan hekkande fuglar.

Utviklinga er typisk for måsebestandane i det meste av Sogn og Fjordane. Dei siste åra har det nesten berre vore hekking på Bleikeskjær, der ternene begynte å hekke igjen i 2013, og fylkets største førekommst av makrellterne (59 reirfunn) blei registrert i 2020.

Krokholmen

Areal:	Land 12 da, sjø 49 da
Type:	Låg holme med rik vegetasjon
Viktigaste artar:	Fiskemåse, svartbak, ærfugl, gråmåse, sildemåse
Miljø:	Indre kyst
Vernestatus:	Sjøfuglreservat, 1993
Kommune:	Askvoll
Skjøtselstiltak:	Tre og busker fjerna våren 2010

Registrering 7.6.14, frå 10:55 (ilandstiging; foto totalt 206 måsefuglar)

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	6	-
Kanadagås	3	2
Ærfugl	55 (29 hoer, 2 ungekull)	15
Siland	5	2
Tjeld	4 (2 rugande)	2
Fiskemåse	55 (22 rugande)	25
Svartbak	36 (14 rugande)	15
Gråmåse	10 (4 rugande)	5
Sildemåse	45 (20 rugande)	20



Hettemåse	25 (12 rugande)	12
Terner	40 (16 rugande)	16

Registrering 15.6.16, frå 13:15

	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Kanadagås	1	1
Ærfugl	8 (7 hoer)	5
Tjeld	1	1
Svartbak	19 (6 rugande)	6
Gråmåse	34 (11 rugande)	15
Sildemåse	24 (7 rugande)	10
Kråke	1	-

Registrering 6.6.17, frå 13:45

	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Storskav	2	-
Kanadagås	3	1
Fiskemåse	19 (5 rugande)	10
Svartbak	16 (7 rugande)	10
Gråmåse	20 (5 rugande)	12
Sildemåse	7 (2 rugande)	5

Registrering 7.6.18, frå 17:05

	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Kanadagås	2	1
Siland	7	3
Tjeld	6	3
Fiskemåse	6 (1 rugande)	3
Svartbak	22 (4 rugande)	10
Gråmåse	45 (16 rugande)	20
Sildemåse	25 (10 rugande)	12
Steinkobbe	1	

Registrering 11.6.19, frå 17:45


	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	9	-
Kanadagås	8	2
Grågås	1	1
Siland	1 ho	1
Tjeld	1	2
Fiskemåse	12 (2 rugande)	5
Svartbak	26 (9 rugande)	12
Gråmåse	24 (12 rugande)	15
Sildemåse	18 (6 rugande)	10

Registrering 17.6.20, frå 08:10

	Observerert:	Overslag, hekkande par:
Kanadagås	3	1
Grågås	1	1
Ærfugl	1 ho	1
Tjeld	3	2
Fiskemåse	28 (10 rugande)	15
Svartbak	21 (8 rugande)	10
Gråmåse	56 (22 rugande)	35
Sildemåse	41 (20 rugande)	30
Hettemåse	11 (4 rugande)	6

År	1995	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020
Dato	5. og 11.6	8.6.	7.6.	7.6.	15.6.	6.6.	7.6.	11.6.	17.6.
Toppskarv				6				9	
Storskarv						2			
Grågås								1 (1 par)	1 (1 par)
Kanadagås	11 (2 par)		1 (1 par)	3 (2 par)	1 (1 par)	3 (1 par)	2 (1 par)	8 (2 par)	3 (1 par)
Ærfugl	25 (10 ho m/ungar)	6 hoer 4 par	4 hoer 4 par	55 (29 ho) 15 par	8 (7 hoer) 5 par				1 ho (1 par)
Siland				5 (2 par)			7 (3 par)	1 ho (1 par)	
Tjeld	1 par	1 (1 par)	3 (2 par)	4 (2 par)	1 (1 par)		6 (3 par)	1 (2 par)	3 (2 par)
Strandsnipe			1 (1 par)						
Fiskemåse	50-60 par	29 (15 par)	22 (15 par)	55 (25 par)		19 (10 par)	6 (3 par)	12 (5 par)	28 (15 par)
Svartbak	4-5 par	20 (8 par)	15 (8 par)	36 (15 par)	19 (6 par)	16 (10 par)	22 (10 par)	26 (12 par)	21 (10 par)
Gråmåse			5 (3 par)	10 (5 par)	34 (15 par)	20 (12 par)	45 (20 par)	24 (15 par)	56 (35 par)
Sildemåse		2 (1 par)	4 (2 par)	45 (20 par)	24 (10 par)	7 (5 par)	25 (12 par)	18 (10 par)	41 (30 par)
Hettemåse	11 par			25 (12 par)					11 (6 par)
Terne				40 (16 par)					
Kråke					1				
Steinkobbe							1		

Krokholmen er ein relativt liten holme i indre skjergard, lang, låg og kupert med ideelt vegetasjonsdekk for hekkande sjøfuglar. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2012, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.



Som ein del andre hekkeplassar i midtre og indre kyst følgde ikkje Krokholmen den vanlege utviklinga etter næringssvikten ved hundrearsskiftet. I staden for ein mellombels topp i 2007 har det vore ei ganske jamn utvikling, sjølv om talet på fiskemåsar har minka dei siste par åra.

Hekkeplassen er attraktiv for mange artar og det kan sjå ut til å vere trøngt om plassen, men tala frå hundrearsskiftet og tidlegare tyder på at det framleis er ein del å gå på.

Talet på hekkande ærfugl har no vore svært lågt i Sogn og Fjordane gjennom mange år. Krokholmen har vore eit av dei beste områda for arten i perioden, men med ein solid svartbakbestand på ein såpass liten holme er det kanskje ikkje overraskande at registrert tal hekkande ærfugl i juni har vore lite også her dei siste åra.

Flatøy

Areal: Land 75 da, sjø 175 da
 Type: Flate holmar med myr og grasbakkar
 Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse
 Miljø: Indre kyst/fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Trefelling i 2007 og 2008, rydding ferdig i 2010



Registrering 15.6.16, frå 13:30

	Observerert	Overslag, hekkande par:
Strandsnipe	1	1
Svartbak	2	1

Registrering 6.6.17, frå 13:45

	Observerert	Overslag, hekkande par:
Tjeld	2	1
Småspove	1	?

Registrering 7.6.18, frå 16:50

	Observerert	Overslag, hekkande par:
Hegre	1	-
Siland	1	1
Tjeld	3 (2 rugande) + 1 daud	2
Kråke	1	-

Registrering 11.6.19, frå 18:50

	Observerert	Overslag, hekkande par:
Grågås	3	-
Fiskemåse	2 (1 rugande)	1
Gråmåse	1	-
Svartbak	1 ungfugl	-

Registrering 17.6.20, frå 07:58


	Observerert	Overslag, hekkande par:
Grågås	4 (2 kull (3+5) store ungar)	2
Tjeld	2	1
Fiskemåse	3	2
Oter	1	

År	1995	2011	2012	2013	2016	2017	2018	2019	2020
Dato	5. og 13.6	14.6.	8.6.	7.6.	15.6.	6.6.	7.6.	11.6.	17.6.
Hegre			2				1		
Kanadagås	1 par								
Grågås				23				3	4 (2 par)
Ærfugl				5 ho (3 par)					
Siland			5 (2 par)				1 (1 par)		
Tjeld	2 par	2 (1 par)		3 (2 par)		2 (1 par)	3 (2 par)		2 (1 par)
Småspove						1			
Strandsnipe		1 (1 par)	2 (1 par)		1 (1 par)				
Fiskemåse	15 par		2 (1 par)	3 (1 par)				2 (1 par)	3 (2 par)
Svartbak	3 par	3 (2 par)	1 (1 par)	4 (1 par)	2 (1 par)			1	
Gråmåse		1		1				1	
Teist				1					
Kråke							1		
Oter									1

Ein holme i indre skjergard nær Askvoll sentrum. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2011, sjå Larsen (2014).

Gjengroing med bartre innplanta på 70-talet reduserte gradvis verdien av øya som hekkeplass for sjøfugl. Den sørlege halvdelen av øya blei snaua for tre og lyngen brent vinteren 2007, og skogen på den nordlege delen felt vinteren 2008. Like etter ryddinga blei det registrert hekking av måsar igjen for første gang sidan 1995, men omfattande nyetablering har det ikkje blitt.

Flatøy har for så vidt heller aldri hatt store konsentrasjonar av hekkande sjøfugl, men snarare eit breitt artsutval av andefuglar, vadalar og måsar, men dei siste åra har også artsutvalet vore beskjedent. Kroholmen lenger vest (og litt lenger unna båttrafikken rundt Askvoll) lokkar nok til seg dei fleste lokale hekkefuglane.



Inne i Vilnesfjorden mot Askvoll sentrum ligg fire sjøfuglreservat med svært ulik utvikling dei siste tiåra. Kroholmen i sørvest har mange artar og relativt mange hekkande par, Kvannholmen i nordvest har inntil nyleg vore ein viktig hekkeplass for fiskemåse, mens Flatøy og Lauvholmen lenge har hatt lite fugl. Prestøya nord for Lauvholmen var sjøfuglreservat inntil 2019, men hadde nesten ikkje hatt hekkande sjøfuglar etter at fiskindustrien i Askvoll sentrum like ved blei lagt ned på 90-talet.

Prestøy / Lauvholmen

Areal: Land 211 da, sjø 196 da
 Type: Vegetasjonsrik øy med skog og myrområde
 Viktigaste artar: Fiskemåse, svartbak, tjeld
 Miljø: Indre kyst/fjord
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993 – 2019 (Lauvholmen frå 2019)
 Kommune: Askvoll
 Skjøtselstiltak: Skogfelling i 2007, omfattande ryddearbeid fram til 2013



Registrering 15.6.16, frå 13:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Hegre	1	-
Tjeld	1	1
Fiskemåse	2	1

Registrering 11.6.19, frå 18:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Knoppsvane	1	-
Tjeld	1	1
Fiskemåse	10 (3 rugande)	5
Svartbak	1	-

Registrering 17.6.20, frå 07:50

Slike tal synast uverkelege i dag. Sjølv om det var meir fugl å sjå i 2012 enn ved førre telling i 2008, var dei ikkje fleire enn at vi også inkluderte hekkeplassar utanfor det verna området. Langt dei fleste gråmåsane og så godt som alle sildemåsane hekka i 2012 på Slåttøyra, ei ubebodd øy aust for Indrevær hamn. Denne hekkeplassen var i 2013 forlete, noko som slår kraftig ut i dei samla tala. I 2019 såg vi 50 gråmåsar på Slåttøyra, derav fleire rugande (vi passert på litt avstand på veg sørover, truleg kan hekkebestanden av gråmåse på Slåttøyra ha vore rundt 30 par i 2019). Ein flokk med unge krykkjer blei sett også i Indrevær, 120 individ på vatnet vest for Indrevær hamn.

Talet på ternar i 2013 skriv seg frå ein holme midt i Indrevær hamn, og hekkeplassen låg dermed utanfor reservatet, men fuglane brukte reservatet som næringssområde. I hamna låg også 50 grågås om morgonen, desse spreidde seg ved soloppgang. Ærfuglen samlar seg i hannflokkar ved holmane i nord, lengst unna dei busette områda, men oversлага over hekkebestand er relativt laust basert på hofuglar og par sett rundt om i reservatet.


Indrevær er for uregelmessig og overflatisk undersøkt til at det kan seiast noko om bestandsutviklinga i området, men det er uansett langt mindre fugl her no enn på 1980-talet og ved Willgoths sine besøk på slutten av 1940-talet. Går vi heilt tilbake til Grieg (1889), hekka det også alke i Indrevær («*En liden koloni findes paa Kraakeøen, nær Husøen, her fandtes de første unger den 24de juni*»). Grieg var meir opptatt av å samle inn og måle fuglane enn å telle dei, så tal hekkande par er ukjent.

Småsvalane

Areal: -
 Type: Låge, eksponerte skjer
 Viktigaste artar: Ærfugl, svartand
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Ikke verna
 Kommune: Solund
 Skjøtselstiltak: Ingen

Storesvalane

Areal: -
 Type: Låge, eksponerte skjer
 Viktigaste artar: Toppskarv, ærfugl, svartand, svartbak
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Ikke verna
 Kommune: Solund
 Skjøtselstiltak: Ingen



Grupper av svært eksponerte skjer i grunt stortareområde. Desse to områda sør for Indrevær er ikke verna, og heller ikke hekkeplass for sjøfugl. Dei er likevel viktige næringsområde (og myteområde), og blei undersøkt i 2007 og 2008 for å sjekke eventuelle etterverknader av *Server*-forliset i januar 2007. Vi har vidareført desse tellingane seinare.

Småsvalane

	6.6.2007 (12:45)	13.6.2008 (17:10)	8.6.2012 (08:10)	7.6.2013 (08:25)	6.6.2014 (17:20)	14.6.2016 (17:25)
Toppskarv	15		1		20	2
Storskarv					1	
Ærfugl	240 (4 hoer)	160	14 (1 ho)	50	71	15
Svartand		175		440	10	
Fiskemåse			2		1	
Svartbak	20	1	2	4	3	1
Gråmåse			1		1	
Steinkobbe				3	7	


Storesvalane

	6.6.2007 (12:10)	13.6.2008 (17:30)	8.6.2012 (08:20)	7.6.2013 (08:40)	6.6.2014 (17:00)	14.6.2016 (17:35)
Toppskarv	22	17	35	5	10	3
Storskarv	5		2			
Grågås		6				
Ærfugl	555 (20 hoer)	480	104 (14 hoer)	235 (1 ho)	105 (7 hoer)	64
Svartand	260	250		310		
Tjeld			1	1		
Fiskemåse		1	6			
Svartbak	115	2	35	12	42	12
Gråmåse			8	1	7	20
Sildemåse	15					
Ub. stormåse	140					
Teist	2					1
Havert				6		
Ubest. sel			4			

Desse to områda er spesielt viktige for ærfugl og svartand. I 2013 var det første gang vesentleg fleire svartender enn ærfuglar å sjå, men dette har ikkje gjentatt seg seinare. Talet på ærfugl gar også minka i det siste.

Vassøyane

Areal: Land 1870 da, sjø 4310 da
 Type: Øygruppe med høge, berglendte øyer og holmar
 Viktigaste artar: Svartbak, ærfugl, fiskemåse
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Våtmarksreservat, 1991
 Kommune: Gulen
 Skjøtselstiltak: Ingen



Ikkje talt opp i perioden 2014-2020.

År	2007	2008*	2009*	2012*	2013
Dato	9.6.	6.6.	13.6.	8.6.	7.6.
Storskav				1	
Toppskarv	10		2	21	6
Grågås			3		4
Ærfugl	850 (23 hoer)	320 (1 ho)	33 (2 hoer)	36 hannar	12 hannar
Svartand	15	160			
Tjeld			1	2 (2 par)	
Fiskemåse				5 (2 par)	25 (5 par)
Svartbak	43 (20 par)			11 (4 par)	15 (6 par)
Gråmåse	1				26 (2 par)
Lunde		1			
Havert				1 + unge	17
Nise				1	

* Berre området ved Little Oska i vest talt opp. Dårleg ver i 2009.


Som Svalane mot nord kom dette området med i overvakingsarbeidet etter Server-forliset i 2007. Det er verna som våtmarksreservat og er ikkje først og fremst viktig som hekkeplass, men som vinterområde og rasteområde for marine dykkender. Flest fuglar ligg vanlegvis ved eit stortareområde heilt i vest.

Området består i stor grad av snautt berg og llynghei, som ikkje er attraktivt som hekkeplass for måsefuglar.

Den vedvarande tilbakegangen i talet på ærfuglar registrert i første del av juni er tydeleg, som elles i fylket. I 2007 og 2008 var dei samla tala for ærfugl ved Vassøyane og Svalane hv. 1645 og 960 individ, mens det i 2013 blei registrert 297. I denne delen av fylket er det ikkje så mange alternative stader ærfuglane kan skjule seg, så alternativet til ein kraftig bestandsnedgang er at det kan ha skjedd ei forskning av ærfuglen sine lokale kjerneområde sørover inn i Hordaland. Men også der har talet på observerte ærfuglar gått merkbart tilbake dei siste åra, så dette er lite sannsynleg.

Sogneoksen

Areal: Land 27 da, sjø 110 da
 Type: Høg, graskledd holme og to låge skjær
 Viktigaste artar: Gråmåse, sildemåse, svartbak
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Gulen
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 6.6.14, frå 17:50

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Svartbak	19 (9 rugande)	10
Gråmåse	34 (16 rugande)	20
Sildemåse	14 (10 rugande)	12

Registrering 14.6.16, frå 18:05

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	2	1
Tjeld	3	2
Fiskemåse	2	1
Svartbak	22 (8 rugande)	15
Gråmåse	34 (16 rugande)	20
Sildemåse	10 (6 rugande)	8

Registrering 8.6.18, frå 13:00

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Grågås	2	1
Ærfugl	1 hann	1
Tjeld	1	1
Svartbak	19 (3 rugande)	8
Gråmåse	68 (34 rugande)	35
Sildemåse	16 (8 rugande)	12


Registrering 12.6.19, frå 15:25

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	1	1
Svartbak	4 (2 rugande)	3
Gråmåse	53 (21 rugande)	30
Sildemåse	28 (13 rugande)	18

År	1995	2009	2010	2012	2013	2014	2016	2018	2019
Dato	7.6.	15.6.	9.6.	8.6.	7.6.	6.6.	14.6.	8.6.	12.6.
Toppskarv	10	5	1					1	
Grågås	17 (1 par med ungar)	6 (1 par)	2 (1 par)	3 (1 par)	2 (1 par)		2 (1 par)	2 (1 par)	
Ærfugl	275 (fleire ho m/ungar)	18 (7 hoer) 5 par	13 (7 hoer) 5 par		10 (1 ho) 3 par			1 hann 1 par	
Svartand					5				
Siland				1 (1 par)					
Tjeld	2 par		6 (4 par)	1 (1 par)	3 (2 par)		3 (2 par)	1 (1 par)	1 (1 par)
Fiskemåse			3 (2 par)		7 (4 par)		2 (1 par)		
Svartbak	50-60 par	59 (30 par)	28 (15 par)	29 (8 par)	39 (16 par)	19 (10 par)	22 (15 par)	19 (8 par)	4 (3 par)
Gråmåse	160 par	62 (35 par)	118 (45 par)	53 (20 par)	56 (25 par)	34 (16 par)	34 (20 par)	68 (35 par)	53 (30 par)
Sildemåse		37 (25 par)	48 (25 par)	35 (15 par)	22 (12 par)	14 (12 par)	10 (8 par)	16 (12 par)	28 (18 par)

År	1995	2009	2010	2012	2013	2014	2016	2018	2019
Teist	3								
Kråke					2				

Reservatet består av den høge og på toppen vegetasjonskledde holmen Sogneoksen og dei to låge og snaue skjera Kråkene, sør i munningen av Sognesjøen. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2009, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.



Sogneoksen blei talt opp første gang etter hundreårsskiftet i 2007, og som elles i fylket var hekkebestandane da allereie aukande etter samanbrotet. Deretter følgde den same utviklinga som ved andre hekkeplassar: Ein ny og markert nedgang i 2008, følgd av langsam auke i åra etter, og ein ny nedgang som for Sogneoksen kom litt tidlegare enn for dei fleste andre.

Hekkebestandane var utan tvil svært gode midt på 90-talet, og truleg noko utanom det vanlege. Korleis dei eigentleg var på 80-talet er litt vanskeleg å seie, ettersom det her som elles i fylket skjedde store endringar frå eitt år til det neste under Godø sine tellingar i perioden 1982-84.

All hekking skjer på sjølve Sogneoksen; dei to skjera Kråkene fungerer som kvileplass.

Ramsbarden

Areal: Land 86 da, sjø 87 da
 Type: Øy med llynghei og nokre grasflater
 Viktigaste artar: Svartbak, gråmåse
 Miljø: Ytre/midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Gulen
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 14.6.16, frå 18:42


	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	1	1
Svartbak	6 (3 rugande)	3

Registrering 8.6.18, frå 12:48

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Svartbak	2	1
Gråmåse	1	-

År	1995	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2016	2018
Dato	7.6.	6.6.	13.6.	15.6.	9.6.	15.6.	8.6.	7.6.	14.6.	8.6.
Grågås	2 par m/ungar		12 (2 par)				4 (2 par)	2 (1 par)		
Ærfugl		39 hannar								
Svartand		2								
Siland					1 hann (1 par)					
Tjeld	4 par	2 (1 par)	3 (2 par)	2 (2 par)	2 (2 par)	2 (1 par)	1 (1 par)		1 (1 par)	
Fiskemåse		5 (2 par)			1					
Svartbak	20 par	5 (3 par)	1	2	2 (1 par)	4 (2 par)	10 (2 par)	7 (4 par)	6 (3 par)	2 (1 par)
Gråmåse	320 par	35 (12 par)	3 (1 par)	3	2		3 (2 par)			1
Kråke							1			

Reservatet består av holmen Nordre Ramsbarden sør i munningen av Sognesjøen. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2007, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.



Ramsbarden har vore ein viktig gråmåsekoloni i fylket, i alle fall på 1990-talet, men har i det siste tiåret stått bortimot tom. Den nærliggande Sogneoksen har tilsynelatende overtatt som hekkeplass, men også der har bestanden blitt redusert. Vegetasjonen på Ramsbarden er i fin tilstand, så mangel på eigna hekkeplassar forklarer ikkje at fuglane har forsvunne.


Godø (1995) skriv at tellingane i 1994 og 1995 var grovestimat og lite systematiske. Fordi dette kan bety at talet på «par» har kome fram ved å dele samla individtal på to, og dermed ikkje er synonymt med «hekkande par» (reir), er tala frå 1995 her som elles i rapporten redusert med 85%.



Sjøfuglreservata Sogneoksen (todelt) i vest, den store Kvernøyana i aust og Ramsbarden i nord.

Kvernøyna

Areal: Land 907 da, sjø 520 da
 Type: Berglendt øy dominert av lynghei og myrparti
 Viktigaste artar: Svartbak, fiskemåse
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Gulen
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 14.6.16, frå 18:30


	Observeret:	Overslag, hekkande par:
Svartbak	3	2
Terne	3	-
Kråke	1	?

Registrering 8.6.18, frå 13:17

	Observeret:	Overslag, hekkande par:
Fiskemåse	3	1
Svartbak	1	1
Gråmåse	1	-
Terne	1	-

År	1995	2007	2008	2009	2010	2012	2016	2018
Dato	6.6.	6.6.	13.6.	15.6.	9.6.	8.6.	14.6.	8.6.
Toppskarv				1				
Grågås				4 (2 par)	4 (2 par)	8 (5 par)		
Ærfugl		1 hann (2 par?)						
Tjeld		2 (1 par)		2	4 (1 par)	3 (2 par)		
Fiskemåse	10-12 par	5 ungfuglar		2		1		3 (1 par)
Svartbak	25 par	15 (5 par)	1 (1 par)	10 (2 par)	5 (2 par)	7 (2 par)	3 (2 par)	1 (1 par)
Gråmåse		2 (1 par)		2				1
Terne							3	1
Hubro	1							
Kråke							1	

Ei relativt stor øy med flate myrparti og lynghei. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2007, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.



Denne store øya blir ikkje sjekka med ilandstiging fordi den gir eit relativt livlaust inntrykk, og dermed vil gi lite igjen for tidkrevjande undersøking. Den er likevel såpass låg at den er rimeleg oversiktleg frå båt, med unntak for dei sentrale myrpartia. Men mangelen på fuglar i lufta og den dårlige situasjonen i dei andre sjøfuglreservata i same område tilseier at området har hatt lite hekkande fugl det siste tiåret. Det hadde heller ikkje mye fugl på 90-talet, noko som truleg skuldast mink. Det har vore drive fellefangst av mink i området etter 2007, men status for dei siste åra er ikkje kjent.


Ulikt mange andre område hadde Kvernøyna langt fleire hekkande fuglar på 1980-talet enn på 90-talet. I 2012 blei det registrert fire grågåskull, som var det høgaste talet i eit sjøfuglreservat det året.

Guleskjeret

Areal:	Land 2 da, sjø 18 da
Type:	Holme med lite vegetasjon
Viktigaste artar:	Fiskemåse
Miljø:	Indre kyst
Vernestatus:	Sjøfuglreservat, 1993
Kommune:	Gulen
Skjøtselstiltak:	Ingen

Registrering 8.6.18, frå 13:42

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Siland	1	-
Fiskemåse	2 (1 rugande)	1
Svartbak	1 (rugande)	1
Steinkobbe	1 unge	



År	2010	2013	2018
Dato	9.6.	7.6.	8.6.
Siland			1
Tjeld	1 (1 par)		
Fiskemåse	3 (2 par)	3 (2 par)	2 (1 par)
Svartbak		1 (1 par)	1 (1 par)
Makrellterne		2 (1 par)	
Steinkobbe			1 unge

Ein liten hekkeplass som ikkje har blitt prioritert under sjøfugltellingane fordi den ligg litt avsides til og har få hekkande par.

Oddeholmane

Areal: Land 70 da, sjø 334 da
 Type: Berglendte, låge holmar med snaue grasflater
 Viktigaste artar: Gråmåse, svartbak, tjeld, grågås, fiskemåse
 Miljø: Ytre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Solund
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 6.6.14, frå ca. 18:10

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	2	-
Grågås	6	3
Tjeld	9	6
Fiskemåse	8 (3 rugande)	4
Svartbak	41 (10 rugande)	18
Gråmåse	33 (15 rugande)	18

Registrering 14.6.16, frå ca. 19:05

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	2	-
Tjeld	5	4
Fiskemåse	8 (2 rugande)	3
Svartbak	40 (9 rugande)	15
Gråmåse	19 (6 rugande)	10
Sildemåse	4 (2 rugande)	3
Steinkobbe	1	

Registrering 8.6.18, frå ca. 12:17

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Grågås	3	2
Tjeld	4 (1 rugande)	3
Fiskemåse	5 (2 rugande)	3
Svartbak	25 (5 rugande)	10
Gråmåse	36 (20 rugande)	20


Registrering 17.6.20, frå ca. 15:55

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Storskarv	3 ungfuglar	-
Tjeld	9 (1 rugande)	5
Fiskemåse	26 (14 rugande)	15
Svartbak	21 (7 rugande)	12
Gråmåse	29 (15 rugande)	20

År	1995	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2018	2020
Dato	8.6.	9.6.	15.6.	8.6.	7.6.	6.6.	14.6.	8.6.	17.6.
Toppskarv			6	1	5	2	2	1	1
Storskarv									3
Grågås	10 (1 par m/ungar)	49 (2 par)	5 (1 par)	17 (5 par)	17 (5 par)	6 (3 par)		3 (2 par)	
Ærfugl	35 (flest hoer)								
Siland		5 (2 par)							
Tjeld	4 par	29 (9 par)	8 (6 par)	9 (6 par)	11 (7 par)	9 (6 par)	5 (4 par)	4 (3 par)	9 (5 par)

År	1995	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2018	2020
Strandsnipe									
Fiskemåse		8 (4 par)	7 (4 par)	6 (4 par)	8 (4 par)	8 (4 par)	8 (3 par)	5 (3 par)	26 (15 par)
Svartbak	40 par	70 (15 par)	45 (15 par)	43 (15 par)	43 (22 par)	41 (18 par)	40 (15 par)	25 (10 par)	21 (12 par)
Gråmåse	230 par	64 (15 par)	90 (30 par)	48 (25 par)	40 (20 par)	33 (18 par)	19 (10 par)	36 (20 par)	29 (20 par)
Sildemåse							4 (3 par)		
Kräke					1				
Steinkobbe							1		

To store, flate holmar og nokre mindre skjer, den største med fint grasdekk. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2010, sjå Larsen (2014). Figuren under viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.




Det viktigaste hekkeområdet ligg slik til at det er vanskeleg å få oversikt over utan å samtidig kome så nær at enkelte rugande fuglar går av reiret, så hekkebestandane er litt usikre. Men avviket er neppe stort, særleg dei siste åra, fordi talet på ikkje-hekkande individ i sjøfuglreservata har gått ned. Hekkebestandane ser ut til å ha halde seg på eit uvanleg jamt nivå gjennom heile det siste tiåret, men talet på fuglar er lite og langt unna nivået på 90-talet for dei viktigaste artane.

Det er her som elles uvisst om dei enormt avvikande tala frå 1995 representerer eiunik eingongshending, eller er representative for ein lenger periode. Godø (1995) skriv at tellingane i 1994 og 1995 var grovestimat og lite systematiske. Fordi dette kan bety at talet på «par» har kome fram ved å dele samla individtal på to, og dermed ikkje er synonymt med «hekkande par» (reir), er tala frå 1995 her som elles i rapporten redusert til 85% av dei oppgitte.

Lihellene

Areal: Land 107 da, sjø 296 da
 Type: Graskledd holmar, svaberg og låge skjær
 Viktigaste artar: Gråmåse, sildemåse, svartbak.
 Miljø: Midtre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Gulen
 Skjøtselstiltak: Ingen



Registrering 6.6.14, fra 18:50 (regn, ikke ilandstiging)

- Smålihella: Ærfugl 1 ho, tjeld 5, svartbak 7 (3 rugande), terne 1.
- Store Lihella: Toppskarv 2, grågås 20, tjeld 3, svartbak 10 (2 rugande), gråmåse 188 (63 rugande), sildemåse 14 (3 rugande), terne 1, kråke 1.
- Systeinen: Siland 2, tjeld 2, svartbak 22 (7 rugande), sildemåse 1, teist 1.

Lihellene samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	2	-
Grågås	20	2
Ærfugl	1 ho	1
Siland	2	1
Tjeld	10	6
Svartbak	39 (12 rugande)	15
Gråmåse	188 (63 rugande)	120
Sildemåse	15 (3 rugande)	100
Terne	2	-
Teist	1	1
Kråke	1	-

Registrering 14.6.16, fra 19:38 (* viser tal fra fotoserie tatt ved ilandstiging)

- Smålihella: Tjeld 2, fiskemåse 2, svartbak 8 (3 rugande).
- Store Lihella: Grågås 18, tjeld 2, svartbak 5, gråmåse 166* (61 rugande), sildemåse 183* (5 rugande).
- Systeinen: Ærfugl 1 ho, tjeld 1, svartbak 15 (7 rugande), gråmåse 2.

Lihellene samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	18	2
Ærfugl	1 ho	1
Tjeld	5	4
Fiskemåse	2	1
Svartbak	28 (10 rugande)	14
Gråmåse	168 (61 rugande)	95
Sildemåse	183 (5 rugande)	105

Registrering 8.6.18, fra 10:55 (* viser tal fra fotoserie tatt ved ilandstiging)

- Smålihella: Ærfugl 1 ho, siland 1 hann, tjeld 2, svartbak 4 (2 rugande), gråmåse 3, terne 2.
- Store Lihella: Grågås 4, tjeld 3, fiskemåse 2 (1 rugande), svartbak 8 (2 rugande), gråmåse 138* (45 rugande), sildemåse 178* (3 rugande), terne 3, kråke 2.
- Systeinen: Tjeld 4, svartbak 10 (4 rugande), sildemåse 1.

Lihellene samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Grågås	4	2
Ærfugl	1 ho	1
Siland	1	1
Tjeld	9	5
Fiskemåse	2 (1 rugande)	1
Svartbak	22 (8 rugande)	10
Gråmåse	138 (45 rugande)	80

Sildemåse	178 (3 rugande)	100
Terne	5	2
Kråke	2	-

Registrering 17.6.20, frå 14:55 (* viser tal frå fotoserie tatt ved ilandstiging)

- Smålihella: Tjeld 4, svartbak 5, gråmåse 4, kråke 1, steinkobbe 1.
- Store Lihella: Tjeld 1, svartbak 4, gråmåse 132 (46 rugande), sildemåse 36 (9 rugande).
- Systeinen: Tjeld 1 (med dunungar), svartbak 7 (1 rugande).

Lihellene samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	6 (1 ungekull)	4
Svartbak	16 (1 rugande)	8
Gråmåse	136 (46 rugande)	105
Sildemåse	36 (9 rugande)	115
Kråke	1	-
Steinkobbe	1	

År	1995	2011	2012	2013	2014	2016	2018	2020
Dato	6.6.	15.6.	8.6.	7.6.	6.6.	14.6.	8.6.	17.6.
Toppskarv	1	1		1	2			
Grågås	13 (1+ m/ungar)	23 (3 par)	22 (2 par)	22 (4 par)	20 (2 par)	18 (2 par)	4 (2 par)	
Ærfugl	21 (fl. m/ungar)	6 hoer 4 par		7 (6 hoer) 5 par	1 ho 1 par	1 ho 1 par	1 ho 1 par	
Siland	1 par		5 (3 par)	2 (1 par)	2 (1 par)		1 (1 par)	
Brunnakke	1 par							
Tjeld	3 par	7 (4 par)	6 (4 par)	5 (4 par)	10 (6 par)	5 (4 par)	9 (5 par)	6 (4 par)
Fiskemåse	340 par	7 (3 par)	4 (2 par)	15 (5 par)		2 (1 par)	2 (1 par)	
Svartbak	70-80 par	50 (15 par)	52 (20 par)	70 (30 par)	39 (15 par)	28 (14 par)	22 (10 par)	16 (8 par)
Gråmåse	200 par	284 (130 par)	230 (130 par)	288 (160 par)	188 (110 par)	168 (95 par)	138 (80 par)	136 (105 par)
Sildemåse	250 par	42 (80 par)	135 (75 par)	226 (130 p.)	15 (100 par)	183 (105 p.)	178 (100 p.)	36 (115 par)
Terne	20 par*	1	4		2		5 (2 par)	
Teist	2		1 (1 par)		1 (1 par)			
Kråke		1 (1 par)	2 (1 par)		1		2	1
Steinkobbe								1

*Makrellterne

**Raudnebbterne

Tre grupper med holmar og skjer midt i Sognesjøen, den største av dei med ei graskledd forseinking som gir gode forhold for stormåsar. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmest vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren på neste side viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.


Dette området i Sognesjøen har etter kollapsen rundt hundrearsskiftet vore ein av dei beste hekkeplassane for måsar i fylket. Ein god del av gråmåsane, og så godt som heile sildemåsekolonien, hekkar i eit sokk inne på Store Lihella og er ikkje synlege frå sjøen. Ilandstiging er derfor nødvendig, men i staden for å lage kaos med reirtelling i svermen av måsar fotograferer vi raskt fuglane og vurderer hekkbestandane ved å dele totalt individtal (frå foto) på 1,75. Utgangspunktet for dette talet er at fuglane hekkar og er i par, og at i ein firedel av para er den eine fuglen fråverande pga. matsøk. På det stadiet i hekkesesongen vi gjennomfører tellingane vil det nok i realiteten vere fleire fuglar som er fråverande, slik at tilnærminga gir ei konservativ vurdering av tal hekkande par.

Tal frå perioden med fotografering i hovudkolonien på Store Lihella er gitt i tabellen under. Tala gjeld individ, der ikkje anna er nemnt:

	Gråmåse			Sildemåse		
	Talt frå båt	Talt frå foto	Vurdering, hekkande par	Talt frå båt	Talt frå foto	Vurdering, hekkande par
2009	250 (41 rugande)	226	80	220 (4 rugande)	225	50
2010	240 (78 r.)	-	120	50 (19 r.)	-	80
2011	284 (87 r.)	-	130	42 (13 r.)	-	80
2012	175 (62 r.)	230*	130	10	135*	75
2013	227 (115 r.)	284	160	27 (10 r.)	226	130
2014	188 (63 r.)	-	110	15 (3 r.)	-	100?
2016	161 (61 r.)	166	95	29 (5 r.)	183	105
2018	105 (45 r.)	138	80	12 (3 r.)	178	100
2020	136 (46 r.)	185	105	36 (9 r.)	199	115

Merk at islandstiging berre er gjort frå og med 2009. I 2009 var nesten alle sildemåsane synlege frå båt, dette er tolka som at mange av dei ikkje låg på reir i forseinkinga midt på øya (det blei også gjort ei rask, avgrensa reirleiting det året, som berre førte til 27 reirfunn).

*I 2012 blei fuglane talt ved islandstiging, men manuelt på staden og ikkje frå foto.



Etter hundrearsskiftet blei Lihellene første gong talt opp i 2006, altså nokre år etter det generelle samanbroten for sjøfuglane rundt Nordsjøen. På Lihellene har «stormåsane» i ettertid klart seg betre enn dei fleste andre stader dette tiåret, og står i relativt klar kontrast til områda lengst ute på kysten.

På Lihellene er ikkje tala frå 1995 like avvikande som i mange andre område. Vi har likevel redusert talet på par i tabellen det året til 85% av dei oppgitte, her som elles i rapporten. Årsaka er at tellingane i 1994 og 1995 ifølge Godø (1995) var grovestimat og lite systematiske, og dette kan bety at talet på «par» har kome fram ved å dele samla individtal på to. Det er dermed ikkje synonymt med «hekkande par» (reir) som er i fokus i denne rapporten.

Merk elles at 1995 var eit spesielt år også for fiskemåse, for dette året fann Godø 340 par på Smålihella lengst i sør. Det meste som elles er funne av fiskemåse i Lihellene samla, både før og etter dette, er 30 par i 2007.




Døme på panoramafoto frå Lihellene, tatt med vidvinkelobjektiv 17.6.2020 og sett saman av sju biletet tatt i løpet av fem sekund. Bileta blir sydd saumlaust saman i dataprogrammet Hugin, og fordi dei er tatt i rask rekkefølge vil det vere få fuglar som rekk å bli registrert på meir enn eitt bilet.



Utsnitt av eit enkeltståande tellebilete frå Lihellene 7.6.2013, her frå eit parti med vesentleg gråmåsar (og tre grågås på bakken bak til høgre).

Torsholmane

Areal: Land 35 da, sjø 341 da
 Type: Låge svaberg og parti med tettare vegetasjon
 Viktigaste artar: Fiskemåse, gråmåse, svartbak, terner
 Miljø: Indre kyst
 Vernestatus: Sjøfuglreservat, 1993
 Kommune: Solund
 Skjøtselstiltak: Skogrydding på Indre Torsholmen vinteren 2008



Registrering 6.6.14 frå 19:40 (lett regn, kort ilandstiging)

- Ytre Torsholmane: Tjeld 2, fiskemåse 5 (2 rugande), svartbak 26 (9 rugande), gråmåse 68 (34 rugande), teist 1, kråke 1, steinkobbe 2.
- Indre Torsholmen: Tjeld 2 (2 reirfunn), fiskemåse 80 (19 rugande, 34 reirfunn), svartbak 2 (1 rugande, 1 reirfunn), sildemåse 1 reirfunn, terner 6 (3 reirfunn), teist 1.

Torsholmane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	4	4
Fiskemåse	85 (21 rugande, 34 reirfunn)	45
Svartbak	28 (10 rugande, 1 reirfunn)	13
Gråmåse	68 (34 rugande)	40
Sildemåse	1 reirfunn	1
Terner	6 (3 reirfunn)	3
Teist	2	1
Kråke	1	-
Steinkobbe	2	

Registrering 14.6.16 frå 20:37 (ikkje ilandstiging)

- Ytre Torsholmane: Toppskarv 2, tjeld 1, fiskemåse 5 (2 rugande), svartbak 19 (9 rugande), gråmåse 109 (49 rugande).
- Indre Torsholmen: Tjeld 1, fiskemåse 6.

Torsholmane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	2	-
Grågås	1	?
Tjeld	2	2
Fiskemåse	11 (2 rugande)	5
Svartbak	19 (9 rugande)	12
Gråmåse	109 (49 rugande)	55

Registrering 8.6.18 frå 10:21 (ikkje ilandstiging)

- Ytre Torsholmane: Tjeld 4, fiskemåse 7, svartbak 25 (10 rugande), gråmåse 94 (50 rugande).
- Indre Torsholmen: Toppskarv 1, tjeld 3, fiskemåse 3 (1 rugande), svartbak 1, kråke 1.

Torsholmane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Toppskarv	1	-
Tjeld	4	4
Fiskemåse	10 (1 rugande)	5
Svartbak	26 (10 rugande)	12
Gråmåse	94 (50 rugande)	55
Kråke	1	

Registrering 17.6.20 frå 14:20 (ikkje ilandstiging)

- Ytre Torsholmane: Tjeld 1, fiskemåse 2, svartbak 14 (5 rugande), gråmåse 70 (38 rugande), sildemåse 3 (1 rugande), steinkobbe 1.
- Indre Torsholmen: Tjeld 3, fiskemåse 40 (22 rugande), svartbak 1, kråke 1.

Torsholmane samla:

	Observert:	Overslag, hekkande par:
Tjeld	4	4
Fiskemåse	42 (22 rugande)	25
Svartbak	15 (5 rugande)	8
Gråmåse	70 (38 rugande)	45
Sildemåse	3 (1 rugande)	2
Kråke	1	-
Steinkobbe	1	

År	1995	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2018	2020
Dato	7.6.	9.6.	15.6.	8.6.	7.6.	6.6.	14.6.	8.6.	17.6.
Toppskarv	1		2	4			2	1	
Grågås	1 par		2				1		
Ærfugl	10 hoer (6 m/ungar)								
Siland	6		4 (2 par)	2 (1 par)					
Tjeld	2 par	6 (4 par)	5 (4 par)	3 (2 par)	5 (4 par)	4 (4 par)	2 (2 par)	4 (4 par)	4 (4 par)
Fiskemåse	30 par	118 (60 par)	230 (70 par)	260 (80 par)	170 (70 par)	85 (45 par)	11 (5 par)	10 (5 par)	42 (25 par)
Svartbak		32 (15 par)	35 (5 par)	41 (20 par)	19 (11 par)	28 (13 par)	19 (12 par)	26 (12 par)	15 (8 par)
Gråmåse		112 (60 par)	116 (55 par)	110 (60 par)	132 (70 par)	68 (40 par)	109 (55 par)	94 (55 par)	70 (45 par)
Sildemåse		3 (1 par)	8 (3 par)	5 (6 par)	2 (1 par)	1 (1 par)			3 (2 par)
Terne		10 (4 par)	34 (30 par)	30 (20 par)		6 (3 par)			
Teist		2 (1 par)				2 (1 par)			
Kråke		1				1		1	1
Oter				1					
Steinkobbe						2			1


To grupper med små holmar og skjer inst i Sognesjøen. Tabellen over viser registreringar frå tellinga som ligg nærmast vernetidspunktet i 1993, og frå dei nyaste tellingane etter dette. For data mellom 1995 og 2011, sjå Larsen (2014). Figuren på neste side viser kjente tal hekkande par av dei viktigaste artane i området.

Torsholmane har gjennom det meste av undersøkingsperioden vore ein av dei beste hekkeplassane i indre del av kysten, og med nokre avvik har den også halde seg forbausande stabil på eit relativt høgt nivå. Måsane har delt dei tre holmane mellom seg: Fiskemåsane på Indre Torsholmen, svartbak på den sørlege av dei to Ytre Torsholmane, og gråmåse og år om anna nokre få sildemåse på den nordlege.

Indre Torsholmen blei rydda for skog vinteren 2008. Året før hadde det hekka 18 par fiskemåse på holmen og lite anna, fordi plassen var opptatt av lauvskog rundt ei klyngje buskfuru. Etter ryddinga auka tal hekkande fiskemåsar og andre artar sterkt. Endringane viser klart at fjerning av skog og kratt kan vere eit svært positivt tiltak, i alle fall så lenge forholda elles ligg til rette for hekking. Dessverre har ikkje dei ytre forholda vore gode nok til å oppretthalde hekkebestanden av fiskemåse over lengre tid, for etter 2013-14 har bestanden vore svak. Det er uklart kva dette skuldast, men både dårlig næringstilgang og forstyrring på Indre Torsholmen er gode kandidatar.

Etter 2014 har det ikkje blitt gjennomført islandstiging og telling av reir. Holmen er likevel ganske grei å telle opp frå båt, sjølv om ein ikkje har like godt innsyn til dei midtre delane der nokre par hekkar mellom trestokkar og kratt.





Gråmåsen har dei siste åra tatt over som den mest talrike hekkefuglen på Torsholmane, etter at fiskemåsebestanden har vore på retur.

Observasjonar av sjøpattedyr

Under sjøfugltellingane har det forløpende blitt notert ned observasjonar også av sjøpattedyr. Tabellen under viser kva artar og tal som er registrerte i sjøfuglreservata under tellingane der.

	Mink	Oter	Steinkobbe	Havert	Ubestemt sel	Nise	Tal område undersøkt
2004		4	53				27
2005		5	115	3			36
2006*		1	2	1			23
2007		2	40	2	1	1	54
2008		6	107	6		4	50
2009	1	3	76	2			44
2010		5	93			1	53
2011		4	41	12			48
2012		4	101	38	4	2	53
2013		2	122	44	3	3	56
2014		1	116	33			28
2016		1	138	1		3	33
2017		1	22				27
2018			69				38
2019		1	74	10		3	39
2020		2	99	1			40
Totalt	1	42	1268	153	8	17	649

* I 2006 hadde tellingane fokus på indre kyst og fjordane


Det forvaltningmessig mest interessante ved tabellen er at mink berre er sett éin gong på 16 sesongar. Dei store minkproblema ein hadde i enkelte sjøfuglreservat på 1980-talet ser ut til å vere historie, og grunnen kan vere at ein aukande oterbestand har fortrent minken. Oteren er slik sett eit svært verdfullt innslag i sjøfuglreservata.

Oteren er ein fiskespesialist som neppe er noko stort problem for hekkande sjøfuglar. I alle fall har vi ingen observasjonar av sjøfuglar som reagerer negativt på oter, som fleire gonger er observert sovande heilt openlyst i stormåsekoloniar. I sterk kontrast til minken, som utløyste aggressjon og angrep straks den viste seg.

Tal observasjonar er avhengig av kor mye tid ein bruker på å observere. For vår del er denne tida direkte proporsjonal med kor mange område som blir undersøkt kvart år. For å kompensere for at ulike tal område har blitt talt opp kvart år, er talet på **observerte individ pr. undersøkte område** vist i tabellen under og i figuren til høgre.

	Mink	Oter	Steinkobbe	Havert	Ubestemt sel	Nise	Tal område undersøkt
2004		0,15	1,96				27
2005		0,14	3,19	0,08			36
2006*		0,04	0,09	0,04			23
2007		0,04	0,74	0,04	0,02	0,02	54
2008		0,12	2,14	0,12		0,08	50
2009	0,02	0,07	1,73	0,05			44
2010		0,09	1,75			0,02	53
2011		0,08	0,85	0,25			48
2012		0,08	1,91	0,72	0,08	0,04	53
2013		0,04	2,18	0,79	0,05	0,05	56
2014		0,04	4,14	1,18			28
2016		0,03	4,18	0,03		0,09	33
2017		0,04	0,81				27
2018			1,82				38
2019		0,03	1,90	0,26		0,08	39
2020		0,05	2,5	0,03			40
Totalt	0,0015	0,0647	1,9538	0,2357	0,0123	0,0238	649

Tal registrerte individ pr. undersøkt område



Dessverre gir nok ikkje tala eit heilt reelt bilet av situasjonen i Sogn og Fjordane når det gjeld mink. Arten blei sett fleire gonger nordaust i Solund kommune i januar 2016, og fem individ blei tatt i felle utover vinteren. For å sjekke tilhøva lenger mot vest, der sjøfuglreservata ligg, sette Nils Christian Bjørgo ut 11 feller i sjøfuglreservata Oddeholmane, Indrevær og Utvær i perioden mars-april 2016. Dei stod i til saman 361 felledøgn utan at det blei tatt mink.

Mindre oppløftande resultat kom da Statens Naturoppsy gjennomførte hundesøk etter mink litt lenger nord, i kommunane Askvoll og Hyllestad i april 2020. To hannar og fire hodyr blei tatt i Smelvær naturreservat, ein hann og to hodyr i Raudøy naturreservat og ein hann i Sakrisøy naturreservat.

Alle tre områda blei plukka ut fordi dei ligg i den midtre skjergarden og dermed er tilgjengelege for mink, og fordi i alle fall dei to første over lenger tid har hatt små hekkebestandar. Dette viser at situasjonen med tanke på mink i Sogn og Fjordane ikkje er fullt så god som tidlegare vurdert, og at arten må reknast med som ein faktor som i alle fall lokalt kan påverke hekkebestandar av sjøfugl.

Dei største og viktigaste sjøfuglreservata lengst ute på kysten har derimot neppe mink, og eit hundesøk i Moldvær naturreservat hausten 2021 gav ingen funn. Lokalkjente og busette i Gåsvær og Indrevær har også meldt frå til SNO at dei ikkje har sett mink der (Anders Voss Thingnes, pers. oppl. 2021). Vidare undersøkingar i dei viktigaste hekkeområda lengst ute på kysten er likevel ønskeleg.



Steinkobbe er det oftest observerte sjøpattedyret under sjøfugltellingane, med havert (biletet) som ein god nummer to.

Artsgjennomgang



Vi viser her utviklinga i hekkebestandar av dei viktigaste sjøfuglartane i Sogn og Fjordane i perioden med organiserte tellingar frå 2004 til 2020. Tal frå dei tidlegare fylkesdekkande tellingane på 1980- og 90-talet er tatt med til samanlikning. Tellingane på 80-talet (Godø 1982, 1983, 1984) dekte dei fleste av dei områda som i 1993 blei verna som sjøfuglreservat. Tellingane på 90-talet (Godø 1994, 1995) blei delt opp slik at den nordlege delen (Selje-Flora) blei talt opp i 1994, og resten av fylket i 1995. Tal frå område som blei talt opp *både* i 1994 og 1995 viser at hekkebestandane i dei to åra er så like at det kan forsvarast å slå dei saman, og vidare i teksten er dei to åra referert til som 1995 for å få fylkesdekkande data å samanlikne mot andre år.

For nokre artar er det også vist til eldre data frå Godø si første fylkesdekkande undersøking i 1978 (Godø 1978), og frå tellingar i 1979 og 2000 som berre omfatta den nordlege delen av fylket frå Selje til Askvoll (Godø 1979, 2000).

For kvar av dei omtalte artane er det laga ei faktaboks med informasjon om bestandssituasjonen i perioden 1995–2020. Opplysningane om **hekkebestand** gjeld i verna område (stort sett sjøfuglreservat, men også nokre marine våtmarksreservat; forenkla i teksten til "sjøfuglreservat"). I faktaboksene er også arten sin raudlistestatus (2021) lagt inn.

Som det går fram av artsgjennomgangen foran, har det ikkje vore mogleg å telle alle sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane kvart år. Spesielt har det etter 2013 vore mye dårlig vêr under telleperiodane, og dette, kombinert med andre uheldige omst  nde, har ført til at eit varierande tal sjøfuglreservat har blitt talt opp fr  r   r til   r (sj   tabellen p   neste side). Dette betyr at det er vanskeleg    vise utviklinga i hekkebestandar fr  r   r til   r med reelle tal, fordi det manglar opplysningar fr  r mange omr  de. I faktaboksane og elles i artsomtalane der det er   nskeleg    vise til reelle tal, er desse henta fr  r eit utval sjøfuglreservat som alle blei talt opp i b  de 1995, 2010 og 2020. Av desse   ra er 1995 valt ut fordi det ligg n  rast opp mot vernetidspunktet for sjøfuglreservata, og 2020 fordi det representerer situasjonen ved siste telling. 2010 er valt ut fordi det ligg om lag halvveges tilbake til kollapsen i sjøfuglbestandane som kom like etter 2000, og det er dessutan ikkje s   langt unna halvveges tilbake til 1995. Tabellen p   neste side viser med bl  tt det «minste felles multiplumet» av 38 sjøfuglreservat som er felles for desse tre   ra.

Det er likevel mogleg    vise utviklinga fr  r   r til   r, og dette er gjort ved    rekne ut indeksverdiar for kvart   r og vise bestandsendringane med kurver. Metodikken er omtalt p   side 14, og er den same som er brukt i det nasjonale overvakingsprogrammet for sjøfugl.

	1982	1983	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020
Høgfjellet																					
Flatholmen																					
Sildekruna																					
Lysholmen																					
Einevarden																					
Stallbrekka																					
Klovningen																					
Veststeinen																					
Skorpeholmane																					
Haukedalsholmane																					
Tennøyane																					
Vengane																					
Frøyskjæra																					
Rognane																					
Hovdefjell																					
Aralden																					
Ytterøyane																					
Nekkøyåa																					
Indre-Ånnøy																					
Eikefjordholmane																					
Timberøyholmane																					
Kvalsteinane																					
Gulholmen																					
Trefotskjera																					
Karsskjeret																					
Smelvær																					
Kuøyna																					
Moldvær																					
Ryggesteinen																					
Håsteinen																					
Svarteskjeret																					
Senholmen																					
Skardholmen																					
Kvitingane																					
Bunesholmane																					
Raudøy																					
Krokholmen																					
Kvannholmen																					
Prestøy																					
Flatøy																					
Myrbærskjæra																					
Holmelidholmen																					
Ønaholmane																					
Ramsholmen																					
Gåsvær																					
Mågøyane																					
Utvær																					
Indrevær																					
Oddeholmane																					
Torsholmane																					
Ramsbarden																					
Kvernøyna																					
Sognesoksen																					
Guleskjeret																					
Lihellene																					
Storholmen																					
Fimreiteholmane																					
Nærøyane																					
Gåsøy																					
Sørværet																					
Sakrisøy																					
Vassøyane																					

Tabellen viser dei 57 sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane, nokolunde fordelt frå nord til sør, og fem våtmarksreservat (markert med grønt) som også har eller har hatt verdi som hekkeområde for sjøfugl.

Gule felt viser at reservatet ikkje bleit talt opp det gjeldande året. Blå felt markerer dei 38 reservata som er brukt for samanlikningar basert på reelle tal frå tellingane i 1995, 2010 og 2020.

Havhest (*Fulmarus glacialis*)**Hekkebestand i sjøfuglreservata**1995: **55 par**2010: **0 par**2020: **0 par****Sterkt trua (EN)**

Endring i hekkebestand
1995 – 2020:
- 100 %

På midten av 1990-talet opplyste Godø (1995) at bestanden av havhest hadde vore relativt stabil i perioden fra 1984 til 1995, og anslo bestanden i heile fylket til om lag 100 revirhevdande par. Fem hekkelokalitetar var kjent i sjøfuglreservata. Da våre tellingar tok til, hadde arten forsvunne frå Utvær i sør og Høgfjellet i nord, og hekka i dei tre sjøfuglreservata Veststeinen, Einevarden og Stallbrekka. 2005 viste seg å bli siste året med hekking på Veststeinen. Ved Einevarden var bestanden også sterkt redusert, frå 25 i 1995 til 3 i 2005, og den forsvann i 2009. Det siste paret i Stallbrekka blei sett i 2013, og etter dette har det ikkje hekka havhest i verneområda i Sogn og Fjordane (og ganske sikkert heller ikkje elles i fylket).

Hekkebestandane var nok kunstig høge den gangen fiskeria sleppte ut langt meir avfall enn i dag, men tilbakegangen har likevel gått raskt, og arten må nok karakteriserast som utdøydd i Sogn og Fjordane. Eit viktig moment i denne vurderinga er at den eventuelle kjelda til ny rekruttering, sunnmørskysten med Runde, ikkje har hatt hekking på fleire år. Det er ikkje kjent hekkeplassar utanfor sjøfuglreservata.

Kartet til høgre viser alle kjende hekkeplassar i Sogn og Fjordane etter 1995. Det er ikkje registrert hekking dei siste fem åra, og for tre lokalitetar (kvit farge) er det meir enn 15 år sidan siste registrerte hekceforsøk.



Toppskarv (*Phalacrocorax aristotelis*) Hekkebestand i sjøfuglreservata

Ikkje raudlista

1995: **951** par

2010: 240 par

2019: **107** par

Endring i hekkebestand

1995 – 2019:

- 89 %

Den første meir eller mindre fylkesdekkande tellinga av toppskarvbestanden i Sogn og Fjordane kom på slutten av 70-talet. Arten hadde da eit markert tyngdepunkt i Solund (Gåsvær og Utvær), og auka gjennom 80- og 90-talet til den rundt 1995 nærma seg 1000 hekkande par. På det tidspunktet hadde rett nok hekkebestandane i Gåsvær og Utvær gått ned med ein tredel, men ein auke i Askvoll lenger nord meir enn kompenserte for dette. Det blei talt 425 hekkande par i Ryggsteinen i 93 og 324 i 94, og rundt 300 i Moldvær i 95. Tellingar i samband med ringmerking på Ryggsteinen (Vidar Seim) viser at det frå rundt 2000 skjedde ein markert nedgang der, men med ganske store variasjonar frå år til år. Det kan ha skjedd interne forskuingar i tyngdepunktet mellom dei to naboreservata Moldvær og Ryggsteinen, men det er likevel ikkje tvil om at hekkebestanden var sterkt redusert i 2004, da begge reservata blei talt opp samtidig (hv. 54 og 70 hekkande par). Ein ny alvorleg knekk kom i 2006/07, da Ryggsteinen plutselig blei så godt som forlate utan at det skjedde nokon auke ved Moldvær.

I Solund har hekkebestanden halde seg meir stabil gjennom mye av telleperioden i dette hundreåret (merk at dei første tellingane i 2004-2006 ikkje inkluderte alle hekkeplassane). Det første større avviket kom i 2012, da nesten halvparten av reirplassane stod ubrukta på Begla i Utvær, og i 2013, da hekkebestanden plutselig blei halvert i Gåsvær. Etter dette har bestandsutviklinga stort sett vore negativ, og utviklinga er urovekkande.

Tabellen under viser tal **reir** i alle toppskarven sine hekkeplassar i sjøfuglreservata. Verneplanen for sjøfugl frå 1993 hadde som mål m.a. å sikre alle hekkeplassar for toppskarv i Sogn og Fjordane, og med unntak for nokre små ikkje-verna førekommstar ved Stad og ein i Solund (Krakksfjellet) viser tabellen alle kjente hekkeplassar i fylket.


Hekkande par toppskarv		- : ikkje observert hekkande													tomt felt: reservatet ikkje undersøkt			
Reservat		1995	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020	
Høgfjellet		5		-		2									2			
Einevarden		-	15		2-4	20	10	5-10	5	5	5	5			8	5	5	5
Stallbrekka		-	?		5?	5	5	-	1	10	5	8			8	5	-	5
Klovningen		-	15-20		2-4	5	5	5	-	2	4				1		-	-
Veststeinen		80	10		3	2?	-	-	5?	5	10	8			8		5	-
Ytterøyane		-	25	19	10	5	5-10	-	10	10	5-10	5				-	-	-
Kvalsteinane		-	-		2	-	-	-	-	-	-	1					1	
Moldvær		300	165		97	85	50	50	65	50	70	45	33	30		20		
Ryggsteinen		324*	67		3	2	1	-	-	2	2?		1	-		-		
Senholmen		-	19		17	25	20	17	16	17	15-20	6	3	-	-	-	2	
Skardholmen		7	15		10-15	15	15	5	5-10	5-10	10	15	4	5	8	2	5	
Gåsvær		85	26**	36**	70	85	65	75	80	85	45	60	35	32		35		
Utvær		150	50**	83	105	90	85	80	75	45	65	65	27			40		
Totalbestand		951	410		331	341	264	240	265	239	242	217				107		

*Talet skriv seg frå 1994 **Nokre delområde ikkje talt opp


Dei siste sesongane har vært og andre omstende gitt få tellingar i toppskarvkoloniane. I 2019 fekk vi likevel undersøkt dei fleste (berre to ubetydelege førekommstar mangla), og vi fann da berre 107 toppskarvreir, mot 410 reir i 2005.

Tellingane i 2020 blei sterkt hemma av tåke, og ingen av dei viktigaste skarveområda blei talt opp – med unntak for at vi fekk sjekka den viktige øya Begla i Utvær. Der fann vi berre 17 reir, mot 54 i 2014, 24 i 2016 og 33 i 2019. Halveringa frå 2019 til 2020 kan tyde på at nedgangen held fram, men den er kanskje ikkje representativ for fylket. Årsaka er at Kystverket i 2020 gjennomførte svært støyande sandblåsing av Utvær fyr - midt i hekkesesongen(!).

På grunn av dei mangelfulle tellingane dei siste åra er utviklinga av hekkebestanden vist med indeksverdiar (side 14) i figuren under. Åra 2000, 2018 og 2020 er ikkje inkludert, fordi viktige hekkeområde ikkje blei talt opp dei åra.



Bestandsutviklinga for topsskarv i Sogn og Fjordane er tydeleg negativ. Ser vi nærmare på reelle tal hekkande par (reir) ved dei fire viktigaste hekkeområda for topsskarv i Sogn og Fjordane, har utviklinga etter hundreårsskiftet vore som i figurane under (med siste telling før hundreårsskiftet som samanlikningsgrunnlag):



Når det gjeld dei to viktigaste toppskarvområda i Askvoll, er det verd å merke seg at på 90-talet blei Ryggsteinen talt opp i 1994, mens Moldvær blei talt opp i 1995. Det eksepsjonelt høge talet hekkande skarv som er ført i tabellen på side 155 for året 1995 baserer seg på ei vurdering av at hekkebestanden på Ryggsteinen var den same i 1995 som året før. Dette veit vi ikkje sikkert, og for den saks skull kan det vere at alle skarvane som hekka på Ryggsteinen i 1994 flytta over til Moldvær i 1995, og at Ryggsteinen stod tom i 1995. Men dette er lite sannsynleg, særleg fordi det midt på 90-talet kom store innsig av eittårig sei på kysten. Dette er toppskarven si føretrekte næring når den er tilgjengeleg, og truleg har alle tilgjengelege hekkeplassar vore i bruk på Ryggsteinen og Moldvær både i 1994 og 1995.


Årsaka til nedgangen i hekkebestand etter hundreårsskiftet er rimeleg klar. Næringssvikt er den einaste sannsynlege forklaringa når hekkebestandar av sjøfugl går tilbake over store område på kort tid. Men utviklinga for arten har ikkje heilt følgd det same mønsteret som for dei fleste andre artar, og fleire faktorar må vurderast for å forklare bestandsendringane.

Toppskarven er følsam for forstyrring frå menneske i hekketida, og ulovleg islandstiging er truleg hovudårsaka til at den veksande kolonien på Ytterøyane braut saman etter at fyret blei automatisert i 2004.

Det brå fråveret av toppskarv i Ryggsteinen frå 2007 kom rett etter at det var hausta tare i sjøområda tett opp til reservatet. Øyene er låge og utsette for sjø, og fjerning av bølgjedempande stortareskog kan ha øydelagt tilhøva i reservatet. Den mest direkte effekten av taretråling er elles at småfisken som veks opp i tareskog forsvinn frå områda der tareskogen er fjerna. Tareskogen er tilbake i tilnærma same volum etter fem år, når den blir hausta igjen, men det biologiske mangfaldet i tareskogen treng lenger tid enn dette for å returnere, og hausta tareskog er derfor i ein konstant tilstand av biologisk utarming. Dette påverkar næringsgrunnlaget for fiskeartane som held til i stortareskogen, og dermed også næringsgrunnlaget for toppskarven som finn maten sin i tareskog.

Toppskarven si næring ved hekkeplassen

Under tellingane i 2011 blei det samla inn gulpebollar frå to av toppskarven sine hekkeplassar i Gåsvær. Gulpebollane inneheld otolittar (øyrestein) og andre ufordøyde delar av fisk som skarvane har spist, og otolittane kan artsbestemast med lupe. Grethe Hillersøy undersøkte fire gulpebollar frå Lyngøy (venstre) og tre frå Fugleplitten (høgre), og fann følgjande innhold:




Undersøkinga tyder på at småsei og leppefisk er den viktigaste næringa for toppskarvane i Gåsvær. Seien var stort sett av årsklasse 1, men gulpebollane var samla inn såpass tidleg i sesongen at det er vanskeleg å seie kor mykje 0-år gammal sei toppskarvane et i løpet av hekkesesongen. Både småsei og leppefisk er typiske beburuar i stortareskog, og det er dermed liten tvil om at toppskarven i Gåsvær finn mye av næringa si i tareskogen.

Kartet viser toppskarven sine hekke-lokalitetar i sjøfuglreservata. I tillegg til desse kjem berre ein liten handfull små hekkeplassar med truleg 2-5 par kvar heilt i nord, og ein i indre Solund, så i praksis viser kartet bortimot heile fylkesbestanden.

Fargekodinga viser status når det gjeld hekking i kvart enkelt verneområde:

- **Raudt** symbol betyr hekking i siste femårsperiode
- **Rosa** symbol betyr siste registrerte hekking for mellom fem og 15 år sidan
- **Kvit** betyr meir enn 15 år sidan siste hekkefunn (gjeld berre Håsteinen i Askvoll)

Storleiken på sirklane indikerer maksimalt tal hekkande par ved lokaliteten i løpet av den siste femårsperioden til og med 2020. Ingen toppskarvkoloniar har hatt meir enn 100 reir i den siste femårsperioden (sist dette blei registrert var i 2007, i Utvær i Solund).



Grågås (*Anser anser*)



Individtal basert på data frå 38 av 57 sjøfuglreservat

Ikkje raudlista

1995: **198** individ

2010: **218** individ

2020: **78** individ


Endring i individtal

1995 – 2020:

- 61 %

For grågås er det tidkrevande å få gode tal på hekkebestanden, fordi ikkje-hekkande individ ofte samlar seg i større eller mindre flokkar på stader som også kan fungere som hekkeplass. Det kan derfor vere meir interessant å finne ut korleis bestanden utviklar seg ved å sjå på individtal. Men også dette kan det vere utfordrande å få gode data om, for på den tida av året sjøfugltellingane i Sogn og Fjordane skjer, begynner grågåsa å samle seg i flokkar for å skifte vengefjør. Dei er da sårbare og reagerer på menneskeleg aktivitet på lang avstand, og kan legge på svøm og ligge i skjergarden, ofte langt ute.

Figuren til høgre viser utviklinga i talet på registrerte **individ** av grågås i Sogn og Fjordane. Problema med å få gjennomført tellingar i sjøfuglreservata dei siste åra betyr at bestandsutviklinga må illustrerast med indeks-verdiar. Figuren viser at tal individ har auka klart etter 90-talet, men også gått tilbake seinare. Dei store variasjonane er nok mest eit utslag av at gåseflokkane sommarstid er vanskelege å få oversikt over, men nedgangen dei siste åra truleg er høgst reell.



I 2005 blei store flokkar av mytande (fjørfellande) grågås observert i **ytre Askvoll** (Moldvær, Ryggsteinen og Håsteinen), der til saman 1105 individ blei registrerte. Så mye fugl har vi ikkje sett seinare, og som det går fram av tabellen under har tala lenge lagt rundt 200-300, med ein topp i 2010 og markert nedgang dei aller siste åra. I det andre hovudområdet for grågås, ved Gåsvær og Utvær i **Solund**, har tala vore meir moderate, men også der med sitt lågaste nivå ved siste telling:

Individ av grågås	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2016	2017	2019
Moldvær, Ryggsteinen og Håsteinen	1105	223	268	303	624	324	182	150	331	25	8
Utvær og Gåsvær	154	216	142	82	91	135	95	34	96	kkje talt	25

Ei grov antyding av tal **hekkande par** i sjøfuglreservata er gjort ved å finne gjennomsnittleg tal par for alle reservat med hekkande grågås i tre tidsperiodar. Når gjennomsnittsverdiane blir lagt saman, blir resultatet **93** hekkande par i perioden 1995-2000, **58** hekkande par i perioden 2004-2013, og **41** hekkande par i perioden 2014-2020. Talet på hekkande par har generelt vore påfallande lite samanlikna med det samla talet registrerte individ av grågås i Sogn og Fjordane, men prosentvis er tilbakegangen frå 1995 til 2000 ganske lik for hekkande par (56%) og individ (64%).



Alle dei ulike måtane å illustrere utviklinga for grågåsa i Sogn og Fjordane gir tilsvarende konklusjon; at bestanden er på veg ned. Utviklinga i hekkebestanden er mest usikker.

NINA/Arne Follestad gjennomførte i 2010 ei flytelling av mytande grågås langs kysten av Sogn og Fjordane 28. og 29. juni. I tabellen under er flytellingane samanlikna med våre tellingar frå båt:

Naturreservat	Kommune	Fly, 28.-29.6.	Båt, 8.-10.6 + 15.-16.6.
Flatholmen	Stad (Selje)	0	12
Vengane	Bremanger	0	15
Smelvær	Askvoll	35	52
Moldvær	Askvoll	210	345
Ryggsteinen	Askvoll	300	210
Håsteinen	Askvoll	360	69
Sørværet	Askvoll	0	0
Sakrisøy	Hyllestad	0	6
Gåsvær	Solund	162	62
Utvær	Solund	0	29
Indrevær	Solund	0	Ikkje talt
Sum		1067 individ	600 individ

Tellingane er gjort på ulike tidspunkt og viser eigentleg ulike ting (mytegås frå fly; hekkande og dels mytande gås frå båt), så resultata er overraskande like. Det samla talet for Moldvær og Ryggsteinen i Askvoll er nesten identiske i dei to tellingane, og truleg er det her grågåsa i fylket først samlast når myteperioden nærmar seg.

Grågåsa kan vere verdfull for sjøfuglreservata etter kvart som færre sauar blir sendt på beite. Sjølv om dei ikkje hindrar gjengroing på same måte, er gjæsene effektive når det gjeld å halde marksjiktet i vegetasjonen nede. Det vil derfor vere verdifullt å finne årsaka til reduksjonen i talet på observerte grågås.


Kartet viser maksimalt *individtal* som er registrert under sjøfugltellingane. Storleiken på sirklane indikerar maksimalt individtal i lokalitetten i løpet av den siste femårsperioden til og med 2020.

Fargekodinga viser status når det gjeld førekomst i kvart enkelt verneområde:

- **Raudt** symbol betyr at grågås er observert i siste femårsperiode
- **Rosa** symbol betyr at siste funn skjedde mellom fem og 15 år sidan
- **Kvit** betyr at det er meir enn 15 år sidan sist grågås blei observert

Berre eitt verneområde har hatt meir enn 500 individ i løpet av den siste femårsperioden; Smelvær i Askvoll.

Lokalitetar i sjøfuglreservata kan i perioden fungere både som hekkeområde og myteområde.



Ærfugl (*Somateria mollissima*)

Hekkebestand basert på 38 sjøfuglreservat



1995: **200** par

2010: 56 par

2020: **26** par

Sårbar (VU)

Endring i hekkebestand

1995 – 2020:

- 87 %

Individtal basert på 38 sjøfuglreservat

1995: **1607** individ

2010: 1980 individ

2020: **209** individ

Endring i individtal

1995 – 2020:

- 87 %


Godø (2000) meinte at hekkebestanden av ærfugl i Sogn og Fjordane ved hundreårsskiftet var den høgaste ein har kjent til nokon gong, og at hekkebestanden i fylket kunne vere på 10 000 par. Da våre tellingar tok til berre fire år seinare, viste tala derimot at ærfuglen hadde blitt ein sjeldan hekkfugl. Seinare tellingar har ikkje gitt grunnlag for andre konklusjonar. Hekkebestanden av ærfugl må ha vore gjennom ein svært omfattande og rask tilbakegang i Sogn og Fjordane like etter hundreårsskiftet.

Hekking

Det er vanskeleg å lage tidsseriar med reelle tal hekkande fugl på grunn av den mangelfulle dekninga av telleområde dei siste åra. Men i det utvalet på 38 verneområde som alle blei talt opp i dei tre sesongane 1995, 2010 og 2020 viser talet på hekkande «par» ein nedgang frå 1995 til 2020 på nesten 90 prosent.

I 1995 blei det talt om lag 550 reir og ungekull i alle sjøfuglreservata som blei talt opp det året. I ettertid har vi aldri vore i nærleiken av slike tal. Fordi eit varierande tal reservat har blitt talt opp i ulike år, er utviklinga over tid vist som indeksverdiar i figuren under:

Tidleg på 80-talet låg talet på registrerte kull og reirfunn på rundt 200 kvart år. Fordi ei indeksutvikling alltid startar med verdien 100, blir det dermed berre små avvik rundt 100 dei tre første åra. Så skjer det ein markert auke til 1995. Trass i litt færre undersøkte område, blei det registrert langt fleire kull (i reelle tal 202 kull/reir i 1984, og 556 i 1995). Indeksverdien for 1995 ser slik sett grei ut, mens den enda høgare verdien for 2000 skuldast ein auke i den nordlege delen av Sogn og Fjordane. Få område sør i fylket blei undersøkte det året, men modellen baserer seg på at utviklinga var den same også der.



Så går det fire år, og på denne tida stuper talet på observerte ærfuglkull. I dei 24 sjøfuglreservata som blei talt opp i 2000, blei det registrert 161 kull, mens det i 2004 blei talt opp 28 sjøfuglreservat og 49 kull (40 av desse i Gåsvær). Året etter blei 34 sjøfuglreservat talt opp, og talet på registrerte kull var 6.

Samanliknar vi tal ærfuglkull frå dei 38 reservata som det er vist til øvst i dette avsnittet, finn vi at det blei registrert 241 kull/reir i 1995, 9 i 2010 og 4 i 2020. Fleire av dei historisk beste ærfuglområda er ikkje med her, og det betyr at talet for 1995 er mye mindre enn dersom desse reservata hadde vore inkludert, mens for dei seinare åra spelar utvalet av reservat lite rolle. Dersom vi til dømes inkluderer Utvær og Gåsvær i Solund, blei det der åleine registrert 230 reir/kull i 1995, men berre 5 i 2010 og null i 2019 (ikkje talt i 2020). Godø sine tal frå perioden 1982 - 2000 er litt usikre fordi tal ungekull ofte berre er grovt antyda, men forskjellen er så stor før og etter 2000 at akkurat det spelar

mindre rolle.


Sjølv om vi tar alle moglege og umoglege etterhald, er det i dag neppe realistisk å presse den noverande hekkebestanden av ærfugl i sjøfuglreservata opp i hundre reir. Dette er berre ein hundredel av Godø sitt overslag på 10 000 par i 2000. Rett nok inkluderte Godø heile fylket i det talet, men i Sogn og Fjordane er ein så stor del av dei beste hekkeområda verna at det ikkje kan vere snakk om store hekkebestandar utanfor sjøfuglreservata. Larsen (2006) talte fuglar ved Vågsøy nokre dagar i juni kvart år i perioden 1999-2006, og seier at "det er overraskende sjeldan å se ungekull av ærfugl på Vågsøy." I løpet av sju sesongar såg han dunungar berre *ein* gong, i Vedvika i 2001.

Det kan sjå ut til å ha skjedd ei betydeleg «forgubbing» av ærfuglbestanden i Sogn og Fjordane. Når talrike artar med rovfugltendensar som t.d. svartbak ikkje finn annan mat til ungane sine, blir nok det meste som byr seg av ærfuglungar snappa opp etter kvart som dei kjem på vatnet. Truleg har dette no gått føre seg i så mange år at rekrutteringa til ærfuglbestanden lokalt har stoppa nesten heilt opp.

Hekkebestanden av ærfugl i Sogn og Fjordane er utvilsamt svært svak for tida, og den må ha vore gjennom ein formidabel og svært rask tilbakegang etter hundrearsskiftet. Dersom Godø og våre tal er nokolunde korrekte, har hekkebestanden av ærfugl i Sogn og Fjordane gått ned så oppsiktsvekkande raskt at fleire negative faktorar må ha spelt inn samtidig.

Myting

Utviklinga i tal ærfuglar som flokkar seg i den ytre skjergarden utover sommaren for å ta til med fjørfelling (myting) er vist med indeksverdiar i figuren under. Her skil verdiane frå 1995 og 2000 seg ikkje så mye ut frå dei andre, og talet på observerte individ synest slik sett ikkje å vere kopla til hekkebestanden. Forklaringsa kan vere at det kjem mange fuglar til Sogn og Fjordane for å tilbringe myteperioden ved tareskogane her.



Det markerte avviket i 1982 er neppe reelt, men truleg berre ein artifakt av telleoppblegget (at ein ikkje har vore på rett stad til rett tid i høve til kvar flokkane ligg). Det same gjeld nok også ein del av variasjonen etter 2000, men her ser vi fordelen med årlege tellingar over lang tid: Trass i avvika kjem det likevel fram ei tydeleg, negativ utvikling gjennom heile vår telleperiode.

Ser vi på «reelle tal» frå det utvalet på 38 verneområde som alle blei talt opp i dei tre sesongane 1995, 2010 og 2020, finn vi at det blei registrert 1607 individ i 1995, 1980 individ i 2010 og 209 individ i 2020.

Tabellen under viser tal **individ** av ærfugl frå nokre viktige område (grå felt = ikkje talt opp):

	1995	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2019
Frøyskjera	225	250	192	30		455	140	144	76				74
Ytterøyane	210	1400	485	21		1159	1005	51	87	183			3
Moldvær	100	12	13	50	12	13	24	35	19	22	7	1	1
Gåsvær	450	600	119	60	300	128	195	10	7	137	5	8	6
Utvær	240	250	480	78	115	422	198	57	40	361	85		29


Kartet viser samla tal *individ* av ærfugl som er registrert i dei ulike sjøfugl-reservata og andre verneområde på kysten. Storleiken på sirklane indikerer maksimalt individtal i lokaliteten i løpet av den siste femårsperioden til og med 2020.

Fargekodinga viser status når det gjeld førekomst i kvart enkelt verneområde:

- **Raudt** symbol betyr at ærfugl er observert i siste femårsperiode
- **Rosa** symbol betyr at siste funn skjedde mellom fem og 15 år sidan
- **Kvit** betyr at det er meir enn 15 år sidan sist ærfugl blei observert

Ingen av dei undersøkte områda har hatt 100 individ eller meir den siste femårsperioden, mens t.d. Ytterøyane vest av Florø hadde meir enn 1000 individ ved fleire tellingar mellom 2005 og 2011.


Lokalitetar i sjøfuglreservata kan i perioden fungere både som hekkeområde og myteområde. Dei viktigaste myteområda ligg ved den ytre kysten.



Tjeld (*Haematopus ostralegus*)

Hekkebestand basert på tal frå 38 av 57 sjøfuglreservat

Nær trua (NT)



1995: 165 par

2010: 107 par

2020: 105 par

Endring i hekkebestand

1995 – 2020:



- 37 %

Det er 6650 øyer og holmar i Sogn og Fjordane dersom ein berre reknar med dei som er store nok til å bli teikna ut på kart i 1:50 000. Med eitt par tjeld på alle øyar uavhengig av storleik, bør dette åleine gi rundt 6500 hekkande par i Sogn og Fjordane. Svært mange av holmane er likevel for små for hekking, og det er i tillegg mye bratt og ueigna strandsone på dei større øyane. Våre eigne tal frå verneområda tilseier også at den samla hekkebestanden er ein del mindre.

Tjeld blir likevel observert jamt spreidd på dei fleste eigna holmar og skjer. Dei røde markeringane på kartet til høgre viser tal hekkande par tjeld registrert i verneområda i femårsperioden 2016-20. Rosa markeringar betyr at tjeld ikkje er registrert dei siste fem åra, og seier ikkje noko om bestand. Ulikt dei andre artane som er omtalte i rapporten hekkar tjelden også vanleg utanfor sjøfuglreservata.

Figuren nedst på sida viser at talet på hekkande par tjeld i 2020 er det same som i 1982. Samanlikna med bestandane gjennom 1980- og 90-talet har det likevel skjedd ein reduksjon rundt hundreårsskiftet, men ikkje med same vedvarande nedgang som for dei fiskeetande artane.

Det er ikkje usannsynleg at tjelden kan ha blitt oversett i nokre av dei mest fuglerike områda, da fokus nok blir flytta mot dei "ekte" sjøfuglane når tellesituasjonen blir som mest hektisk. Men auka merksemd på akkurat dette problemet har ikkje endra på resultata, noko som tilseier at "underfokusering" ikkje forklarer kvifor bestanden tilsynelatande er på eit lågare nivå no enn før hundreårsskiftet.



Tjuvjo (*Stercorarius parasiticus*)

Hekkebestand i sjøfuglreservata

Sårbar (VU)

1995: 4 par

2010: 3 par

2020: 2 par

Endring i hekkebestand

1995 – 2020:

- 50 %

Hekkebestanden av tjuvjo i Sogn og Fjordane har i fleire år vore liten, som elles på Vestlandet, og arten er nok i ferd med å forsvinne som hekkefugl.

Med sitt spesielle levesett har arten aldri vore talrik, men i 1982 blei det observert 67 individ under sjøfugltellingane, i 1983 også 67, og i 1984 59 individ. I 1995 blei det så observert berre 4 par, og i 2000 2 par.

Fram til rundt 2010 blei det årleg sett nokre par i 2-4 av sjøfuglreservata, men dei siste åra har vi stort sett berre sett eitt individ kvart år. I 2020 blei det rett nok sett enkeltindivid på to ulike stader. **Tal individ i heile Sogn og Fjordane er vist i tabellen nedst på sida.**


Som det går fram av kartet har arten i den siste femårs-perioden fram til og med 2020 (raude prikker) berre blitt registrert sentralt i Sogn og Fjordane, mens den tidlegare var utbreidd frå Vågsøy i nord (Sildekruna) til Solund i sør (Torsholmane). Dei fleste observasjonane dei siste åra er gjort ved Håsteinen og Kvitingane i Askvoll.

Fargekodinga viser status når det gjeld førekommst i kvart enkelt verneområde:

- **Raudt** symbol betyr at tjuvjo er observert i siste femårsperiode
- **Rosa** symbol betyr at siste funn skjedde mellom fem og 15 år sidan
- **Kvit** betyr at det er meir enn 15 år sidan sist tjuvjo blei observert

Tjuvjoen hekkar ikkje nødvendigvis i område med mange hekkande par av dei artane den stel mat frå, men streifar ein del rundt.

Tala er under alle omstende så små at arten nærast må reknast som funksjonelt utdøydd som hekkefugl i Sogn og Fjordane – i alle fall inntil vidare.



Tjuvjo, tal registrerte individ:

1984	1995	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020
59	8	4	4	2	3	8	4	6	3	2	2	1	1	0	1	1	2

Svartbak (*Larus marinus*)

Hekkebestand basert på tal frå 38 av 57 sjøfuglreservat

Ikkje raudlista



1995: 1036 par

2010: 325 par

2020: 237 par

Endring i hekkebestand

1995 – 2020:


- 77 %

Sjølv om hekkebestanden av svartbak har minka sterkt dei siste 25 åra, er arten framleis ein relativt vanleg sjøfugl i Sogn og Fjordane og hekkar jamt spreidd langs heile kysten. Registreringane viser at det har vore fugl på dei fleste hekkeplassane også i åra med minst næringstilgang, men i kva grad fuglane faktisk har hekka og fått fram ungar er ei anna sak.

Godø (1995) nemner at det blei registrert 1700 par i 1995, hovudsakeleg i sjøfuglreservata, og at hekkebestanden i heile Sogn og Fjordane truleg var på 4-5000 par. Svartbaken og dei andre stormåsane er blant dei sjøfuglane som merka samanbrotet etter hundreårsskiftet aller mest. Ved den første tellinga vår i 2004 var hekkebestanden svært redusert, og mange av svartbakpara såg i tillegg ut til å ha gitt opp hekkforsøket før klekking. Men hekkebestanden var allereie året etter merkbart større, og auken heldt fram i 2006 i dei reservata som blei undersøkte da. Under den bortimot komplette tellinga i 2007 kunne vi slå fast at hekkebestanden (798 par) var halvveges tilbake til nivået i 1995 (1637 par). I løpet av kort tid skjedde det altså ei dobling av hekkebestanden i Sogn og Fjordane. Men på same måte som gråmåsen gjekk svartbaken sterkt tilbake året etter, for svartbaken sin del med heile 60 % reduksjon av hekkebestanden frå 2007 til 2008.


Etter dette såg svartbakbestanden ut til å bygge seg langsamt opp igjen, men dei siste fem åra har nedgangen igjen vore påtakleg.

Indeksverdiar for hekkande par av svartbak




Svartbaken har likevel klart næringssvikten betre enn gråmåsen, og mens det i 1995 var nesten fire gonger fleire hekkande par av gråmåse enn svartbak i Sogn og Fjordane, er det no berre om lag to gonger fleire.

Kartet på neste side viser hekkebestanden i dei ulike sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane med raudde symbol. Rosa farge betyr at arten ikkje er registrert i området i femårsperioden fram til og mde 2020, men for nokre av lokalitetane (Kuøyna, Sørværret og Indrevær) skuldast dette berre at dei ikkje har blitt undersøkte i femårsperioden.



Førekomst av **svartbak** i sjøfuglreservata
(største registrerte tal par den siste femårsperioden)



Førekomst av **gråmåse** i sjøfuglreservata
(største registrerte tal par den siste femårsperioden)

Gråmåse (*Larus argentatus*)

Hekkebestand basert på tal frå 38 av 57 sjøfuglreservat

Sårbar (VU)


1995: **4683** par
2010: 678 par
2020: **509** par

Endring i hekkebestand
1995 – 2020:
- 89 %

Godø (2000) vurderte bestanden av gråmåse i Sogn og Fjordane som stabil, kanskje framleis med ein positiv trend etter framgang frå 1980- til 1990-åra. Dette har nok vore rett, men i åra like etter 2000 endra tilhøva seg. Best ser vi dette ved Hovdefjell, der Vidar Seim dreiv ringmerking i fleire år. Frå 1997 til 2000 merkte han årleg rundt 100 ungar, men talet fall brått til 6 i 2001, og 2 i 2003. I 2004 fann Seim ingen ungar i den undersøkte delen av kolonien, som berre fire år tidlegare blei vurdert til å ha om lag 1500 hekkande par.

Tellingane våre stadfesta ein formidabel nedgang, og at arten knapt kan ha hekka i Sogn og Fjordane i 2004. Det blei meldt om tilsvarande tilhøve i Møre og Romsdal og Hordaland. I 2005 såg situasjonen litt betre ut, og ei positiv utvikling var tydeleg i 2006. Så flata den litt ut og nådde ein topp i 2007. Det året talte vi alle sjøfuglreservata med gråmåse i Sogn og Fjordane, og nådde opp i 1417 hekkande par. Dette er langt under dei totalt 6187 hekkande para i 1995, men er likevel det høgaste talet hekkande gråmåse som er registrert i Sogn og Fjordane etter hundreårsskiftet.

Men akkurat som for svartbaken blei hekkebestanden halvert allereie året etter, i 2008, og nedgangen heldt fram inn i 2009. Da skjedde ei ny langsam stabilisering og oppbygging, også det som for svartbaken, og på tilsvarande måte også ein jamn nedgang etter 2013.



Hekkebestanden av gråmåse er for tida nesten nede på ein nivået i 1995. Ei vidare samanlikning med svartbaken viser at dei to artane har hatt ei nær identisk utvikling etter hundreårsskiftet, men at svartbakbestanden i reine tal ligg på om lag ein firedel av nivået i 1995. Det såg nokre år ut til at hekkebestandane svartbak og gråmåse skulle bli om lag like store i Sogn og Fjordane, men framleis er det dobbelt så mange gråmåse- som svartbakpar.

Kartet på førra side viser hekkebestanden i sjøfuglreservata den siste femårsperioden fram til og med 2020 med rauda symbol. Rosa farge betyr at arten ikkje er registrert i området dei siste fem åra, men for nokre av lokalitetane (Kuøyna, Sørværet og Indrevær) skuldast dette berre at dei ikkje har blitt undersøkte i femårsperioden. Det einaste



Nyklekt gråmåseunge i eit kull på tre. Dei to andre ungane har så smått begynt å hakke hol i høgrekant av eggna. Gråmåsen er den arten som gjekk sterkest tilbake i Sogn og Fjordane da næringsmangelen i Nordsjøen slo til rundt 2003, og hekkebestanden no er berre rundt ein tidel av det den var i 1995, ved den siste fylkesdekkande tellinga før kollapsen. I kva grad gråmåsen lukkast med å få ungar på vengene veit vi ikkje.

Sjøfuglreservatet som framleis så vidt har meir enn 100 hekkande par gråmåse i Sogn og Fjordane, er Lihellene i Sognesjøen (105 par i 2020). Om vi går heilt tilbake til 80-talet, har 26 av dei 57 sjøfuglreservata til tider hatt minst 100 hekkande par, med Hovdefjell som den største kolonien (1500 par i 2000).

Tabellen på neste side viser tal hekkande par i gråmåsekoloniane i fylket frå og med 1995. Larsen (2014) rekna i tilsvarende tabell påbegynte reirgropene av gråmåse som hekking, men dette er ikkje i tråd med NINA sin takseringsmanual, som krev fullt ferdige reir. I praksis betyr dette berre noko for data frå Hovdefjell i 2004, der opplysningsa om 25 reir skriv seg frå Vidar Seim, som omtalte reira som «reirgropene» slik at dei neppe skulle ha vore rekna med. Her er dei utelete, og det kan nok vere at tala for 2004 gir ei overvurdering av den faktiske hekkebestanden også i andre område, ettersom det neppe kom egg i mange av reira det året.

Berre ein større koloni manglar i tabellen, Barekstadlandet i Flora, som ikkje er verna som naturreservat. Den første relativt grundige opptellinga etter 1984 blei gjort i 2018, og viste 140 par gråmåsar, 25 par sildemåsar og 5 par fiskemåsar. Talet har vore om lag det same også i 2019 og 2020. Barekstadlandet er dermed den største gråmåsekolonien i fylket, og kjem også høgt opp som hekkeplass for sildemåse. Lokaliteten er ikkje inkludert i resultata fordi hekkebestanden er ukjent for heile perioden frå 90-talet og fram til 2017. Å bruke tala frå Barekstadlandet vil dermed kunne gi inntrykk av ein auke i gråmåsebestanden dei siste åra som ikkje er reell. Ettersom lokaliteten har halde seg stabil under tellingane dei siste tre åra, påverkar utelatinga heller ikke den generelle trenden i utviklinga av gråmåsebestanden i Sogn og Fjordane i same periode.

Hekkande par gråmåse				- : ikke observert hekkande										grått felt: reservatet ikke undersøkt						
Reservat	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020		
Flatholmen	75	100			40	70	80	30	55	55	55	40	45		35	30	40	30		
Sildekruna	350	400			130	130	90	40	75	125	95	100	75		80	55	75	90		
Lysholmen	160	30			15	10	4	7	20	15	15	14			10	5	5	-		
Einevarden	-			10		2	-	-	-	2	3	3	-		-	-	-	-		
Stallbrekka	100			21		30	25	10	18	15	20	20	12		10	15	4	-		
Klovningen	10			30		70	25	15	20	23	22	22			10		15	12		
Veststeinen	550			25		60	15	15	20	25	15	15	8		8		6	2		
Skorpeholmane	25	5		1	2	2	1	5	7	12	12	12			2	3	7			
Haukedalshln.	20	10		-	-	1		3		-	2	2	-		1	-	-	-		
Tennøyane	60	120			48	70	25	70	10	25	20	30				13	15	30		
Vengane	62		3	2	6	7	2	3	12	15	14	10	7		4	1	1	-		
Frøyskjera	136		3	20		40	12		30	35	25	55					35	35		
Hovdefjell	1200	1500	-	20	170	140	10	10	45	40	50	45	7		1	2	-	-		
Aralden			-	1		-	-		-	1	2	1			4		2	2		
Ytterøyane	215		-	5		35	5	10	25	20	15	7	11				5	2		
Indre-Ånnøy	65	20		1		1	-	1	-	-	-	-			-	-	-	1		
Eikefjordhlne.	-	-			1			-	-	3	3	2	5		3	2	1	1		
Kvalsteinane	350	350	2	15		30	15	2	20	15	16	15		12				20		
Gulholmen	50	100		8		20	10		12	20	10	15	7	10				8		
Trefotskjæra	40	-	1	1		1	-	1	-	-	-	-		-	-	-	-	-		
Smelvær	30	-	-	1		-	2		12	1	5	3		-		2				
Kuøyna	15			-		-	-	-	1	2	2		-							
Moldvær	250		5	10		45	15	25	35	35	40	35	25	12	10		20			
Ryggsteinen			-	2		5	3	3	5	5	1	5		5	10		15			
Håsteinen	-		-	2	10	10	4	4	7	6	10	15	15	13	13		18			
Svarteskjeret	4		1		3	-			-								-			
Senholmen	45	90	20	15		50	-	6	8	28	35	50	20	-	-	1	-	-		
Skardholmen	200		5	20		70	20	15	25	15	20	25	30	10	20	12	9	6		
Raudøy	350	200	50	70		100	20	40	30	10	20	10	3	3		-	-	-		
Krokholmen	-	30		-		-	-	-	-	5	-	3	5	15	12	20	15	35		
Kvitingane	-		2	-		1	-	-	3	-	2		-	-	-	-	2			
Bunesholmane	-			2		1	2	-	6	3	-	1			6	-	-			
Myrbærskjera	220		2	11		70	35	10	45	30	75	65	55	40		25	35	30		
Sakrisøy	-			6		3	-	-	-	-	2		5		15	10	28			
Gåsvær	500			15	60	60	120	50	60	75	90	95	85	82	59		60			
Utvær	225		10	5	60	30	25	20	25	25	10	12	10	1			3			
Indrevær						30	15				25	1								
Oddeholmane	230		2		20	20	20		15	30	25	20	18	10		20		20		
Torsholmane	30				30	40	40	30	60	55	60	70	40	55		55		45		
Ramsbarden	320					12	1	-	-	-	2	-		-		-				
Sogneoksen	160					50	20	35	45		20	25	16	20		35	30			
Lihellene	200				40	100	80	80	120	130	130	160	110	95		80		105		

Sildemåse (*Larus fuscus*)

Hekkebestand basert på tal frå 38 av 57 sjøfuglreservat

Ikkje raudlista



1995: 500 par

2010: 173 par

2020: 160 par


Endring i hekkebestand

1995 – 2020:

- 68 %

På same måte som for gråmåsen, vurderte Godø (2000) bestanden av sildemåse i Sogn og Fjordane som stabil, og kanskje med ein positiv trend samanlikna med 1980-åra. Fleire sildemåsekoloniar sør i fylket blei ikkje talt opp i 2000, men i fleire av dei som blei talt opp hadde det skjedd ei positiv utvikling sidan førre telling i 1995.

Som for dei andre stormåsane kom ein brå nedgang etter 2000. Det blei berre observert spreidde individ av sildemåse under tellingane i 2004, med unntak av Raudøy med 70 individ (men berre nokre få reir med egg eller ungar). I 2005 prøvde spreidde par seg på fleire hekkeplassar, og 70 par hadde slått seg til på Raudøy. I 2007 blei alle kjente hekkeplassar sjekka, og sildemåsen blei funne hekkande på 15 ulike lokalitetar med til saman 371 par, så situasjonen såg definitivt positiv ut. Men på same måte som for dei andre stormåsane kom nedgangen på ny i 2008, og på same måte flata utviklinga seg ut i åra etterpå. Utviklinga er vist med indeksverdiar i figuren under.




Figuren antydar at hekkebestanden av sildemåse har vore på nesten same nivå dei siste åra som på 1980- og 90-talet, og dessutan med eit høgdepunkt i 2020, men dette illustrerer kanskje mest at sildemåsen sin hekkebiologi ikkje passar heilt til føresetnadene for ei slik framstilling. Metodikken med indeksverdiar er basert på at trenden frå eitt år til det neste er lik for alle lokalitetar, og sildemåsen sine tidvise koloniforflyttingar lagar problem i så måte.


Tabellen på neste side viser tal hekkande par sildemåse i alle kjende hekkeområde i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane i perioden frå 1995 til 2020. Store koloniar som Gåsvær og Lihellene har halde det gåande gjennom heile perioden, mens andre har kome og gått opp gjennom åra. Håsteinen og Krokholmen er relativt nye koloniar som har etablert seg dei siste ti åra, mens det nokre stader er gjort forsøk som er gitt opp, som i Utvær og Klovningen. Dette betyr at det på same tid kan vere både vekst og tilbakegang i ulike koloniar, og da kan ei framstilling basert på indeksverdiar gi inntrykk av utvikling som kanskje ikkje er heilt i tråd med realitetane. Reelle tal frå år da så godt som alle koloniar blei talt opp, viser at det i 1995 var 620 hekkande par sildemåse, mot 371 i 2007, men sistnemnte år har likevel høgst indeksverdi.

Hekkande par sildemåse		- : ikke observert hekkande													grått felt: reservatet ikke undersøkt					
Reservat		1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020	
Flatholmen		50	50			2	-	1	-	4	2	6	-	-		4	6	6	-	
Sildekruna		-	-			-	-	-	-	-	-	-	-	-		-	-	3	1	
Lysholmen		-	35			3	3	-	-	-	-	3	-	-	-	-	-	-	-	
Klovningen		-			1		15	-	1	1	1	1	-	-	-	-	-	-	-	
Veststeinen		-			-		10	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
Tennøyane		-	-			-	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	-	-	
Frøyskjera		-		-	1		8	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	7	
Hovdefjell		-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	-	-	-	
Ytterøyane		-	-	-	1		-	1	5	-	1	1	-	-	-	-	-	-	-	
Eikefjordholmane		-	-			-			-	-	1	1	4	8		3	-	-	-	
Kvalsteinane		50	-	1	1		-	1	-	-	-	-	3		4				-	
Gulholmen		-	55		6		1	5		5	5	4	-	4	5				-	
Smelvær		-	-	-	2		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
Moldvær		-	-	-	2		30	36	31	44	26	20	30	10	2	10		15		
Ryggsteinen				1	-		3	-	-	-	1	2	5		4	13		5		
Håsteinen		-		-	-	1	2	-	-	-	-	15	20	20	23	23		15		
Senholmen		-	-	-	-		-	-	1	-	-	3	5	4	-	-	-	-	-	
Skardholmen		-		-	-		-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
Kvitingane		-		-	-		-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	
Bunesholmane		-			-		-	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
Raudøy		150	350	20	70		150	25	50	80	10	20	30	3	3		-	-	-	
Krokholmen		-	-		-		-	-	-	-	5	1	2	20	10	5	12	10	30	
Myrbærskjæra		-		-	-		-	1	2	1	5	10	10	15	10		-	-	2	
Sakrisøy		-			-		-	-	-	-	-	-	2		1		10	-	3	
Gåsvær		120			2	5	25	20	40	35	55	60	60	57	40	29		25		
Utvær		-		-	5	-	10	10	-	-	5	1	2	-	-	-	-	-	-	
Indrevær							1	15				40	-							
Oddeholmane		-		-		-	-	-	10	-	-	-	-	-	3		-	-	-	
Torsholmane		-				3	2	3	1	1	3	6	1	1	-	-	-	-	2	
Sogneoksen		-					31	20	25	25		15	12	12	8		12	18		
Lihellene		250				30	80	60	50	80	80	75	130	100	105		100		115	

Kartet på neste side viser hekkebestanden av sildemåse i sjøfuglreservata med raude symbol. Rosa farge betyr at arten ikke er registrert i området i siste femårsperiode, men for Indrevær skuldast dette berre at området ikke har blitt undersøkt i perioden. Den einaste kolonien som har meir enn 100 hekkande par sildemåse i Sogn og Fjordane, er Lihellene i Sognesjøen (115 par i 2020). Om vi går heilt tilbake til 80-talet, har fire sjøfuglreservat hatt minst 100 hekkande par, men to av desse (Raudøy og Prestøy i Askvoll) er no forlate. Prestøy står i ei særstilling ettersom utslepp frå lokal fiskeindustri var grunnlaget for kolonien, og er ikke med i tabellen ettersom måsane forsvann allereie på 1990-talet.



Førekjoms av *sildemåse* i sjøfuglreservata
(største registrerte tal par den siste femårsperioden)



Førekjoms av *fiskemåse* i sjøfuglreservata
(største registrerte tal par den siste femårsperioden)

Fiskemåse (*Larus canus*)

Hekkebestand basert på tal frå 38 av 57 sjøfuglreservat

Sårbar (VU)

1995: **547** par2010: **237** par2020: **203** par

Endring i hekkebestand


1995 – 2020:

- 63 %

Fiskemåsen gjekk tilbake før århundreskiftet, og dermed uavhengig av næringssvikten i 2004. Utviklinga liknar den vi har sett hos terner og teist, og speglar nok at fiskemåsen har eit anna næringssval enn dei større måseartane. I dei 38 reservata vi har brukt som samanlikningsgrunnlag for utviklinga frå 1995 til 2020, hekka det **1246** par fiskemåse i 1984. I 1995 var talet nede på **547** par, og i 2010 hekka berre **237** par i dei same reservata. I 2020 var hekkebestanden i dei same reservata **203** par.

I tråd med fiskemåsen sin litt avvikande utvikling i høve til dei andre måseartane, kom det ikkje til nokon markert topp i 2007. I staden har bestanden halde seg jamt låg i heile perioden etter hundreårsskiftet. Truleg er heile den samla bestanden i Sogn og Fjordane no på godt under 1000 par, for fiskemåsen ser ut til å ha gått sterkt tilbake ikkje berre langs kysten, men også i fjordane og innlandet.

Da førre sjøfuglrapport for Sogn og Fjordane blei laga, blei så godt som alle sjøfuglreservat med hekkande fiskemåse talt opp (i 2013), med eit resultat på totalt 342 par. To lokalitetar husa over ein tredel av hekkebestanden: Eikefjordholmane med 55 par og Torsholmane inst i Sognesjøen med 70 par. Litt lenger ute, i den indre skjergarden i Askvoll, var hekkebestanden på Kvannholmen 30 par. I 2020 var hekkebestandane i dei same tre reservata hv. 32, 25 og 6 par, så det er ingen teikn til betring for fiskemåsen.



Kartet på førre side viser at det ytst på kysten er mest enkelpar og små "koloniar" på 2-8 par, så tilhøva er framleis best i indre kyststrøk. Dei raude symbola viser maksimumstal hekkande par i løpet av femårsperioden fram til og med 2020. Rosa symbol viser sjøfuglreservat der fiskemåsen ikkje har vært registrert dei siste fem åra, og så er det eit par område der fiskemåsen sist hekka for meir enn 15 år sidan. Dei største koloniane i 2020 var Eikefjordholmane (32 par), Sakrisøy (30 par) og Torsholmane (25 par).

Krykkje (*Rissa tridactyla*)



Hekkebestand i sjøfuglreservata

1995: **2145** par
2010: 180 par
2020: **0** par


Sterkt trua (EN)

Endring i hekkebestand
1995 – 2020:
- 100 %

Krykkja er en relativt nyetablert art i Sogn og Fjordane, og av dei første ornitologane som utforska kysten er arten berre nemnt som vintergjest av Grieg (1889) og Willgoths (1952). Truleg etablerte den seg som hekkekjel i Sogn og Fjordane først i 1955, ved Einevarden (Godø 1979). Etter dette er arten registrert hekkande ved 11 ulike lokalitetar, derav i seks av sjøfuglreservata. Men i mange lokalitetar forsvann krykkjene etter relativt få år. Heilt i sør hekka krykkja i Utvær fram til og med 1983, da det blei talt 11 par. I løpet av 80-talet forsvann også relativt små koloniar frå Ytre Fure, Høgfjellet, Klovningen og Veststeinen nord i fylket (dei tre siste blei seinare verna som sjøfuglreservat). Ved hundreårsskiftet stod det igjen fire koloniar i fylket: 2000 par på Einevarden, 40-50 par i Stallbrekka og 11 par på ei sjøbu i Leikanger på Stadlandet, og nyetablert hekking på sjøhus i Måløy.

Det var tilstanden for krykkja som utløyste alarm om kollaps i sjøfuglbestandane i fylket, og ei telling i juli 2003 viste at kolonien på Einevarden hadde minka frå 2100 til 122 reir. Kolonien i Stallbrekka femdobra seg rett nok til 258 reir (NB: tidlegare rapporterte 658 reir er feil), utan at det monna særleg i det store biletet.

Kollapsen i hekkebestanden kom raskt og brutal, og 2007 blei siste året med hekking i kolonien på Einevarden. Då hadde rett nok ein ny koloni etablert seg på Buholmen ved Stadlandet (truleg i 2006), og krykkja hadde også auka på i Måløy sentrum. Men i 2014 var det tomt i Stallbrekka, og etter det har det ikkje hekka krykkje i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane. For tida hekkar krykkje ved tre lokalitetar: Ein ustabil førekommst på Buholmen ytst på Stadhavøy, ein liten, etablert førekommst i Leikanger aust på Stad, og ein førekommst i Måløy.



Utviklinga i dei ulike koloniane i Sogn og Fjordane går fram av tabellen på neste side (frå nord til sør, med sjøfuglreservat merka med grått i øvste rad). Tala der skriv seg frå Godø sine rapportar fram til og med 2000, og våre eigne tellingar etter dette. Eit unntak er Måløy, der Bjørn Harald Larsen talte opp hekkande krykkjer i detalj i perioden 1999-2006. Dette er også einaste lokalitet der ulike observatørar har vore innom same år, ettersom Larsen (2006) skriv at det i 2000 hekka «7 par på Brunsvik eftf.», mens Godø (2000) skriv at «i Måløy vart det registrert ca. 30 par (på sjøbuer m.v.)». Begge tal er lagt inn i tabellen, fordi den detaljerte omtalen av enkeltlokalitetar tyder på at

	Buholmen	Høgfjellet	Selen	Fureneset	Leikanger	Nord-Vågsøy lykt	Einevarden	Stalibrekka	Måløy	Klovningen	Veststeinen	Utvær
1955						uvist						
1956						25-30						
1964											29	
1969						1000			150			
1970											60	
1973	102											
1977		75	10	15		120	1000			163	132	
1978							1100			200	150	22
1982	0						1832	50		210	91	5
1983	0	0		15			1800	45		76	95	11
1984	0			0			1760	32		52	126	0
1994	0	0			11		2100	40-50		0	0	
2000	0	0					2000	50	7 (30)			
2001									7			
2002									19			
2003	0						122	258	131			
2004									28			0
2005							20	145	21	0	0	0
2006		0							85			0
2007							16	216	71	0	0	0
2008	278	0		25			0	112		0	0	0
2009							0	164		0	0	0
2010	470						0	180		0	0	0
2011	460						0	201		0	0	0
2012				45			0	230		0	0	0
2013	105						0	215	50	0	0	0
2014	135						0	140			0	0
2016				45								0
2017	0	0		60			0	0		0	0	
2018							0	0	161			
2019							0	0	105	0	0	0
2020	50			30			0	0	58	0	0	0

Larsen berre talte opp den sørlege delen av Måløy sentrum og dermed ikkje har fått med alle krykkjene i området. Den relativt jamne auken han rapporterer i telleperioden er uansett interessant.

Talet frå Måløy i 2003 skriv seg frå Oddvar Olsen og Jostein Fagerhol, som 13. juli talte opp 89 reir på bygg og 42 reir i eit berg. Larsen (2006) talte ikkje i Måløy akkurat det året. Hekkinga på bygg i Måløy har no i stor grad opphøyrt, etter kvart som tilgjengelege reirplassar har blitt sperra av. Dei siste åra har så godt som alle krykkjer i Måløy hekka samla i ei fjellskjering på Måløyna. Det er lagt til rette med kunstige reirhyller i berget for å få plass til fleire krykkjer, men dessverre har også egg- og ungpredasjon frå ramn og kråke vore omfattande, og det blei ikkje registrert hekking i berget i 2021 (eit mindre tal krykkjer hekka derimot spreidd rundt Måløy). Data frå Leikanger på Stad er henta frå Artskart og er svært usikre (ulike tal frå ulike rapportørar), og har blitt litt avrunda.

I kontrast til den forsvinnande hekkebestanden blei det i 2019 registrert nesten 3000 krykkjer på næringssøk i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane. Hovuddelen av dette var eittårige krykkjer, med berre ein mindre del vaksne fuglar, og truleg var bakgrunnen tilsliget av tobis (storsil) langs Vestlandskysten dette året.

Den mest oppdaterte oversikta over hekkebestandar av sjøfugl i norske farvatn er truleg Anker-Nilssen m.fl. (2015). Der blir hekkebestanden av krykkje i Nordsjøen oppgitt å vere 6000 par, men det går fram at ein uvanleg definisjon av Nordsjøen er lagt til grunn, der Runde blir rekna som overgangen mellom Nordsjøen og Norskehavet. Den lokalt brukte definisjonen er at skillett går ytst på Stadlandet, mens Havforskingsinstituttet, Miljødirektoratet og Olje- og energidepartementet veksler mellom denne og 62° nord litt lenger sør. I begge fall vil kolonien i Leikanger på nordsida av Stadlandet høyre til Norskehavet. Vi reknar krykkjene på Buholmen til Nordsjøen.

Dette betyr at **den totale norske nordsjøbestanden av krykkje i 2020 bestod av om lag 110 par i Sogn og Fjordane og ein koloni på 37 par ved Skudeneshavn i Rogaland**, og er så liten at den kan gå tapt når som helst.


Store Norske Leksikon definerer på si side 61° nord som grense for Nordsjøen (Sælen & Barthel 2020). I så fall er Skudeneshavn einaste norske hekkeplass for krykkje i Nordsjøen, med 37 hekkande par, men denne definisjonen ser ikkje ut til å bli brukt mange andre stader.




Utsnitt av ein flokk på 715 stort sett unge krykkjer ved Utvær i Solund 12.6.2019. I Sogn og Fjordane blei flokkar av unge krykkjer observert frå Klovningen i nord til Indrevær i sør, og truleg var det innsiget av tobis (stort sett havsil) som førte til denne invasjonen av unge krykkjer. Hekkande fuglar er det langt færre av, og heile hekkebestanden i norsk del av Nordsjøen var i 2020 på berre 110 par.

Ettersom det ikkje lenger hekkar krykkje i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane, viser kartet på neste side med kvite symbol koloniar som forsvann for meir enn 15 år sidan (Utvær, Veststeinen, Klovningen og Høgfjellet), mens dei to rosa symbola (Stallbrekka og Einevarden) forsvann for mellom 5 og 15 år sidan.

Kartutsnittet under viser dei tre noverande hekkeplassane i Sogn og Fjordane; den nordlegaste på Buholmen, den austlegaste på sjøbuer i Leikanger på Stad, og den sørlegaste på bergveggar, bygningar og skip i opplag ved Måløy.





Tidlegare hekkeplassar for krykkje i sjøfuglreservata

Førekomst av **terner** i sjøfuglreservata
(største registrerte tal den siste femårsperioden)

Raudnebbterne (*Sterna paradisaea*)**Makrellterne (*Sterna hirundo*)**

Hekkebestand basert på tal fra 38 av 57 sjøfuglreservat

1995: **305** par

2010: 38 par

2020: **85** par

Endring i hekkebestand

1995 – 2020:

- 72 %

Begge terneartane er behandla under eitt her, da dei kan vere vanskelege å skilje frå kvarandre, og kjeldematerialet til dels heller ikkje skil mellom dei. Raudnebbterna ser ut til å vere den vanlegaste arten i sjøfuglreservata, sjølv om makrellterna har auka ein del dei siste åra.


Ternene hadde etter alt å døme gode tider fram til og med 1980-talet, men etter dette blei stadig fleire hekkeplassar ståande tomme. Godø (1995) nemnte etter tellingane i 1995 at "det er ting som tyder på at spesielt bestanden av raudnebbterne kan vere kraftig redusert i høve til byrjinga av 1980-åra". Ein av dei beste hekkeplassane for raudnebbterne i landet i 1983 var Indrevær i Solund kommune, med 890 reir av arten, pluss 225 reir av makrellterne (Godø 1983). Indrevær blei berre overflatisk undersøkt i 1995 på grunn av dårlig ver, men terner er ikkje nemnt blant dei registrerte artane. Ved den nest beste lokaliteten i Sogn og Fjordane, Sakrisøy, hadde raudnebbternene forsvunne i 1995, og da neste telling blei gjort i 2005 var også makrellternene borte.

Tellingane i 2000 var konsentrert om dei fem nordlegaste kommunane (Selje-Askvoll). Det blei ikkje funne hekkande raudnebbterne i det heile tatt det året, mens makrellterne blei funne hekkande på tre stader. Nokre år etter forsvann også makrellterna. I 2004 blei terner funne berre i tre små koloniar (truleg utan hekking, eller fuglane hadde gitt opp hekkehorsøket da tellinga blei gjort), og i 2005 blei det ikkje påvist hekking i fylket.

Meldingar om mogleg hekking i indre kyststrok og i fjordane gjorde at sjøfugltellingane året etter fekk fokus flytta innover, og fire små koloniar blei funne i 2006. I oppgangssåret 2007 fann vi sju koloniar, fem av dei i midtre og ytre strok; men i 2008 berre fem "koloniar" (tre av dei med berre eitt par). I 2009 såg vi fleire store flokker med terner, men hekkande fuglar berre i fem av reservata. Etter dette har det tilsynelatande skjedd ei langsam nyestablering, men tal hekkande par er framleis lite og med få eigentlege koloniar. Tellingane våre dei siste åra har vore ustabile og lite eigna til å fange opp utviklinga i detalj.

Kartet på førre side viser at ingen av dei to terneartane er registrert hekkande nord for Florø dei siste 15 åra, med unntak for fire par i Frøyskjera i 2007. Sør i fylket har også mange hekkeplassar stått ubrukta i fleire år, og hekkehorsøka er stort sett konsentrerte om den midtre delen av kysten.

Figurane under viser utviklinga med **indeksverdiar**. Fordi indeksen nådde null i 2005, er verdiane for tida etterpå rekna ut med start i 2006 (som startpunkt får dette året da indeksverdi 100). Hekkebestanden er aukande, men i reelle tal er det framleis berre få hekkande par det er snakk om.



Tabellen under viser tal hekkande par i ternekoloniane i fylket. Eventuell hekking inst i fjordane er ikkje registrert; der fanst det midt på 2000-talet nokre koloniar inntil næringstilhøva forverra seg der også, og både terner og fiskemåse forsvann. For tida kjenner vi ikkje til at det hekkar terner i dei indre fjordområda.

Hekkande par terner			- : ikkje observert hekkande												grått felt: reservatet ikkje undersøkt						
Reservat	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020		
Flatholmen	5	-	-			-	-	-	-	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	
Sildekruna	90	-	-			-	-	-	-	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	
Tennøyane	20	-	25			-	-	-	-	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	
Vengane	25	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	
Rognane	40	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	
Frøyskjera	60	-		-	-		3-4	-		-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	
Nekkøytaa	-	-	-		-		-	1	-	-	1	5	-	-		-	-	-	-	-	
Eikefjholmane	15	50	35			16			-	10	-	5	3	-		1	1	1	4		
Ytterøyane		75		-	-		-	-	-	-	-	-	-	-			-	-	-	-	
Kvalsteinane	235	40-50	-	-	-		-	-	-	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	
Timberøyhline	40	30	-			1	-		-	20	12	-	5		-	-	1	-	1		
Karsskjeret	80	-	-			16	15	41	-	-	-	1	20		1	1	5	9	3		
Trefotskjæra		-	-	-	-		-	-	-	-	-	-	-	-		-	5	-	1		
Smelvær	195	-	-	~10	-		-	-		-	-	2	15		50		-				
Moldvær	22	-		-	-		69	-	1	-	-	15	20	8	-	2					
Ryggsteinen	20			-	-		-	-	-	3	-	10	8		-	5					
Håsteinen	170	120		-	-	-	-	5	-	?	-	-	5	3	-	10		8			
Senholmen	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	-	2	-		
Raudøy	-	-	-	-	-		-	-	-	-	-	-	2	-	45		15	8	60		
Krokholmen	40	-	-		-		-	-	1	1	-	-	-	16	-	-	-	-	-		
Kvannholmen	5-6	10	-		-		2-3	-	3	3	8	3	3	8	17	10	8	-	1		
Kvitingane	20	-		-	-		10	-	-	-	-	2	-	-	-	-	-	-	-	-	
Bunesholmane	-	-			-		-	-	-	-	-	-	-	6		8	-	-	-		
Myrbærskjera	150	-		-	?		5	1	-	-	-	-	-	-	-	1	5	-	-		
Sakrisøy	-	75			-		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	15		
Ønaholmane	200					-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
Ramsholmen	17	-			-		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
Gåsvær	35	225		10-15	-	-	-	-	30	30	-	12	8	15	6	-		4			
Mågøyane	20	-					-	-		-							-				
Utvær	30	60		10-15	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1			-		
Indrevær	550						40	-				8	30								
Oddeholmane	10	-		-		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
Sogneoksen	60-70	-				-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
Kvernøyna	130	-				-	-	-	-	-	-				-	-	-	-	-		
Lihellene	15	20				-	-	-	2	-	-	-	-	-	-	-	2		-		
Torsholmane	220	-				2	-	1	-	4	30	20	-	3	-	-	-	-	-		
Guleskjeret	28	-							-				1			-	-	-			

I ein tredel av sjøfuglreservata på lista har det enno ikkje blitt registrert hekkande terner etter hundreårsskiftet. Koloniar på 50 reir eller meir har i same periode berre blitt funne tre gonger (Smelvær, Moldvær og Raudøy, alle i Askvoll). Her må det kanskje skytast inn at sjøfugltellingane skjer i tidlegaste laget for å få gode tal på hekkande terner, men i det minste har telldataoane vore nokolunde dei same gjennom alle år.

Alke (*Alca torda*)**Hekkebestand i sjøfuglreservata****Sårbar (VU)**1994: **455 par**2009: **222 par**2020: **220 par****Endring i hekkebestand****1994 – 2020:****- 52 %**

Alke hekka både i Indrevær og Utvær da Grieg (1889) undersøkte områda, men den siste kjente førekomsten der skriv seg fra Utvær i 1984 med berre to par (Godø (1984)). I 1994 blei arten registrert for siste gong på Klovningen i nord, og etter hundrearsskiftet har alken berre hekka ved to lokalitetar, begge nord i fylket:


Einevarden har vore den største hekkeplassen, men området er vanskeleg tilgjengeleg. Tidlegare tellingar oppgjer 260 ind./90 par (Godø 1982), 70 par (Godø 1983), 115 ind./50 par (Godø 1984) og 100 par (Godø 1994). I 2005 blei det talt om lag 350 **individ**, i 2007 vel 300, i 2008 250, i 2009 200, i 2010 130, i 2011 74, og i 2012 om lag 60. Tellemetodikken gir dårleg grunnlag for å vurdere talet på hekkande par, men er i det minste gjort på same måte til om lag same tid kvart år, og med såpass mange påfølgande år i talrekka er det neppe tvil om ein reell nedgang. I 2013 blei det berre sett 5 individ, noko som kan vere eit tilfeldig metodisk utsLAG av telling i ein liten populasjon. Etter dette har tal observerte individ auka jamt til 180 i 2020.

Ved Veststeinen har dårleg ver ofte hindra godt innsyn til alkene sitt tradisjonelle hekkeområde, slik at bestandsvurderingane er usikre. Godø talte 40 ind./13 par i 1982, 35 par i 1983, 33 ind./16 par i 1984 og om lag 85 par i 1995, mens vi talte 22 individ i 2005, 65 i 2007, 10 i 2008 og 22 i 2009 før nokre sesongar med dårlege telletilhøve. Ein tilsynelatande auke kom også her fram mot 2020, da det blei registrert 40 individ.

Tabellen under viser tal **individ** av alke som er registrert i perioden frå 1982 til 2000. Godø nemner tal individ berre i rapportane frå 1982 og 1984, så i tabellen er data frå 1983 utelate, og tal par rekna om til individ for 1994. Dette er gjort ved å bruke informasjon om individ og par i 82- og 84-rapportane til å finne eit forholdstal.

	1982	1984	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2017	2019	2020
Einevarden	260	115	220	350	300	250	200	130	74	60	5	100	120	154	180
Klovningen	120	52	55	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Veststeinen	40	33	180	22	65	10	22		5		14	3		14	40
Utvær	30	11	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	40



For å unngå feilkjelder ved omrekning til hekkande par, viser figuren under bestandsutviklinga som individ ved hekkeplass. Åra 2010-12 er ikkje inkludert pga. dårleg vær og vanskelege telleforhold. I 2017 var det dårlege telleforhold ved Veststeinen.

Hekkebestand alke, individ

Talet på hekkande par i 1995 som er brukst i boksen øvst på sida er usikkert. Ifølgje Godø (1995) blei hekkebestanden grovt anslått til 215 par, men kva som er bakgrunnen for dette er ikkje kjent. Godø har i rapportane frå 80-talet oppgitt individtal som er 2-4 gonger større enn talet på hekkande par. Truleg er dette også gjort i 1995, mens våre

utrekningar for perioden etter hundreårsskiftet er basert på at eitt observert individ ved hekkeplass svarar til eitt hekkande par. Dette er også berre ei vurdering, og kan i høgste grad diskuterast, men for å vere metodisk konsekvent er talet på par frå Godø (1995) rekna om for å komme nærmare vår metodikk og gi samanliknbare tal.

Dette tilseier at hekkebestanden av alke i Sogn og Fjordane er halvert frå 1995 til 2020. Utviklinga dei aller siste åra er likevel positiv.



Lomvi (*Uria aalge*)**Hekkebestand i sjøfuglreservata****Kritisk trua (CR)**1994: **725** par

2009: 265 par

2020: **395** par

Endring i hekkebestand

1994 – 2020:

- 45 %

Lomvi har stort sett hekka ved dei same lokalitetane som alke, og har hatt mye av den same utviklinga. Arten hekka ifølgje Grieg (1889) «i stor mængde» på to holmar i Utvær. Willgoths (1952) meinte at det på same stad hekka «40-50 par alke og lomvi» (trueleg til saman), og Godø vurderte hekkebestanden av lomvi i 1984 til 15 par. Etter dette er arten ikkje registrert i Utvær. Den forsvann også som hekkfugl frå Klovningen i nord trueleg ikkje så lenge etter 1995.

Einevarden har vore den største kolonien, men området er vanskeleg tilgjengeleg og det er berre mogleg å vurdere hekkebestanden omtrentleg. Tidlegare tellingar nemner 450 ind./125 par (Godø 1982), 130 par (Godø 1983), 300 ind./110 par (Godø 1984) og 100 par (Godø 1995). I 2005 blei det talt om lag 250 **individ**, i 2007 vel 200, i 2008 150, i 2009 230, i 2010 120, i 2011 45, og i 2012 25. Tellemetodikken gir dårleg grunnlag for å vurdere talet på hekkande par, men er i det minste gjort på same måte til om lag same tid kvart år, og med såpass mange påfølgande år i talrekka er det neppe tvil om ein reell nedgang. I 2013 blei det berre sett 6 individ, noko som kan vere eit tilfeldig metodisk utslag av telling i ein liten populasjon. Etter dette har tal observerte individ auka jamt til rundt 300.


Ved Veststeinen har dårleg ver ofte hindra godt innsyn til lomviane sitt tradisjonelle hekkeområde, slik at bestandsvurderingane er usikre. Godø talte 180 ind./39 par i 1982, 53 par i 1983, 150 ind./55 par i 1984 og om lag 175 par i 1994, mens vi talte 10 individ i 2005, 105 i 2007, 20 i 2008 og 35 i 2009 før nokre sesongar med dårlege telletilhøve, men ganske sikkert også lite fugl (kanskje pga. flytting til Buholmen, der det blei talt 50 individ i 2011?). Ein tydeleg auke kom ved Veststeinen fram mot 2020, da det blei registrert 101 individ.

Tabellen under viser tal **individ** av lomvi som er registrert i perioden fra 1982 til 2000. Godø nemner tal individ berre i rapportane fra 1982 og 1984, så i tabellen er data fra 1983 utelate, og tal par rekna om til individ for 1994. Dette er gjort ved å bruke informasjon om individ og par i 82- og 84-rapportane til å finne eit forholdstal.

	1982	1984	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2017	2019	2020
Einevarden	450	300	250	250	200	150	230	120	45	25	6	50	80	324	295
Klovningen	50	25	25	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Veststeinen	180	150	450	10	105	20	35	-	1	-	55	200	-	17	101
Utvær	40	35	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-

For å unngå feilkjelder ved omrekning til hekkande par, viser figuren under bestandsutviklinga som individ ved hekkeplass. Åra 2010-12 er ikkje inkludert pga. dårleg vér og vanskelege telleforhold. I 2017 var det også dårlege telleforhold ved Veststeinen.

Hekkebestand lomvi, individ




Talet på hekkande par i 1994 som er brukt i boksen øvst på førre side er usikkert. Ifølgje Godø (1995) blei hekkebestanden grovt anslått til 285 par, men kva som er bakgrunnen for dette er ikkje kjent. Godø har i rapportane frå 80-talet oppgitt individtal som er 2-4 gonger større enn talet på hekkande par. Truleg er dette også gjort i 1995, mens våre utrekningar for perioden etter hundreårsskiftet er basert på at eitt observert individ ved hekkeplass svarar til eitt hekkande par. Dette er også berre ei vurdering, og kan i høgste grad diskuterast, men for å vere metodisk konsekvent er talet på par frå Godø (1995) rekna om (som nemnt tidlegare) for å komme nærmare vår metodikk og gi samanliknbare tal.

Dette tilseier at hekkebestanden av lomvi i Sogn og Fjordane er nesten halvert frå 1995 til 2020. Utviklinga dei aller siste åra er likevel positiv.



Utsnitt av tellebilete tatt for å vurdere hekkebestanden av lomvi ved Einevarden 16.6.2020. Året før blei det talt 324 individ, som er det største talet som er registrert i området sidan 1982.



Lomvihylle på Einevarden 16.6.2020

Lunde (*Fratercula arctica*)**Hekkebestand i sjøfuglreservata**

1994: **12000** par
2010: 4900 par
2020: **3850** par

Sterkt trua (EN)

Endring i hekkebestand
1994 – 2020:
- 68 %

Hekking av lundefugl er kjent frå fire delområde i Sogn og Fjordane: Ved Einevarden i Vågsøy (no Kinn), Veststeinen i Bremanger, Ryggsteinen i Askvoll, og Utvær i Solund. Ved Utvær heilt i sør var det ifølgje Grieg (1889) «talrige kolonier» på Begla og omliggande holmar, og på Bakholmen. Grieg var dessverre meir interessert i å måle fuglane enn å telle dei, så vi veit ikkje kva han meinte med «talrige». Willgoths (1952) skriv at hekkebestanden i 1949 var på 400 par, og at dei fleste fuglane hekka på ein mindre holme med frodig vegetasjon like vest for fyret, truleg Lyngholmen. Situasjonen kan ha vore relativt stabil fram til rundt 1980, for Godø (1982) oppgir talet på hekkande par/reirgangar til 356 i 1982 (også da mest på Lyngholmen), men i 1984 var talet berre 133 (Godø 1984). Ved neste telling i 1995 er arten ikkje nemnt, og i 2005 blei berre eitt individ sett. Etter dette har lunden vore borte. På Ryggsteinen i Askvoll har lunden også forsvunne; Vidar Seim fann 4 reir i 2006, og vurderte at hekkebestanden hadde lege jamt på 4-5 par i mange år. Men det har ikkje blitt sett lunde ved Ryggsteinen etter 2010, da to individ blei registrert. Dei to attverande koloniane er dei som heile tida har vore dei største, Veststeinen og Einevarden.


Hekkebestanden av lunde i Sogn og Fjordane ser ut til å ha gått ein del tilbake sidan tellingane midt på 90-talet. Godø (1994) skriv at fylkesbestanden i 1994 var om lag 11-13 000 par, som er vesentleg over bestanden i dag. Tellingane våre i lundekoloniane tok til i 2005, og registreringane tyder på ein langsam, men relativt jamm nedgang i hekkebestanden.



Utviklinga av hekkebestanden på Veststeinen kan følgjast frå år til år med rimeleg sikkerheit etter at seks tellefelt på til saman 180 m² blei lagt ut i 2008. Bestanden låg lenge relativt stabilt på 2500-3000 par, men har dei siste åra vore mindre enn dette. Forholdet mellom observerte individ og utrekna hekkebestand basert på telling av reirgangar (par) ser for Veststeinen ut til å ligge på rundt 1:1 (sjå metodedelen på side 13), og dette forholdet er også brukt til å rekne ut hekkebestanden i par på Einevarden. Tall hekkande par i lundekoloniane i Sogn og Fjordane i perioden 1982-2020 er samla i tabellen under:

	1982	1984	1994	2005	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2017	2018	2019	2020
Einevarden	5230	6000	5000	3300	6000	5000	3600	2300	2000	3000	2500		1250	2750	2500	2600
Veststeinen	7260	8000	7000	3250	1900	2800	3400	2600	2500	2500	2400	2000	1250		2000	1250
Ryggsteinen	4	5		3	-	1	-	-	-	-	-	-			-	
Utvær	356	133	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-			-	

Tala for Veststeinen tyder på ein markert tilbakegang i hekkebestanden der, og i praksis ser vi dette av at dei tre hekkeområda på øya som er omtalt av Godø (1994) no er redusert til eitt; og at den mest høgtliggende delen av dette har gått ut av bruk.





Kartet til venstre er henta frå Godø (1984) og viser dei tre hekkeområda for lunde på Veststeinen, med tellefelt markert som stripa ned frå det høgste punktet på øya (44 moh) mot hv. aust og vest. Kartet til høgre viser sentrum av dei seks noverande tellefelta. Mindre enn ti meter frå toppunktet på øya fann Godø i 1983 heile 15 reigangar i bruk innanfor eit areal på 3x3 meter, men i dag har så høgtliggende område gått ut av bruk. Godø sine bestandtal er baserte på at lundefuglane hekka over eit areal som dekte 11 dekar. Det same arealtalet er lagt til grunn også for dagens utrekningar, men truleg er det eit noko mindre hekkeområde som faktisk er i bruk i dag. Det betyr i så fall at dagens bestandsvurderingar for Veststeinen er litt for høge.

Dei to lundekoloniane på Einevarden og Veststeinen utgjer no i praksis heile den norske Nordsjøbestanden, med i underkant av 4000 par i 2020. Utanfor Sogn og Fjordane har lundefugl langs Nordsjøkysten stort sett berre hekka i Rogaland, men bestanden der er truleg på veg ut. Heilt fram til 2021 er det likevel gjort enkeltfunn av egg eller ungar, t.d. ved Spannholmane (Artskart). Dei nyaste bestandsoversлага for sjøfugl i Noreg er truleg å finne i Anker-Nilssen m.fl. (2015), der hekkebestanden av lunde i Nordsjøområdet er oppgitt til 5000 par.



Lundefuglen er den mest talrike sjøfuglen i Sogn og Fjordane. Nordsjøbestanden er for tida på rundt 4000 par, og om lag på det nivået har den truleg vore dei siste 10 åra. Arten finst også i Rogaland, men berre som ein svært fåtallig hekkefugl, og Nordsjøbestanden er derfor i praksis avgrensa til koloniane på Einevarden og Veststeinen i Sogn og Fjordane.



Teist (*Cephus grylle*)

Hekkebestand i 44 av 57 sjøfuglreservat

Nær trua (NT)1995: **64** individ

Endring i hekkebestand

2010: **72** individ

1995 – 2020:


2020: **55** individ**- 14 %**

Teisten hekkar spreidd og er vanskeleg å telle, og gode estimat av hekkebestanden er svært krevjande å få til. Dette føreset målretta innsats på forsommaren. Slik sett er ikkje dei tellingane som ligg føre her, eigna til å trekke bastante konklusjonar om kor mange teist som hekkar i Sogn og Fjordane. Tellingane som no etter kvart er gjort over fleire år er likevel samanliknbare reint metodisk, og vi kan trygt konkludere med at bestanden av teist i fylket har vore i tilbakegang i fleire tiår.

På 80-talet var det snakk om regulære koloniar av teist i ytre Askvoll (Moldvær, Ryggsteinen og Håsteinen) og Solund (Gåsvær og Utvær), slik ein elles kan finne lenger nord i landet. Men allereie midt på 90-talet var talet sterkt redusert. Tellingane i 1982, 83 og 84 registrerte hv. 233, 226 og 403 individ i dei same områda som det i 1995 blei registrert 64 individ i. Tilsvarande tal for 2020 hadde vi eigentleg ikkje, for mange viktige teistområde blei ikkje talt opp akkurat det året. For teisten er tala frå 2019 og 2020 derfor slått saman for å inkludere viktige hekkeområde, og resultatet er brukt som 2020 i boksen over. Teisten finst no konsentrert om eit fåtal av dei historisk beste områda i fylket, og spreidd med få par i andre område.

Tala varierer ein del frå år til år, og mellom nord og sør i fylket. Dette mønsteret kan vere tilfeldige utslag av tellemetodikk, men fordi tellingane no har blitt gjennomført meir eller mindre årvisst over relativt lang tid, kan vi nok konkludere med at hekkebestanden av teist i Sogn og Fjordane har vore ganske stabil etter nedgangen som kom rundt overgangen til 90-talet. Figuren under viser likevel at utviklinga dei aller siste åra har vore negativ, og det er viktig å få talt opp dei tradisjonelt beste hekkeområda – der værforholda har hindra telling i fleire av dei siste sesongane.

Teist, indeksverdiar for individtal 1982-2020



Tabellen på neste side viser dei fleste registrerte hekkeplassar for teist i fylket. Tala frå enkeltlokalitetar kan variere ein heil del frå år til år, og t.d. blei individtalet mange stader meir enn dobla eller halvert på eitt år mellom 1983 og 1984. Dette har nok samanheng med at tellingane ikkje er gjennomført etter den beste prosedyren for denne arten (morgontellingar i mai), men har måtte skje som del av ein samla og konsentrert innsats på ei tid da sjøfugltellingane gir brukbare data for flest mogleg artar. Dei hyppige tellingane viser likevel godt trenden over tid.

Registrerte individ av teist			- : teist ikkje observert												grått felt: reservatet ikkje undersøkt										
Reservat	1983	1984	1995	2000	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2016	2017	2018	2019	2020					
Høgfjellet			10	-			-		11											4					
Sildekruna	4	-	-	-			-	-	-	1	-	2	2	-	-			-	-	-					
Lysholmen	4	-	-	-			-	-	2	2	-	2	-	1				-	-	-					
Flatholmen	-	-	-	-			-	-	-	1	-	-	-	-				-	-	-					
Einevarden	-	8	-			-		4	10	-	-	2	2	-	1			-	-	-	5				
Stallbrekka	-	-	4			-		-	6	5	-	-	6	-	-			-	1	-	5				
Klovningen	17	8	-			9		-	1	10	8	11	14	1				-		5	2				
Veststeinen	14	-	-			2		9	6	9	-	5	1*	8	14			-		2	8				
Vengane	-	4		-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	1	-			-	-	-	-				
Frøyskjera	-	10			2	-		-	-																
Rognane	-	-	-	3	-	-	-	-	-	-	-	-	-												
Hovdefjell	-	-	-	8	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	3			-	-	-	-				
Aralden					-	4		4	1		-	5	-	1				-	-	-	-				
Ytterøyane			-		1	5		4	-	10	7	10	1	11	7				1	-					
Kvalsteinane	-	12	-	12	-	1		8	2	9	6	9	14	10		2				1					
Smelvær	-	6	3	-	-	-		-	1		-	-	-	-		2		2							
Trefotskjera			-	-	-	-		-	3	-	-	2	2	3		5	8	4	-	-					
Moldvær	20	65	25		30	30		14	28	20	20	15	12	22	21	6	16		20						
Ryggsteinen	46	120			15	25		5	13	-	2	5	11	3		1	6		3						
Håsteinen	11	85	10		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	3	1	1		-						
Svarteskjeret	-	8	-		-		-	-																	
Senholmen	2	4	3		8	11		11	9	3	2	4	-	7	12	5	4	1	-	6					
Skardholmen	-	-	-		-	2-3		-	3	1	-	-	-	3	5	5	-	1	-	6					
Raudøy	-	2	-	-	1	-		-	-	-	-	-	-	-	-	1		-	-	-					
Krokholmen	-	2	-	-		-		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-					
Sakrisøy	-	7	-		2			-	2	5	-	-	-	-	5		-	1	1						
Ønaholmane	3	8					-	-	-	-	-	-	-	-											
Gåsvær	46	115	~20		-	13	17	5	6	15	9	9	13	16	18	2	7		9						
Mågøyane	-	-	-				-	1	-		-														
Utvær	105	65	-		4	8	5	15	18	7	16	5	8	11	10	3			1						
Indrevær	10	36						5	-				4	3											
Vassøyane	-							-	-	-															
Sogneoksen	-	-	3					-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-				
Oddeholmane	2	-	-		-		-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-				
Torsholmane	5	-	-				-	-	-	-	-	2	-	-	-	2	-	-	-	-	-				
Lihellene	-	5	2				-	-	-	-	-	-	-	1	-	1	-	-	-	-	-				

Tala frå viktige lokalitetar indikerer ein nedgang i hekkebestanden av teist på 70-80 % på ti år frå midten av 80-talet til midten av 90-talet. Dette er på om lag same tid som ternene gjekk sterkt tilbake. Både teist og terner fiskar på relativt grunt vatn, og kanskje har begge blitt ramma av ein reduksjon i bestandane av småfisk på grunt vatn (ei fiskegruppe som havforskarane har lite data om). Minken spelte nok også ei viktig rolle som predator på hekkande teist på 80-talet og seinare, men minken har dei siste tiåra gått vesentleg tilbake i Sogn og Fjordane utan at dette har ført til bestandsauke hos teisten.


Lange linjer i bestandsutviklinga i Sogn og Fjordane

I tidlegare sjøfuglrapportar laga etter hundreårsskiftet i Sogn og Fjordane har Godø sin rapport frå 1995 blitt brukt som utgangspunkt for å vurdere utviklinga i hekkebestandane. Årsaka til at akkurat den rapporten har blitt vald som utgangspunkt er litt tilfeldig; det skuldast i hovudsak at undersøkingane i Sogn og Fjordane er gjort i sjøfuglreservata, og undersøkingane i 1994 og 1995 er dei som i tid ligg nærmest opp mot tilstanden da reservata blei oppretta (i 1993).


Er 1990-talet eit naturleg samanlikningsgrunnlag?

Det er ingen tvil om at dagens hekkebestadar av alle sjøfuglartane i Sogn og Fjordane er til dels sterkt reduserte samanlikna med tilstanden på nittitalet. Men kan ein utan vidare gå ut frå at det er rimeleg å bruke 1994 og 1995 som samanlikningsgrunnlag? Opplysningar i Godø (1995) viser at det på 90-talet hekka store tal sjøfuglar, særleg gråmåsar, i område der slike tal i dag verkar nærmest umoglege. Det er jo stort sett slik at dei lokalitetane som var gode tidlegare, er dei same som er gode no. Men kva da med t.d. Veststeinen, der Godø (1995) skriv at det hekka 5-600 par gråmåsar i 1994, mens det seinare knapt er registrert gråmåse der? Representerer 90-talet ei tid da tilhøva for sjøfuglane i Sogn og Fjordane var heilt unike, og lite representative?

Ved å fokusere på litt lengre liner i utviklinga er det mogleg å finne ut meir om dette. Når vi inkluderer data frå Godø sine sjøfugltellingar på 1980-talet, viser det seg at sjølv om 1994 og 1995 utan tvil var gode år for gråmåsane både på Veststeinen og i fleire andre område, hadde gråmåsane ved fleire andre lokalitetar større hekkebestadar både før og etter. For andre artar skil heller ikkje 90-talet seg spesielt ut, og den samla utviklinga ser slik ut for «ekte» sjøfuglar (andefuglar og vadalar ikkje medrekna) i Sogn og Fjordane i perioden frå 1982 til 2020:



Figuren viser relativt klårt at bestandsregisteringane midt på 90-talet ikkje representerer unike verdiar, men er på nivå med Godø sine registreringar frå første del av 1980-talet. I figuren over er ikkje lunde inkludert, ettersom den arten åleine utgjer halvparten av alle sjøfuglar i Sogn og Fjordane. For lundefuglen skil 90-talet seg heller ikkje ut med eineståande høge hekkebestadar:



I figurane på førre side er tal frå 2000 og 2006 ikkje inkluderte, fordi tellingane i dei åra var avgrensa til berre delar av Sogn og Fjordane. Men figuren som viser sjøfuglar generelt er heller ikkje korrigert for mangefull dekning etter 2013. Dette gir likevel ikkje store utslag fordi hekkebestandane var så små i desse åra, og dei spelar uansett lita rolle for samanlikninga mellom tal frå 1990- og 1980-talet. Truleg manglar figuren nokre hundre hekkande par i kvart av åra 2014-2020.

Tal frå 1970-talet er ikkje brukt i denne rapporten. Godø gjennomførte tellingar i 1978 og 1979, men den første har manglende dekning i enkelte kommunar og eit litt anna utval av telleområde, og sistnemnte omfatta berre den nordlege delen av fylket (der därleg vér i tillegg hindra telling i ytre strøk). Samanliknar vi enkeltområde og nokre av dei mest talrike artane, ser tala likevel ut til å vere relativt like dei frå 80-talet, men med nokre endringar både oppover og nedover. Eit døme på det siste er lunde, der Godø (1978) nemner at det berre hekka om lag 1000 par ved Einevarden og 2000 på Veststeinen i 1978. Dette var vel å merke før tellinga kom i ordna former med prøvefelt på Veststeinen, så tala er nok basert på augeblikksbilete av tal individ ved koloniane på det tidspunktet observatørane var innom. At lundebestanden skal ha blitt firedobla frå 1978 til 1982 er kanskje ikkje umogleg, men heller ikkje veldig sannsynleg. Willgoths (1957) nemner hv. 4000 og 2500 par i 1950.


Hekkbestandane har stabilisert seg på eit lågt nivå

Det ser ikkje ut til å vere rom for andre konklusjonar enn at hekkebestandane av sjøfugl i Sogn og Fjordane dei siste 20 åra har blitt vesentleg reduserte samanlikna med tidlegare.

Tala for dei to siste åra (2019 og 2020) er i dei fleste sjøfuglreservata såpass like at dei to åra kan slåast saman og behandlast under eitt. Med ei slik tilnærming manglar det berre data frå ti små verneområde som betyr svært lite for totalbiletet, og tilgjengelege data tilseier at hekkebestanden dei siste åra er undervurdert med om lag 400 par i den øvste figuren på førre side.

Det betyr at det samla talet på «ekte» sjøfuglar minus lunde no ligg på om lag 2400 par i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane, mot om lag 13 000 par i tilsvarende område på 1980- og 1990-talet. For lunde skriv bestandstala seg frå alle kjente koloniar i Sogn og Fjordane, og bestanden er no på om lag 4000 par, mot 12-14 000 på 1980- og 1990-talet.

Like etter samanbrotet i fiskebestandane i Nordsjøen var det for mange artar eit stort overskot av ikkje-hekkande fuglar i sjøfuglkoloniane. Figuren under viser korleis dette i ettertid har utvikla seg, med svartbak som døme. I 2004 var tal individ ved hekkeplassane 15 gonger større enn talet på hekkande par, eller med andre ord eit svært stort overskot av ikkje-hekkande fuglar. Året etter var forholdet 6:1, og i 2011 sank det under 4:1 og har etterpå jamna seg ut til mellom 3:1 og 2:1.



Dersom alle fuglane ved ein lokalitet hekkar, og ingen er ute på næringssök under tellinga, vil talet vere 2:1. Utviklinga som går fram av kurva tyder på at hekkebestanden lenge har vore relativt stabil på dagens låge nivå, og at det er få ikkje-hekkande fuglar i sjøfuglreservata. Dette betyr at det må vere mange individ som har forsvunne ut av systemet. Dette gjeld nok for fleire artar, ikkje minst blant måsefuglane.

Moglege årsaker til tilbakegangen og den manglande gjenoppbygginga


Bestandsutviklinga i Sogn og Fjordane og moglege årsaker til nedgangen etter hundreårsskiftet er tidlegare diskutert av Larsen (2014), og her treng vi berre oppsummere at nedgangen kom svært brått og omfattande nokre få år etter Godø si telling i 2000 i den nordlege delen av Sogn og Fjordane. Tellinga det året viste gode tal og ein positiv trend for dei fleste artar, men med ein oppsiktsvekkande mangel på raudnebbterne og sterkt reduserte tal også for makrellterne. Nokre få år etter dette gjekk hekkebestandane av gråmåse og krykkje brått nedover nesten til null, og dei fleste andre sjøfuglane følgde ei liknande utvikling.

Det er ikkje nokon grunn til å tru noko anna no enn i 2014, at det plutselege samanbrotet ved hundreårsskiftet skuldast **næringsmangel**. Sjøfuglar rundt heile Nordsjøen sto da over hekkinga, samtid som meldingane kom om kollaps i fiskeriet etter «industrifisk» i Nordsjøen, eit uregulert fiske som berre av tobis åleine hadde gitt fangstar på over ein million tonn få år tidlegare (Gjøsæter m.fl. 2010). I åra som følgde oppstod episodar som illustrerte dei økologiske problema i Nordsjøen: I 2006 skjedde det ei masseformeiring av nålefisk, som vanlegvis er å finne i tangbeltet langs kysten, men som det året kom drivande i mengder i havstraumane heilt opp til Svalbard. Vi fann både måsereir med nålefisk som byggematerial, og måseunger som var blitt kvalte under forsøka på å svele dei lange, tynne og lett pansra nålefiskane. I 2009 var det krill gråmåsane langs kysten serverte ungane, truleg i mangel på anna – for ungane spiste ikkje krillen, som blei liggjande i haugar mellom ihelsvoltne måseunger.



Tobis eller sil er ei fiskegruppe som er viktig næring for mange sjøfuglar. Tidlegare trudde vi at det helst var småsil fra kystnære bestandar som utgjorde mye av fuglematen, men ifølgje lokale fiskarar har desse lokale småsil-bestandane vore vekke frå sandbankane langs kysten i fleire tiår. Spørsmålet var då om havsil, som er den mest talrike arten i Nordsjøen, kunne gjøre seg gjeldande langs Vestlandskysten i delar av året. Lite var kjent om dette frå nyare tid før det sommaren 2019 plutseleg dukka opp store mengder sil. I juni kokte det i fjøra i Rogaland og Hordaland, og etter kvart spreidde fenomenet seg nordover. Havforskinsinstituttet kunne utover sommaren stadfeste at det faktisk var havsil som hadde ei usedvanleg god rekruttering langs kysten av Sør-Noreg (Johnsen m.fl. 2021). Noko tilsvarande hadde knapt skjedd sidan 1960-talet, men episoden førte til økt fokus på dei havsilbestandane som faktisk finst i varierande storleik langs kysten. For Sogn og Fjordane er utbreiinga av havsil stort sett ukjent, og det er mogleg at det lokale fiskarar omtalte som småsil kan ha inkludert fleire ulike artar sil. Uansett er det grunn til å tru at dei lokale bestandane har vore særsmå eller borte i fleire tiår.

Det har vore vanleg å trekke fram **minken** sine herjingar i sjøfuglkoloniane som ei forklaring på lokale bestandsendringer. I Sogn og Fjordane var det utan tvil rett at minken spelte ei viktig rolle i mange hekkeområde på 1980-talet, slik Godø t.d. nemner for teist (Godø 1982, 1983, 1984). Også for ærfugl meiner Godø (1982) at minken har påverka utbreiinga i stor grad, ettersom dei tidlegare vanlege ærfuglkoloniane i Sogn og Fjordane forsvann og blei erstatta av langt meir spreidde førekommstar av enkelttreir. Mye tyder likevel på at minken ikkje har vore noko stort problem etter hundreårsskiftet. Under våre eigne tellingar har minken vore bortimot fråverande (1 mink observert, mot 42 eter), og vi har heller ikkje funne spor av minkherjingar i koloniane. Også Godø (2000) si vurdering av at ærfuglen var inne i ein ekspansjonfas, og at bestanden i fylket i 2000 truleg var på 10 000 par, tilseier at predasjonspresset frå mink heller ikkje på den tid kan ha vore veldig stort. Rett nok er det dei siste åra gjennom målretta søk med hund påvist mink i sjøfuglreservat i indre kystområde av Sogn og Fjordane, men minken kan ikkje under nokre omstende forklare den sterke tilbakegangen for sjøfuglane som kom like etter hundreårsskiftet, og heller ikkje kvifor bestandane ikkje klarer å bygge seg opp igjen i dei største, minkfrie koloniane ytst på kysten.



Det har vore ein del fokus på **havørna** si rolle som predator på sjøfugl dei siste åra, særleg nord i Noreg. Figuren til venstre viser observasjonar av havørn under sjøfugltellingane i Sogn og Fjordane. Det er ingen klar endring i talet på observerte havørn gjennom perioden frå 1983 til 2020. Data i dei tre første kolonnene skriv seg frå Godø (1983, 1984, 2000), som i teksten ikkje

skil mellom vaksne og unge havørner. For vaksne havørner (mørk grå farge) er det heller ingen tydeleg endring over tid, kanskje med unntak for ein tilsynelatande auke i 2019-20. Det er dermed neppe grunnlag for å seie at predasjon kan forklare kvifor hekkebestandane av sjøfugl ikkje har auka igjen etter nedgangen ved hundreårsskiftet. Havørn hekkar for tida i tre av sjøfuglreservata.

Da er det truleg meir relevant å sjå på faktorar som direkte påverkar næringstilgangen. **Taretråling** påverkar tilgangen på småfisk negativt, og ein studie viste at tilgangen på små torskefisk blei redusert med over 90% i minst eitt år i hausta område (Lorentsen m.fl. 2010). Haustingsintervall på berre fem år fører dessutan til at tareskogane i hausta område får eit sterkt redusert artsmangfald. Heile det biologiske mangfaldet knytt til stortareskog treng bortimot ti år før det er på plass (Christie m.fl. 1998, Steen m.fl. 2016). Det finst ikkje fleirårige dataseriar som viser den direkte samanhengen mellom taretråling og hekkebestandar av sjøfugl, sjølv om meir rudimentær informasjon kan tyde på lokale verknader. Fleirtalet av dei største sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane er opne for taretråling.

Akvakulturindustrien er ein annan faktor som det er vanskeleg å vurdere tidlegare og noverande verknader av. Ifølgje Fiskeridirektoratet sitt biomasseregister var det innrapportert eit månadleg gjennomsnitt på om lag 50 000 tonn oppdrettslaks i Sogn og Fjordane i 2019 (til samanlikning utgjer den samla biomassen av alle sjøfuglane i Sogn og Fjordane 17 500 kilo (sjå boksen til høgre), som betyr at det på kysten finst tre tonn laks pr. kilo sjøfugl). Næringa var ein av fleire drivrar bak nedfiskinga av industrifisk i Nordsjøen fram mot hundreårsskiftet (Gjøsæther m.fl. 2010), men ettersom det ikkje lenger er nok fisk i norske farvann til å fø all laksen i oppdrettsmerdene, har laksefôret endra innhald og er no i stor grad plantebasert.

Det blei rapportert brukt 118 982 tonn laksefôr i Sogn og Fjordane i 2019. Utslepp av avføring og uspist fiskefôr frå opne oppdrettsanlegg utgjer om lag 35% av formengda (omrekna frå Husa m.fl. 2018), og i Sogn og Fjordane svarer dette til ureinsa utslepp av meir enn 40 000 tonn lakseavføring og førspill. Det foregår ingen regional overvakning av miljøkvalitet i kystvatn i Sogn og Fjordane (Husa m.fl. 2018).

Den enorme lakseproduksjonen har ført til eit stort forbruk av m.a. midlar mot lakselus, som hemmar skaldanning hos krepsdyr. Lusemiddelet hydrogenperoksid tar sjølv i små konsentrasjonar livet av raudåte, ein hoppekrep som er ein grunnstein i kystøkosistema (Escobar m.fl. 2020). Utvikling av resistens hos lakselus har ført til at ein går over til andre behandlingsmetodar. Mellom desse er bruk av rensefisk, i praksis rognkjeks og ulike leppefisk. Etterspørselet etter rensefisk har vore stor (berre i 2020 blei det ifølgje Fiskeridirektoratet sett ut 18 millionar rensefisk i oppdrettsanlegg i Vestland fylke), og villfangst åleine klarer ikkje å skaffe nok fisk. Rognkjeks og berggylte blir no i stor grad oppdretta, og dette utgjer nær 70 % av forbruket - men halvparten av all berggylte, og alle bergnebb, grønngylte og gressgylte som blir brukt som rensefisk er framleis villfanga. Leppefisk ser ut til å vere viktig næring m.a. for toppskarv i hekketida (sjå figuren på side 158), men det er ikkje kjent kva rolle nedfiskinga av leppefiskbestandane har hatt for nedgangen i toppskarvbestanden.

Plast i havet har fått mye fokus i det siste, og undersøkingar har vist nedslående resultat. van Franeker m.fl. (2021) viste t.d. at 92 % av daude havhestar samla inn på strandene rundt Nordsjøen inneholdt større eller mindre mengder plast i fordøyningssystemet. Havhesten flyg over store sjøområde og plukkar næring i overflata, og er nok slik sett ekstra utsett for å få i seg plastpartiklar. Rask forbrenning og liten mage, som hos dei fleste fuglar, kan fort føre til blokering av fordøyningssystemet ved inntak av plast. Omfanget av problemet hos andre artar er lite kjent.

Det finst fleire andre typar utslepp og forureiningar som kan tenkast å påverke næringstilgangen for sjøfuglar, men ein heilt annan og truleg svært viktig faktor som det er nødvendig å trekke fram, er **klimaendringar**. Sjølv om kollapsen i sjøfuglbestandane kom så brått at den utan tvil kan tilskrivast den samtidige kollapsen i viktige fiskeslag i Nordsjøen, er det sannsynleg at klimaendringar er ein av fleire viktige faktorar som hindrar sjøfuglbestandane i å bygge seg opp igjen. Førekomsten av raudåte, *Calanus finmarchicus* minkar i Nordsjøen og blir erstatta av den meir varmetolerante slektingen *C. helgolandicus*, som gyt seinare på året. Denne endringa i tilgangen på dyreplankton til rett tid kan i seg sjølv påverke overlevinga av fiskelarvar langs kysten, i tillegg til eventuelle meir direkte verknader av ein aukande havtemperatur. Dette lover ikkje godt for den vidare utviklinga av sjøfuglbestandane.

17,5 tonn sjøfuglar i Sogn og Fjordane

Det hekkar for tida om lag 6 400 par «ekte» (fiske- og krepsdyrspisande) sjøfuglar i sjøfuglreservata i Sogn og Fjordane. Legg vi til svært romslege anslag for ikkje-hekkande individ og sjøfuglar utanom reservata, kan vi truleg runde det samla talet opp til knapt 25 000 individ før hekketida.

Lundefuglen utgjer nesten 2/3 av hekkebestanden av sjøfugl i fylket, og har ei vekt på om lag 500 gram. Svartbaken er den største sjøfuglen og veg i snitt om lag 1800 gram, mens ei raudnebbterne veg rundt 100 gram. Vi kan truleg bruke ei vekt på 700 gram for ein gjennomsnittleg sjøfugl, noko som tilsvarer ein samla biomasse av alle sjøfuglane i Sogn og Fjordane på 17 500 kg.

Litteratur

- Anker-Nilssen, T., Barrett, R.T., Lorentsen, S.-H., Strøm, H., Bustnes, J.O., Christensen-Dalsgaard, S., Descamps, S., Erikstad, K.E., Fauchald, P., Hanssen, S.A., Lorentzen, E., Moe, B., Reiertsen, T.K. & Systad, G.H. 2015. SEAPOP. De ti første årene. Nøkkeldokument 2005-2014. – SEAPOP, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Polarinstitutt & Tromsø Museum – Universitetsmuseet. Trondheim, Tromsø.
- Ankarstrand Larsen, V. 2008. Hekkende sjøfugl i Rogaland 2008. Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernnavdelingen.
- Brun, E. 1973. Nye hekkeforekomster av krykkje, *Rissa tridactyla*, på kyststrekninga Stad – Hitra. Sterna 12, 218-222.
- Braanaas, A. 2014. Fuglelivet i Sørsværet naturreservat. Norsk Sjøfuglsenter, rapport 2014.
- Cairns, D. 1979. Censusing hole-nesting auks by visual counts. Bird-Banding, vol 50, nr. 4.
- Christie, H., Fredriksen, S & Rinde, E. 1998. Regrowth of kelp and colonization of epiphyte and fauna community after kelp trawling at the coast of Norway. Hydrobiologia 375 (376):49–58
- Escobar-Lux, R.H., Fields, D.M., Browman, H.I., Shema, S.D., Bjelland, R.M., Agnalt, A-L., Skiftesvik, A.B., Samuelsen, O.B. & Durif, C.M.F. 2019. The effects of hydrogen peroxide on mortality, escape response, and oxygen consumption of Calanus spp. FACETS 4, no. 1 (2019): 626-637.
- Follestad, A. & Lorentsen, S-H. 2011. Takseringsmanual for måker, terner, skarv, teist, ærfugl og grågås. - NINA rapport 716.
- van Franeker, J.A., Kühn, S., Anker-Nilssen, T., Edwards, E.W.J., Gallien, F., Guse, N., Kakkonen, J.E., Mallory, M.L., Miles, W., Olsen, K.O., Pedersen, J., Provencher, J.F., Roos, M., Stienen, E., Turner, D.M., van Loon, W.M.G.M. 2021. New tools to evaluate plastic ingestion by northern fulmars applied to North Sea monitoring data 2002-2018. *Marine Pollution Bulletin* 166.
- Gjøsæter, H., Haug, T., Hauge, M., Karlsen, Ø., Knutsen, J.A., Røttingen, I., Skilbrei, O. & Sunnset, B.H. 2010: Havforskningsrapporten 2010. Fisken og havet, særnummer 1-2010.
- Godø, G. 1978. Sjøfugl i Sogn og Fjordane. Rapport frå registreringar på kysten av Sogn og Fjordane 1978. Stensilttrykk.
- Godø, G. 1979. Sjøfugl i Sogn og Fjordane. Rapport fra registreringar i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommuner sommaren 1979. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Utbyggingsavdelinga.
- Godø, G. 1982. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1982. Rapport, Ålesund.
- Godø, G. 1983. Sjøfuglregistreringar i Sogn og Fjordane sommaren 1983. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernnavdelinga.
- Godø, G. 1984. Rapport frå sjøfuglregistreringane i Sogn og Fjordane sommaren 1984. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernnavdelinga.
- Godø, G. 1994. Registrering av sjøfugl i Selje, Vågsøy, Bremanger og Flora 3.-14. juni 1994. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernnavdelinga.
- Godø, G. 1995. Registrering av sjøfugl i Sogn og Fjordane i 1994 og 1995. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernnavdelinga.

- Godø, G. 2000. Registrering av kyst- og sjøfuglbestandar og tilstandsvurdering av sjøfuglreservat i Selje, Vågsøy, Bremanger, Flora og Askvoll kommunar 01.-16.06.2000. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga.
- Grefsrud, E.S., Karlsen, Ø., Kvamme, B.Ø., Glover, K., Husa, V., Hansen, P.K., Grøsvik, B.E., Samuelsen, O., Sandlund, N., Stien, L.H., og Svåsand, T. 2021. Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2021- risikovurdering. Rapport frå havforskningen 2021-8.
- Grieg, J.A. 1889. En zoologisk exkursion til Husøyen. Del VI i Bergens Museums Aarsberetning for 1889. John Griegs bogtrykkeri.
- Husa, V., Hansen, P.K., Bannister, R. & Kutti, T. 2018. Utslipp av partikulære og løste stoffer frå matfiskanlegg. Kapittel 6 i Grefsrud, E.S., Glover, K., Grøsvik, B.E., Husa, V., Karlsen, Ø., Kristiansen, T., Kvamme, B.O., Mortensen, S., Samuelsen, O.B., Stien, L.H. & Svåsand, T. (red.) Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2018. Fisken og havet, særnr. 1-2018.
- Høy, E., Sunde , L.M. og Bjelland, H.V. 2013. Hvor mye laks er det egentlig i merden? Norsk Fiskeoppdrett 2/2013.
- Johansen, O. & Ervik, A. 1977. Rapport om sjøfuglundersøkelser i Sogn og Fjordane 1.7.-17.7. 1977. Stensilttrykk.
- Johnsen, E., Sørhus, E., de Jong, K., Lie, K.K. og Grøsvik, B.E. 2021. Kunnskapsstatus for havsil i norsk sone av Nordsjøen. Rapport fra havforskningen, 2021-33.
- Larsen, T. 2005. Sjøfuglteljingar i Sogn og Fjordane i 2003 og 2004. Hekkefuglteljingar i sjøfuglreservata. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 6-2005.
- Larsen, T. 2014. Sjøfuglane i Sogn og Fjordane. Ti års bestandstellingar 2004-2013. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 6-2013.
- Larsen, B.H. 2006. Sjøfuglregistreringer på Vågsøy i Sogn og Fjordane i perioden 1999-2006. Miljøfaglig Utredning Rapport 2006:74.
- Lorentsen, S-H. 1989. Det nasjonale overvåkingsprogrammet for hekkende sjøfugl. Takseringsmanual. Utgave 2, mai 1989.
- Lorentsen, S-H., Sjøtun, K. & Grémillet, D. 2010. Multi-trophic consequences of kelp harvest. Biological Conservation 143: 2054–2062.
- Steen, H., Moy, F., Bodvin, T. & Husa, V. 2016. Regrowth after kelp harvesting in Nord-Trøndelag, Norway. ICES Journal of Marine Science 73: 2708–2720.
- Sælen, O.H. & Barthel, K. 2020. *Nordsjøen* i Store norske leksikon på snl.no. Henta 31. oktober 2021 frå <https://snl.no/Nordsj%C3%B8en>
- Willgoths, J.F. 1952. Fra fuglelivet i Utvær. Fauna 1 (1952): 18-32.
- Willgoths, J.F. 1957. Litt om sjøfugl på Vestlandskysten. Side 8-14 i *Naturvern i Norge*, Landsforbundet for naturvern i Norge, årsskrift 1956.